



Sveio kommune

# Kulturmiljøplan for Sveio

Kommunedelplan for kulturminne og  
kulturmiljø

2026-2036

Høringsutkast 01.06.2026



# Innhald

## Forord

### Samandrag og konklusjonar

#### Del 1 Forankring, definisjonar og målsetjingar

- 1.1 Innleiing
- 1.2 Kva er kulturminne, og korleis blir dei verna? Definisjonar.
- 1.3 Kvifor kulturminneplan? Forankring, mål og metode
- 1.4 Aktørar og ansvarsdeling i kulturminnevernet
- 1.5 Kva omfattar «Kommunedelplan for kulturminne i Sveio»?

#### Del 2 Tema – kulturminne og kulturmiljø i historisk og tematisk samanheng

- 2.1 Historisk oversyn
- 2.2 Arkeologiske kulturminne
- 2.3 Nyare tids kulturminne

#### Del 3 Verdisetjing og prioritering

- 3.1 Val av tema
- 3.2 Grunnlag for prioriteringar
- 3.3 Utfordringar i vernearbeidet
- 3.4 Vernekategoriar

#### Del 4 Forvaltning av kulturminne

- 4.1 Plangrunnlag
- 4.2 Kriterium og verneklassar
- 4.3 Verkemiddel

#### Del 5 Handlingsplan

- 5.1 Innsats overfor eigarar av kulturminne
- 5.2 Bruk og formidling
- 5.3 Tiltak
- 5.4 Konsekvensar av planen

#### Vedlegg:

- 1 Omtale av omsynssoner, klasse A
- 2 Liste over verneverdige kulturminne, klasse B
- 3 Kart over omsynssoner
- 4 Handlingsplan

## Forord

Har du nokon gong tenkt over kva som gjer ein stad spesiell ?

Ofte ser du svaret rundt deg i form av kulturminne og kulturmiljø. Desse ressursane som byggjar opp om stadane, om identiteten vår, og vårt felles minne og historie.

Dei er ein viktig del av vår felles kulturarv. Om du held auga opne når du dreg rundt så ser du at mange stadar byrjar å sjå veldig like ut. Utan kulturminne og kulturmiljø blir stadar gjerne standardiserte og einsarta. Kanskje og litt kjedelege?

Dette er ein av grunnane til at det blir stadig viktigare å ta vare på kulturminne og kulturmiljø. Utan desse synlege spora frå fortida kan me fort bli historieløyse og utan røter. Det er ikkje lett å finna plassen sin i verda, og strekka seg lengre, om røtene manglar.

Me håpar at denne kulturminneplanen kan bidra til at me vernar om vår del av kunnskapsgrunnlag for framtidens generasjonar. At han gir lyst til å engasjera seg i kulturminnevernet. Og sjølv sagt at han bidreg til god samfunnsutvikling gjennom å stimulera til vidareutvikling og ny bruk.

Gjennom ny bruk tek me vare på spora etter dei før oss, samtidig som me legg til rette for utvikling og god ressursutnytting. Ikkje minst er det viktig at kulturarven representerer oss alle. Me er jo så ulike. Derfor er variasjon viktig. Og i kulturminneplanen du les i no viser me eit utval av det mangfaldet av kulturmiljø som me har her i Sveio.

Og er du den heldige eiar av eit kulturminne og kulturmiljø så har du ein unik moglegheit til å vera ein del av eit lang kunnskapskjede i historia. Ofte er kulturminne og kulturmiljø dei einaste kjeldene me har som kan gi oss kunnskap om fortida. Her opnar det seg mange moglegheiter for dei som vil.

Me blir gjerne med og støttar deg på vegen.

Vennleg helsing

**Bente Marie Johansen**

Leiar

Eining for Samfunnsutvikling



*Det einaste anlegget i Sveio som er vedtaksfreda, Einstadbøvoll gard, var eit av dei første anlegga i landet som blei freda av Riksantikvaren. Dette skjedde alt i 1923, og i år kan garden såleis markera 100 år som freda.*

## **Oppsummering – endringar i ny plan**

Hovudmålet med den første kulturminneplanen frå 2015 var å få ein betre oversikt over kulturminna i kommunen, og å gjera ei vurdering av verneverdi. Ut frå dette blei det utarbeidd ein forvaltningsplan og ein handlingsplan for lokale kulturminne. Dei aller fleste kulturminna er ikkje freda og har eit svakt juridisk vern. Planen har vore viktig for forvaltninga av kulturminne i Sveio, og den nye kulturmiljøplanen byggjer vidare på dette arbeidet. Det er lagt vekt på at vern og bruk av kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegginga og ein ressurs i utviklinga av kommunen. Vern av kulturminne og ombruk av eksisterande bygningar som viktige verkemiddel i arbeidet med å redusera utsleppa av klimagassar er òg vektlagt i planen.

Gjennom kulturmiljøplanen er om lag 20 prosent av dei registrerte kulturminna (dvs einskildobjekt i klasse A) verna lokalt med omsynssone etter Plan- og bygningslova. Ein del spesielle bygningstypar og kulturmiljø er vurderte som verneverdige («Kommunalt listeførte», klasse B). Desse har ikkje omsynssone i det nye planforslaget. Det er utarbeidd nye retningslinjer til omsynssonene for å gjera dei tydelegare overfor eigarane og til eit betre verktøy for forvaltninga. Ein del av omsynssonene er justerte og kunnskapsgrunnlaget (del 2) er oppdatert i samsvar med dagens situasjon.

## Del 1 Bakgrunn, definisjonar og målsetjingar

### 1.1 Innleiing

Arbeidet med å få kulturminneplanar for alle kommunar i landet starta på initiativ frå Riksantikvaren i 2011. Sveio var ein av kommunane som fekk tilskott. Den første planen blei vedteken i 2015.

Kulturmiljøplanen for Sveio (i 2015 kalla «Kommunedelplan for kulturminne», no «Kommunedelplan for kulturmiljø») omfattar det geografiske området som i dag er Sveio kommune. Fram til 1964 var området delt mellom Valestrand, Vikebygd og Sveio kommunar. Nokre av gardane i noverande Sveio kommune har òg høyrd til Skjold kommune.

I samband med utarbeidinga av det første plandokumentet blei det gjennomført ei omfattande lokal registrering av kulturminne. Registreringa byggjer mellom anna på tidlegare registrert materiale, som SEFRAK-registeret og Riksantikvaren sitt register over freda kulturminne, Askeladden. I tillegg til desse blei ei rekkje kulturminne som ikkje har vore omfatta av tidlegare registreringar tatt med: Først og fremst kulturminne frå 1900-talet og kulturminne frå 1537 til 1900 som ikkje er bygningar. Men det har òg kome inn registreringar av kulturminne som ikkje har vore kjende tidlegare, eller som av andre grunnar ikkje har kome med i tidlegare registreringar. Registreringa har halde fram i perioden etter at planen blei vedtatt. Til saman er over 2500 einskildobjekt registrerte. Rundt 20% av desse er omfatta av omsynssone. I verdivurderinga er kulturminne som dannar heilskaplege miljø prioritert.

Registreringsarbeidet som blei gjennomført i 2011 – 2013 var støtta av Riksantikvaren og gjennomført i regi av frivillige lokale lag. Planen omfattar dei kulturminna me kjenner til per i dag. Sveio har svært mange kulturminne, og trass i omfattande registrering vil det vera kulturminne som ikkje er registrerte og omfatta av planen. Lista over registrerte kulturminne må såleis ikkje sjåast på som uttømande eller statisk, men vil bli supplert og oppdatert med endringar etter kvart.

Tekstane til temaplanen er skrivne på grunnlag av det innsamla materialet i kombinasjon med skriftlege kjelder, som Sveio gards- og ættesoge og andre lokalhistoriske bøker og artiklar, og munnlege kjelder. Lokalhistorikar Sverre Halleraker har skrive tekstar om tema som har vore viktige for utviklinga i Sveio. Nokre tema har fått spesielt utfyllande omtale og er lagt inn i eigen «boks». Kulturminne i Sveio er i all hovudsak knytt til jordbruk og sjøbruk. Slike kulturminne er difor spesielt vektlagde i planen.

I samband med rulleringa er det gjort mindre endringar og oppdateringar i tekstdelen til planen. Det er òg gjort endringar i omsynssonene i samsvar med dagens situasjon.

### 1.2 Kva er kulturminne, og korleis blir dei verna?

**Kulturminne** er alle spor etter menneska sitt liv og virke i det fysiske miljøet. Omgrepet omfattar også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Naturelement som har kulturhistorisk verdi er òg kulturminne, eller kan inngå som del av eit kulturminne. Kulturminne kan

til dømes vere bygningar, hagar, gravhaugar, helleristningar, båtar eller vegfar. Desse kan vere frå tidlegare tider eller frå vår eiga tid. Me skil mellom lause og faste kulturminne.

Eit **freda kulturminne eller kulturmiljø** er eit kulturminne/-miljø som myndigheitene gir så stor verdi at det må takast vare på for ettertida. Freding er den strengaste forma for vern. Det vil seie at eventuelle inngrep eller endringar må godkjennast av myndigheitene. Kulturminne eldre enn 1537, og ståande bygningar frå før 1650, er automatisk freda. Andre kulturminne kan vedtaksfredast av Riksantikvaren. Kulturminnelova er lovgrunnlag i fredingssaker.

**Omsynssone for kulturmiljø:** Ei omsynssone er eit område avmerka i offentleg arealplan der det skal takast særskilde omsyn ved bruk og utnytting av arealet. Omsynssoner for kulturmiljø er merka i plankart med kode H570 c). Dette er kommunen sin måte å verna eller sikra kulturminne av lokal eller regional verdi. Omsynssone er ei «mild» form for vern der det er mogleg å gjera tiltak i området, men dei må gjerast i samråd med kommunen og på ein måte som tek omsyn til kulturmiljøverdiane.

**Verna kulturminne** Eit kulturminne som er verna ved lov eller andre verkemiddel. Dei viktigaste lovene er kulturminnelova, plan- og bygningslova, kyrkjelova, svalbardmiljølova og naturmangfaldlova. Omsynssoner, som er verkemiddelet nytta i kulturmiljøplanen, er heimla i Plan- og bygningslova. Andre verkemiddel for vern er statlege verneplanar, kyrkjerundskrivet, avtaler, listeføring, tilskotsordningar med meir.

**Verneverdig/bevaringsverdig** Eit verneverdig kulturminne» er eit kulturminne som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Nemningane verneverdig og bevaringsverdig tyder det same og blir brukt om einannan. Normalt vil det vere kommunane som sikrar vern av slike kulturminne ved hjelp av Plan- og bygningslova. Det er hovudsakleg desse kulturminna planen omfattar. Dei fleste verneverdige kulturminne er ikkje formelt verna etter plan- og bygningslova eller kulturminnelova. Mange blir likevel tekne vare på fordi dei blir oppfatta som verdifulle av eigarar og brukarar.

**Kulturmiljø:** Eit område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Naturelement med kulturhistorisk verdi kan vere ein del av eit kulturmiljø. Kulturmiljø kan for eksempel vere eit gardstun, eit tettstadsområde, eit område med sjøbruksbygningar eller eit industriområde med fabrikkar og bustader. I den nye kulturmiljømeldinga (Meld.St 16, 2020) er «kulturmiljø» innført som ei samlande nemning som omfattar omgrepa «kulturminne, kulturmiljø og -landskap» når feltet blir omtala som ein heilskap. I samsvar med dette er tittel og omgrepsbruk endra i den nye planen.

**Listeførte kulturminne:** Ein annan måte å markere verneverdi på, kan vere listeføring. Omgrepet blir brukt om kulturminne som etter ei kulturhistorisk vurdering er identifisert som verneverdig og oppført på ei liste over objekt som skal forvaltast på ein nærmare definert måte. Både kulturminne som er formelt verna (ved lov eller forskrift) og kulturminne utan formelt vern kan vere listeførte. Døme på slike lister er Riksantikvaren si fartyliste og lista over bevaringsverdige norske kyrkjer. I samband med kulturminneplanen er det laga lokale lister over nokre spesielle bygningstypar, som eldhus og jordkjellarar, og andre bygg som i planen er definerte som lokalt verneverdige, men ikkje

formelt verna (klasse B).

## Kulturminneregister

### SEFRAK

SEFRAK (forkorting for Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminne) er eit landsdekkande register over alle bygningar og restar etter bygningar frå før år 1900. I samband med denne registreringa blei det gjort feltarbeid i alle kommunar i åra 1973 – 1995. Dette er eit generelt kulturhistorisk register der det ikkje er gjort nokon vurderingar av verneverdi for dei ein skilde objekta. I Sveio blei SEFRAK-registreringane gjennomført i 1992 – 97. Det er gjort eit grundig arbeid med registreringa, og dette har vore eit godt grunnlagsmateriale i arbeidet med kulturminneplanen. SEFRAK-registreringane er tilgjengelege i Askeladden og ulike andre digitale kart.

### Askeladden

Askeladden er Riksantikvarens offisielle database over kulturminne og kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova, eller kulturminne fagleg vurdert som verneverdige i Norge. Databasen er forbeholdt sakshandsamarar i forvaltninga. Informasjon om registrerte kulturminne, kulturmiljø og landskap er tilgjengeleg for publikum gjennom **Kulturminnesøk** (kulturminnesok.no), som òg omfattar kulturminne utan formell vernestatus.

## 1.3 Kvifor kulturminneplan? Forankring, mål og metode

Kulturminne er ein ikkje-fornybar ressurs, og kulturminne forsvinn stadig. Viktige lokale kulturminne har gått tapt medan me har arbeidd med planen. Utan ein samla oversikt over kva me har, og ut frå det ei vurdering av kva som har spesiell verdi for oss, veit me ikkje kva me skal prioritera å ta vare på.

### 1.3.1 Nasjonale mål

Den overordna kulturminneforvaltninga i Norge er lagt til Klima- og miljødepartementet, ved Riksantikvaren. I samband med Melding St. 16: "Nye mål i kulturmiljøpolitikken: Engasjement, bærekraft og mangfold", som blei lagt fram i april 2020, er det sett opp tre nye nasjonale mål for kulturmiljøpolitikken. Desse erstattar dei tidlegare måla.

- *Alle skal ha mulighet til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø*
- *Kulturmiljø skal bidra til bærekraftig utvikling gjennom helhetlig samfunnsplanlegging*
- *Et mangfold av kulturmiljø skal tas vare på som grunnlag for kunnskap, opplevelse og bruk*

### 1.3.2 Berekraftmåla:



Medlemslanda i FN har vedteke 17 mål for berekraftig utvikling fram mot 2030. Berekraftsmåla ser utvikling som gjeld miljø, sosiale tilhøve og økonomi i samanheng. Dei gjeld for alle land og er eit vegkart for den globale innsatsen for ei berekraftig utvikling. Måla er universelle og legg føringar for alle politikkområde, inkludert kulturmiljøpolitikken. Berekraftig utvikling inneber ei samfunnsutvikling der dagens behov skal dekkast utan å øydeleggja framtidige generasjonar sitt høve til å få dekkja sine behov. Innsats for å verne om og sikre kulturarva i verda er omtala i delmål **11.4**: *Styrke innsatsen for å verne om og sikre verdens kultur- og naturarv.*

Også andre av delmåla kan knytast til vern og bruk av kulturarva:

**8.9)** *Innan 2030 utarbeide og setje i verk politikk for å fremje ei berekraftig turistnæring som skapar arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt*

**12.5)** *Innan 2030 redusere avfallsmengda vesentleg gjennom førebygging, reduksjon, attvinning av materiale og ombruk*

**12.b)** *Utvikle og innføre metodar for å måle effekten av berekraftig reiseliv som skaper arbeidsplassar og fremjar lokal kultur og lokale produkt*

Kulturmiljø blir verna og bevart for at dei skal kunna vera der for framtidige generasjonar. Endring, bruk og utvikling må under alle høve vegast mot framtidige behov, og ein må hindra at endringar gjer at kulturmiljø og kulturminne ikkje lenger er tilgjengelege for framtida. Mange kulturminne gror igjen eller står til forfalls, og kvart år blir fleire av dei rivne eller fjerna. Ifølge eit nasjonalt miljøovervakingsprogram har til dømes 28 % av bygg frå før 1900 gått tapt sidan 1975. Samstundes forsvinn det kvart år ei mengd eldre kulturminne som gravhaugar og tufter på grunn av jordbruk og bygge- og anleggsarbeid.

Dei siste åra er det gjort fleire undersøkingar som viser at dei mest berekraftige bygningane er dei som alt er bygd. Restaurering og av eksisterande bygningar fører til langt lågare klimautslepp enn

riving og bygging av nye bygg. Vern av kulturarven har potensiale for å bli ein ressurs i arbeidet med å redusere påverknaden samfunnet har på klimaet.<sup>1</sup>

### 1.3.2 Lokale mål for planarbeidet

#### Hovudmål

Målet med den første kulturminneplanen var å auka kunnskapen om lokale kulturminne i Sveio, og å få eit godt grunnlag for ein heilskapleg framtidig kulturminneforvaltning. Dette målet er langt på veg nådd, men målsetjinga blir vidareført i den nye planperioden med denne formuleringa:

*Kulturminneplanen skal bidra til å styrka kunnskapen om kulturmiljø i Sveio, og vera eit godt grunnlag for ei heilskapleg kulturmiljøforvaltning. Vern og bruk av kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegginga og ein ressurs i utviklinga av kommunen.*

#### Delmål

I planprogrammet er delmåla med rulleringa formulert slik:

- å oppdatera planen i samsvar med dagens situasjon
- å endra retningslinjer og føresegrer for omsynssonene slik at dei samsvarar med Plan- og bygningslova. Oppdatera kart over omsynssonar.
- Å gjera forvaltninga/handsaminga av verna kulturminne meir eintydig og oversiktleg for eigarar og sakshandsamarar

### 1.3.4 Registrerte kulturminne

Riksantikvaren sitt register over arkeologiske kulturminne omfattar per i dag (2025) 201 lokalitetar i Sveio. Alle kulturminne frå før reformasjonen (1536) er automatisk freda. Einstadbøvoll gard er det einaste kulturminnet i Sveio som er freda etter vedtak. Kulturminne som er kommunalt verna med omsynssone (klasse A) er lagt inn i Askeladden etter at kulturminneplanen blei vedtatt i 2015.

SEFRAK-registeret for Sveio omfattar 1746 bygningar og restar etter bygningar frå før 1900.

I 2011 – 2015 blei det gjort ei omfattande lokal registrering der det òg blei lagt vekt på å ta med kulturminne som verken var registrert i Askeladden eller SEFRAK. Dette gjeld alle typar anlegg som ikkje er bygningar frå tida 1537 – 1900, og kulturminne frå tida etter 1900. I tillegg blei SEFRAK-registeret gjennomgått. Desse registreringane er den viktigaste kjelda til informasjon som kulturminneplanen byggjer på. Registreringa har halde fram i løpet av planperioden etter kvart som ein er gjort kjend med nye kulturminne. Til saman er det registrert rundt 2500 kulturminne i Sveio. Registreringa vil likevel aldri bli komplett. Mellom anna vil det etter kvart bli behov for å registrere og vurdere kulturminne som er nyare enn det dagens plan hovudsakleg omfattar.

### 1.3.4 Status for kulturmiljøfeltet i Sveio kommune

Det å få ein kulturminneplan har gjort ein stor skilnad i Sveio kommune sitt arbeid med kulturmiljø. På grunnlag av planarbeidet har me fått oversikt over kva som finst av kulturminne og kulturmiljø i kommunen, og langt klårare rammer for korleis dei skal forvaltast. Som oppfølging av planen er det

---

<sup>1</sup> «Bevaring er mest bærekraftig». Rapport frå Riksantikvaren 2021

laga interne retningslinjer for kommunen si handtering av kulturminnesaker. Planen har òg gjort det mogleg å gje langt betre rettleiing til eigarar av kulturminne. Resultatet ser ein mellom anna ved at mange har søkt, og fått, tilskott til restaurering gjennom ulike ordningar.

I 2016 blei kulturminneplanen gitt ut i bokform, med fleire bakgrunnstekstar og meir bilete enn i plandokumentet. Målet med bokutgjevinga var å gjera kunnskapen om lokale kulturminne meir ålment tilgjengeleg. Boka er òg spreidd til skulane. Sjølv om noko av informasjonen er endra med den nye kulturmiljøplanen er sjølve kunnskapsgrunnlaget det same og boka er såleis framleis aktuell. Også i denne perioden har nokre kulturminne fått redusert (kulturminne)verdi eller har blitt fjerna heilt. Etter 2015 har om lag 30 registrerte kulturminne (som me kjenner til) blitt rivne/fjerna eller borte på annan måte. Hovudårsakene til redusert kulturminneverdi er forfall, riving og modernisering. Den viktigaste erfaringa er likevel at gjennom godt samarbeid mellom eigar, kommunen og ekstern fagkompetanse er det mogleg å finna gode løysingar som sikrar at viktige verdiar blir bevarte.

Frå 2021 har det vore eit regionalt samarbeid på kulturmiljøfeltet i Sunnhordland, støtta av Riksantikvaren og Vestland fylkeskommune. Målet er å styrka kommunane sin kompetanse på forvaltning av kulturmiljø, og å sjå på moglegheitene for å etablere eit regionalt kompetansesenter eller bygningsvernsenter. Dette arbeidet har bidratt til å heva det faglege nivået i kommunane, og riksantikvaren har gitt tilskot til å vidareføra arbeidet med eit prosjekt som har fokus på bevaring og ny bruk av sjøbruksbygningar i regionen.

### **1.3.5 Utfordringar**

Ressursar til å hjelpa private eigarar å ivareta eigne bygningar er ei hovudutfordring. Dette gjeld både økonomiske ressursar (tilskotsordningar) og høve til å bidra med fagkompetanse i restaureringsprosjekt. Fleire får tilskot no enn tidlegare, men mange når ikkje opp og ofte er bidraga for små til å dekkja ekstrakostnadane med ei antikvarisk forsvarleg restaurering.

Ei viktig utfordring er at det blir sett i verk tiltak utan at kommunen blir kontakta eller fagkompetanse involvert. Mange av desse tiltaka er positive og uproblematiske, men det blir òg gjort søknadspliktige endringar på ein del bygg utan at kommunen blir kontakta. Utsifting av originaldeler gjer at kulturminneverdien blir redusert bit for bit. I mange tilfelle har ikkje tiltakshavar kjennskap til at tiltaket er søknadspliktig. Eigarar har ansvar for sjølv å setja seg inn i kva vilkår som gjeld, men kommunen har òg eit ansvar for å informera og tilby rettleiing i korleis tiltaka kan gjennomførast i samsvar med desse vilkåra. I den nye planen er det laga nye, meir konkrete retningslinjer til omsynssonene i tråd med tilbakemeldingar om at desse har vore for uklåre.

Forfall er ei anna utfordring. Forfallet trugar særleg kulturminne som har gått ut av bruk, som naust og uthus. Særleg er det grunn til uro for nokre av dei mest verdifulle naustmiljøa i kommunen. Kommunen har gått aktivt ut for å komma i dialog med eigarar og sjå korleis ein kan finna løysingar på dette.

Ønske om å sanera og utvikla kulturmiljøområde med ny bygningsmasse er òg ei utfordring. Førebels har det vore få slike saker i Sveio, men dette er truleg ei problemstilling som vil gjera seg gjeldande i

stadig større grad, og kanskje særleg i strandsona. Ei viktig oppgåve framover blir å sjå på korleis ein kan finna løysingar som tek omsyn til både vern og utvikling.

## 1.4 Aktørar og ansvarsdeling

### 1.4.1 Sveio kommune sitt ansvar og rolle

Kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å ivareta kulturminne og kulturmiljø. Kulturminne er uerstattelige verdiar, og det er eit stort ansvar å forvalta dei. For å ha ei god forvaltning må me ha god oversikt over dei kulturminna som finst i kommunen, og kunnskap om verkemidla som kan brukast for å ta vare på dei.

Kommunane har hovudansvaret for forvaltninga av nyare tids kulturminne, først og fremst gjennom handheving av Plan- og bygningslova. Men kulturmiljøforvaltning handlar òg i stor grad om kunnskap og formidling. Lokalkunnskap er ein grunnleggjande føresetnad for å kunna finna gode løysingar i samarbeid med private eigarar av kulturminne. Kulturmiljøplanen skal vera ein reiskap både for forvaltninga og for formidling av kunnskap. Gode rutinar for handsaming av saker som omfattar kulturmiljø er eit viktig tiltak i oppfølginga av kulturminneplanen, sjå handlingsplanen.

Ansvaret for forvaltning av kulturmiljø må òg sjåast i samheng med andre viktige samfunnsområde som folkehelse, friluftsliv, skule, reiseliv, landbruk og natur- og klimatiltak. Kulturmiljøfeltet er sektorovergripande og ansvar og oppgåver er plassert fleire stader i kommunen, med hovudvekt på kultur og plan/byggjesak. Frå 2023 er kulturarvfeltet lagt til den nyoppretta avdelinga for samfunnsutvikling. Felles kunnskap og forståing er sentralt for å sikre god forvaltning og prioriteringar i arbeidet med kulturarva.

Sveio kommune er òg eigar av nokre kulturminne. Det er viktig at dei ulike avdelingane i kommunen har oversikt over og kunnskap om eigne kulturminne, slik at ein sikrar bruk og vedlikehald til beste for fellesskapet. Bua gamle skule er døme på eit kulturminne i kommunal eige.

### 1.4.2 Eigarar av kulturminne

Ein stor del av kulturminna er i privat eige, og bevaring er avhengig av eigar sin interesse, ressursar og engasjement. Kunnskap og tilgang på ressursar er ofte dei største utfordringane for private eigarar av kulturminne. Fordi eigarane ofte tek vare på kulturminneverdiar på vegner av fellesskapen, har det offentlege eit ansvar for å støtta dei i dette arbeidet. Moglegheiter og vilkår for dei som eig viktige kulturminne er nærare omtala i siste del av planen.

### 1.4.3 Dei frivillige organisasjonane

Mange frivillige organisasjonar har lokal historie og identitet som viktige arbeidsområde. Dei tek initiativ, har kunnskap og eit viktig engasjement for å verna kulturminne. Lokalt har me ei rekkje organisasjonar som arbeider med forvaltning og formidling av lokal kulturarv. Det gjeld mellom anna bygdelaga, Sveio kystlag, Sveio gullforening og andre.

Nasjonalt er det etablert fleire organisasjonar som gjer ein viktig innsats i arbeidet med kulturarva. Stiftinga Norsk kulturarv arbeider med haldningsskapande verksemd og inspirasjon, og deler ut kvalitetsmerket Olavsrosa. Fortidsminneforeningen er Europas eldste kulturvernorganisasjon, og er både eigar av kulturminne og pådrivar for offentlig og privat vernearbeid. Kulturvernforbundet er ein nasjonal paraplyorganisasjon som arbeider for å betra vilkåra for det frivillige kulturvernet. Landslaget for lokalhistorie og Forbundet Kysten er andre landsorganisasjonar med lokallag som er viktige aktørar i arbeidet med å formidla og forvalta kulturarva.

#### 1.4.4 Musea

**Sunnhordland Museum** er regionalt ansvarsmuseum for alle dei åtte kommunane i Sunnhordland (Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes).

Museet dokumenterer regionen si historie gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling. Museet skal fremja interesse for kunnskap om fortida, og stimulera både innbyggjarar og besøkande si interesse for regionhistoria. Sunnhordland museum forvaltar nær 50 antikvariske bygningar, og har administrasjonslokale i Leirvik på Stord. Museet forvaltar eigedomar i fleire av kommunane i regionen, men har ingen faste lokalitetar eller eigedomar i Sveio.

Museet tilbyr òg rådgivingstenester for innbyggjarane i regionen innan bygningsvern, samlingsdrift, formidling og bevaring. Bygningsvernkonsulenten i Sunnhordland, som har kontorstad på museet, bidreg med kompetanse både overfor kommunane og private eigarar av verneverdige bygningar. Denne tenesta er finansiert av fylkeskommunen.

**Universitetsmuseet i Bergen** er utgravande instans og fagleg rådgjevar for fylkeskommunen og Riksantikvaren når det gjeld automatisk freda, arkeologiske kulturminne på land og undersøkinga av desse. Museet er òg samlingsforvaltar for lausfunn og har ansvar for kunnskapsproduksjon og formidling.

#### 1.4.5 Fylkeskommunen

Fylkeskommunen er forvaltningsstyresmakt med myndigheit etter kulturminnelova ivaretek ei rekkje statlege og regionale oppgåver innafor kulturmiljøvernet. I samband med regionreforma er oppgåver overført frå Riksantikvaren til Fylkeskonservatoren.

Vestland fylkeskommune er i dag delegert kulturmiljømynde både for automatisk freda kulturminne og kulturminne av nasjonal verdi. Målet er at omsyn til dei ulike kulturmiljøverdiane på beste måte skal sikrast gjennom lokal og regional arealplanlegging og skal danna grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling.

Fylkeskommunen har ansvar for at kulturmiljø blir teke omsyn til i samfunns- og arealplanlegginga. Dei gjev fråsegn til tiltak og planar som rører ved kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av regional og nasjonal verdi, og har ansvar for å gjennomføra arkeologiske registreringar i plansaker. Ansvar for skipsfunn, fartøy med status som freda eller verna, dei fleste forskriftsfreda eigedomane, fleire tekniske og industrielle anlegg og ikkje-kyrkjelege mellomalderbygningar er lagt til fylkeskommunalt nivå frå 2020, i samband med regionreforma.

Fylkeskommunen forvaltar fleire tilskotsordningar knytt til vern av kulturmiljø. For nokre av desse blir det stilt krav om at kommunar som søker skal ha vedtatt kulturminneplan. Fylkeskommunen gjev generell rettleiing og kan gje råd i einskildsaker om riving, vedlikehald eller ombygging av verneverdige bygningar.

#### 1.4.6. Statleg mynde og ansvar

Klima- og miljødepartementet har hovudansvar for utforming og oppfølging av den nasjonale kulturmiljøpolitikken.

Riksantikvaren er direktorat for kulturmiljøforvaltning med ansvar for gjennomføring av den statlege kulturmiljøpolitikken. I samband med regionreforma er nokre forvaltningsområde overførte til fylkeskommunalt nivå. Departementet tek endeleg avgjerd i plansaker ved motsegner. I tillegg har dei mynde til å gjera endringar i kommuneplanens arealdel i tilfelle der nasjonale interesser er sett til side. Riksantikvaren har ansvar for den nasjonale fordelinga av tilskotsmidlar til fylkeskommunane,

og har forvaltningsansvaret for utvalde kulturmiljø av nasjonal verdi og av freda og listeførte kyrkjebygg.

Riksantikvaren har utarbeidd ein strategi for arbeid med kulturarv i kommunane. Her er dei nasjonale forventningane og tilrådingane til kommunane i arbeidet med kulturarv og kulturmiljøvern formulert. Arbeidet med kulturmiljøplanar i kommunane er del av denne strategien.

### 1.5 Kva omfattar Kommunedelplan for kulturmiljø i Sveio?

Omgrepa kulturmiljø og kulturminne omfattar i vidaste forstand alt menneske har skapt av både faste og lause gjenstandar, spor i landskapet, historier, språk og kultur. Dess nærare me kjem vår eiga tid, dess meir kulturminne har me (med ei så vid definisjon), og dess vanskelegare er det å sjå kva som vil ha ei verdi for ettertida. Difor er ei avgrensing av tema for planen viktig.

Kulturmiljøplanen for Sveio kommune omfattar berre faste kulturminne, det vil seie bygningar og anlegg som er jordfaste. Heilskapelege kulturmiljø der dei einskilde kulturminna står i ein samanheng er prioritert. Det er ikkje sett ei endeleg avgrensing i tid, men omfanget av registreringa minkar når me kjem nærare vår eiga tid. Fram til rundt år 1900 er det aller meste av bygningar og anlegg registrert. Frå tida mellom 1900 og 1945 er det tatt med kulturminne og kulturmiljø som representerer si tid eller spesielle tema på ein historisk leseleg måte. Frå etterkrigstida er det tatt med døme på kulturmiljø som er typiske for si tid. Kva som har verdi som kulturminne ut over dette, vil det i framtida vera ein kontinuerleg prosess å ta stilling til, mellom anna i samband med revisjon og rullering av planen og handlingsprogrammet.

Ei avgrensing vil òg seie at det er mykje planen *ikkje* omfattar. Dette gjeld mellom anna lause kulturminne, båtar, stadnamn, segner (med unntak for segner som er knytt til faste kulturminne) og historier om einskildmenneske og levemåtar. Planen handlar i hovudsak om nyare tids kulturmiljø, som det er kommunen sitt ansvar å leggje rammer for. Det er lagt mindre vekt på freda kulturminne og kulturmiljø som blir forvalta av Riksantikvaren og fylkeskommunen. Dei viktigaste arkeologiske kulturminna er likevel omtala i eit eige kapittel. Kommunen si oppgåve i samband med arkeologiske kulturminne er først og fremst knytt til formidling, i tillegg til sakshandsaming etter plan- og bygningslova.

#### **Kulturmiljø**

I den nye kulturmiljømeldinga (Meld. St. 16) er «Kulturmiljø» nytta som eit samleomgrep. Nemninga dekkjer omgrepa «kulturminne, kulturmiljø og landskap» der feltet som heilskap blir omtala, men erstattar ikkje desse omgrepa når dei blir nytta kvar for seg. Bruken av omgrepet understrekar at heilskap og samanheng er overordna i forvaltninga av kulturminne. I planen har difor «kulturmiljø» erstatta «kulturminne» der dette er relevant.

Også i kulturminneplanen for Sveio frå 2015 er det lagt vekt på å prioritere heilskapelege miljø. Det vil seie at eit einskildobjekt blir vurdert å ha høgare verdi dersom det er del av eit samanhengande miljø, enn om det ikkje lenger er del av den opphavlege samanhengen. Dermed kan òg bygningar og anlegg som i seg sjølv ikkje har høg verneverdi, bli viktige som del av ein heilskap. Sidan dette heile

tida har vore eit viktig premiss har ikkje den nye bruken av omgrepet ført til grunnleggjande endringar av prioriteringane i den nye kulturmiljøplanen.

### **Verneklassar, verdivekting og verdivurdering**

Kulturmiljø og kulturminne som alt er sikra med omsynssone eller vurdert som verneverdige er gjennomgått og vurdert på nytt. Kva som ligg til grunn for desse vurderingane, er det gjort nærare greie for i del 4 av planen. Det er tatt utgangspunkt i Riksantikvaren sin rettleiar for vekting og verdisetjing av kulturminne. I den nye planen er det lagt vekt på at det skal gå klårt fram kva kriteria som ligg til grunn for vernestatus. Det kan likevel finnast kulturminne med høg verneverdi som ikkje er sikra med omsynssone.

### **Oppbygging av planen**

I del 1 er det gjort greie for bakgrunnen for planarbeidet, kva metodar som er brukt og kva som er målet med planarbeidet. I del 2, som er den mest omfangsrrike delen, blir kulturminne og kulturmiljø sett inn i ein historisk og tematisk samanheng. Dette er kunnskapsgrunnlaget som kapittel 3, planforslaget, byggjer på.

Det er knytt døme til kvart tema som er omtala. *Det at eit kulturminne står nemnt i temaplanen, betyr ikkje nødvendigvis at det har ein vernestatus.* Døme på prioriterte kulturmiljø og kulturminne kjem på slutten av kvart hovudtema. Alle verneobjekta er lista opp vedlegga til del 3. Her er det korte omtalar av dei høgast prioriterte kulturmiljøa i kommunen (omsynssonar for kulturminne i klasse A), og lister over verneverdige kulturminne og kulturmiljø (B). Desse områda er òg kartfesta. Klasse A er meint å bestå av eit *representativt utval* av kulturmiljø i kommunen. Difor kan det òg vera andre som har tilsvarande verdi.

Siste del av planen (del 4) tek for seg lovverk, plangrunnlag og kommunen si forvaltning av kulturminne – rutinar, retningsliner og føresegner, og til slutt ein handlingsplan som skal rullerast kvart år.

Referansar til skriftlege kjelder er oppgitt. Elles byggjer planen på materiale som er blitt kjend i samband med dei ulike registreringane som er gjort.

## Del 2 Kunnskapsgrunnlaget



*Naustmiljø i Hauglandsvikjo.*

### **Kulturminne og kulturmiljø i historisk og tematisk sammenheng**

Denne delen av planen tek for seg ulike kategoriar av kulturminne og kulturmiljø frå heile kommunen, sett inn i ein historisk sammenheng. Dette er kunnskapsgrunnlaget som verdivurderinga og prioriteringa av kulturminne byggjer på. Ulike kulturmiljøtypar og bygningstypar er omtala, med døme frå Sveio. Det er ikkje nødvendigvis det som er peika ut som særleg verdifulle kulturminne med høg verneverdi som er brukt som døme.

#### **2.1 Historisk oversyn**

Dei eldste kjende buplassane på Vestlandet er datert til rundt 8-9000 f.Kr, då den store innlandsisen hadde trekt seg tilbake. Dei fleste av desse finn ein langs kysten og på høgfjellet. I løpet av periodane yngre steinalder (ca. 4000 – 1800 år f.Kr) og bronsealder (ca. 1800 – 500 f.Kr) begynte overgangen frå eit samfunn basert på jakt og fiske, til eit jordbrukssamfunn der folk vart meir bufaste. Mange av desse første buplassane ligg på sjølvdrenerande morenejord nær vatn, og er framleis i bruk til jordbruk. I starten var det vanleg å flytta vidare etter kvart som jorda blei utpint, men etter kvart blei busetnaden meir stadbunden, og ein reknar at eigedomsretten til land minst går tilbake til jernalderen for om lag 2000 år sidan. Kystrøysene langs leia viser kva område som har hatt busetnad langt tilbake.

Sveio ligg på ei halvøy som i sør grensar til Haugesund kommune. Frå bratte fjell nord og aust i kommunen fell terrenget vestover, ned mot eit småkupert landskap i det gamle strandflatenivået, ut mot Bømlafjorden og Sletta. Langs den ytre vegen mot Buavåg og Tjernagel er landskapet prega av

open lynghei, medan landskapet mot Ålfjorden og i nordre del av kommunen er dekt av skog. Tjernagel og Førde er truleg to av dei eldste gardane i dette området.

I mellomalderen var gardane store, men etter kvart som folketalet steig blei dei delte i fleire bruk. Kongen eller kyrkja eigde mykje av jorda, og mange var leiglendingar. Etter Svartedauden på midten av 1300-talet blei mange gardar lagt øyde. Først utover 1500-talet tok folketalet til å stiga att, gamle gardar blei rydda og ny jord dyrka opp. Etter kvart fann folk nye næringsveggar, som bergverksdrift, trelasthandel og sal av produkt frå gardane. I løpet av 1700-talet blei dei fleste bøndene sjølveigande<sup>2</sup>.

Før reformasjonen høyrde Valestrand til Fjelberg, men frå 1538 fram til 1870 låg soknet i Stord prestegjeld. *Sveio* er eit namn som har vorte sett i samanheng med det gamalnorske ordet *sviða*, som tyder «stad som er rydda ved brenning». Kommunen har fått namn etter den gamle setegarden, der kommunesenteret ligg i dag<sup>3</sup>.

Gardane lengst sør høyrde før 1841 til Skåre skipreide i Karmsund sorenskrivardøme. Få tilhøve fortel tydelegare om overgangen frå å ha sjøen som hovudveg til å bruka landevegen, enn endringane av kommunegrensene. I 1837, då det lokale sjølvstyret vart innført, bygde dei nye kommunegrensene i stor grad på prestegjeldsgrensene. Då fanst det ingen sjølvstendig kommune på halvøya som i dag er Sveio kommune. Så lenge sjøen var hovudvegen, var øyane naturlege midtpunkt. Vikebygd høyrde til Fjelberg kommune, Sveio-krinsen høyrde til Finnås kommune på Bømlo og Valestrand høyrde til Stord. Dagens kommunegrenser er frå 1964.

Jordbruk har vore den dominerande næringa på heile halvøya heilt fram til våre dagar. Fiske, som i kombinasjon med jordbruket har vore avgjerande for utkomet sidan dei første menneska blei bufaste i Sveio, har etter kvart blitt mindre viktig som næringsveg og er i dag på det næraste borte. Men sjøbruk i form av oppdrett er ei veksande næring i Sveio. Ut over småindustri og handverk på gardane har det tradisjonelt vore lite industri, sjølv om det i periodar har vore viktige verksemdar både på Tittelsnes, i Auklandshamn og i Mølstrevåg. Mølstrevåg er den einaste staden der det framleis blir drive industri i noko omfang. Kommunen har håp om at godt vegsamband og nærleik til Haugesund vil gje vekst i handel og industri i næringsområda som er etablerte i kommunen i løpet av dei siste tiåra. Kulturminneregistreringane syner at kulturmiljøa i kommunen er påfallande einsarta. Nesten alt er på ein eller annan måte knytt til jordbruk og sjøbruk.

På 1960- og 1970-talet blei det etablert fleire nye bustadfelt, men seinare stagnerte innbyggjartalet. Dei siste tiåra har kommunen hatt sterk vekst, med storstilt utbygging av nye bustadar og hyttefelt. I åra framover er veksten spådd å flata ut. Ei målretta forvaltning av kulturmiljø og kulturminne er viktig for å sikra desse verdiane i den vidare utviklinga av lokalsamfunnet.

## 2.2 Arkeologiske kulturminne


Arkeologiske kulturminne er spor etter menneske som har levd i tidlegare tider. Utgraving og dokumentasjon er hovudkjeldene til kunnskapen vår om og oppleving av fortidas samfunn.

---

<sup>2</sup> Strandsoneplan for Sunnhordland

<sup>3</sup> Kulturhistorisk vegbok for Hordaland

Kunnskapen frå desse kjeldene kan gjere oss betre i stand til å forstå oss sjølve, vår samtid og andre menneske og kulturar.




Ein skil mellom faste og lause arkeologiske kulturminne. Faste kulturminne er til dømes rester etter buplassar, gravhaugar, kokegroper, stolpehol, høler og hellerar. Lause kulturminne er gjenstandar funne utan kjent kontekst eller ved ein arkeologisk utgraving. Eit arkeologisk kulturmiljø er eit område der kulturminna inngår som del av ein større heilskap eller samanheng.

Alle faste kulturminne frå før reformasjonen i 1537, er automatisk freda. Forvaltninga av dei ligg såleis under Riksantikvaren, og er i liten grad overlata til kommunen. Det er likevel viktig å ta med dei arkeologiske kulturminna i planen, for å få eit heilskapleg oversyn over viktige kulturminne i kommunen.

I Sveio er det om lag 200 lokalitetar der det er funne arkeologiske kulturminne. Det vil seie at det er gjort funn på rundt 20 nye stader etter at kulturminneplanen først blei vedtatt i 2015. Mellom anna blei det funne spor etter steinalderbuplassar ved Vigdarvatnet i samband med planlegginga av Vikingland på Bjelland. Det er òg gjort lausfunn på fleire stader i kommunen i samband med bruk av metallsøkar.

Dei arkeologiske lokalitetane omfattar i hovudsak spor etter busetnad, men lista omfattar òg gravrøyser og gravfelt, bautasteinar, skipsfunn, kokegroper, dyrkingsspor og kyrkjestader. Ikkje alt er synleg eller lett atkjenneleg om ein ikkje veit kva ein skal leita etter. Noko er òg fjerna, og mange har uavklart vernestatus. Dei eldste funna er gjort på Tjernagel, og kan vera 9000 år gamle. Elles er dei eldste spora etter busetnad i Sveio funne rundt Førdespollen, og kan vera 7 – 8000 år gamle.

I det følgjande er nokre av dei viktigaste arkeologiske kulturminna i Sveio omtala nærare. Nokre av desse, som ligg i område der dei kan opplevast i opphavleg samanheng, er omslutta av omsynssone for å sikra at denne samanhengen blir bevart. Nokre er del av omsynssoner som har eit anna hovudføremål, til dømes vern av bygningar. Ut over dette utvalet er det ikkje gjort noka prioritering av arkeologiske kulturminne, sidan alle er automatisk freda.



Lokaliteter for arkeologiske kulturminne i Sveio. Kart: Riksantikvaren/Askeladden.

### **Gullringen frå Vikse - eit verdifullt bronsealderfunn**

Gullringen vart funnen ved foten av ei bratt skråning vest for nausta ved Sotasundet på Austre Vikse. Funnet vart gjort under grøftegraving i november 1953 av gardbrukar Nils Bjelland. Ringen låg 60-70 cm djupt, og Bergen Museum vart straks varsla om funnet. Ein antok då at ringen kunne koma frå ei grav på staden, men ifølgje arkivopplysningar frå Bergen Museum vart funnet aldri følgt opp med nærare granskingar. Ut i frå typologi er det vanleg å datere ringen til midten av yngre nordisk bronsealder (1100-500 f.Kr.). Dermed er ringen nærare 3000 år gamal - ein av dei eldste gullringane i landet.<sup>4</sup>



*Den originale gullringen ligg på museum i Bergen, men det er laga fleire kopiar. Denne er i bronse og tilhøyrer familien til finnaren Nils Bjelland. Ein annan kopi, i gull, er laga av gullsmeden Reidun Breistig og står utstilt på kommunehuset i Sveio. Foto: Ida K. Vollum.*

### **Kystrøysene og andre gravrøyser**

Mange gravminne frå forhistorisk tid har samanheng med garden og ligg ved gammal åkermark. Men dei mest synlege gravminna i Sveio er av eit anna slag: Store steinrøyser i utmark, ofte langt frå folk, på knausar og holmar ved sjøen. Dei blir gjerne kalla kystrøysar. Dei eldste kystrøysene vart bygde i eldre bronsealder, for mellom 3500 og 3000 år sidan. I somme er det gjort funn som kan daterast, men ofte er berre den tome gravkista att. Kystrøysene ligg ofte godt synleg og blei nytta som seglingsmerke. Tjernagelhaugen, som blei riven i 1983, er nemnt av skalden Torarin Lovtunge i ei skildring av Knut den mektige, som i 1028 segla frå Danmark til Nidaros: «Og fram for den gamle haugen i Tjernagel siglde huskarar kvasst med fred.»

Andre kjende kystrøysar finn me på Lyngholm, Kvitanes ved Buavåg, Røysaneset på Eikeland og Røysaneset på Tittelsnes m.fl. Etter segna skal Kong Magnus Eriksson ha blitt hauglagt i den store gravrøysa på Lyngholmen, som blir kalla «Kongsvarden», etter å ha forlist utanfor Lyngholmen i 1374.

<sup>4</sup> Kristian Råsberg/Sveio kommune 2011

Men det er lite truleg at dette stemmer. Skikken med hauglegging vart det slutt på med kristendommen, og arkeologar reknar med at røysa er frå bronsealderen, om lag 3000 år gamal. Men mykje tyder på at saga om kong Magnus sin triste lagnad ved Lyngholmen har rot i ei faktisk hending.<sup>5</sup>

Gravrøysar som i dag ikkje ligg til sjø finn me mellom anna på Ørevik og Tveita i Valestrand.



*Gravrøysene på Røysaneset lengst nord på Tittelsnes, slik dei kan ha sett ut før neset blei kledd av skog. Gravrøysene er truleg frå bronsealderen. Illustrasjon: Arkikon*

### **Gravfelt på Apeland og Eilerås**

På Eilerås ligg eit gravfelt med minst 31 røysar over eit strekk på kring 200 meter. Dei fleste av røysene er godt synlege, og er stort sett ikkje over 5 meter i tverrmål. Gravfeltet er truleg frå jernalderen. På Apeland er det minst 25 små gravrøysar. Kvar einiskild av desse røysene er ikkje kartfesta, men det er eit mål at dette blir gjort.

### **Fornminna på Tjernagel**

På Tjernagel ligg funnstadane tett over eit stort område. I området Hildesvika – Tjernagelhaugen – Snørhaug er det registrert over 40 fornminnelokalitetar. Deler av området er i dag planert og lagt ut som næringsområde, men det er òg mykje kulturlandskap og synlege fornminne att. I samband med utbygginga er det gjort systematiske undersøkingar her, og dette er hovudårsaka til det store talet på funn i dette området.

### **Hellerar**

Det er funne spor etter busetnad under fleire hellerar i Sveio. Mest kjend er Geitalemen ved Førde. Her er det funne spor etter busetnad frå steinalderen.

På Fjon ligg det to hellerar med busetjingsspor tett ved einannan. Ved den eine helleren er det gjort fleire funn som syner at her var busetjing i steinalderen. Hellerane ligg lett tilgjengeleg ved ein tydeleg sti ein kort spasertur frå vegen. Ein av hellerane er utgraven.

---

<sup>5</sup> Kulturhistorisk leksikon, Hordaland Fylkeskommune

Også på Røykenes og i Mølstrevåg er det hellerar med spor etter busetnad.



*Geitalemen ved Drongsvågen er ein djup og forholdsvis tørr hellar frå steinalderen. Ved utgraving i 1920 blei det funne tre bålgrøper inst ved vegg. Av lause gjenstandar er det mellom anna funne beinnål, årekvartspil, to flintskraper, grønsteinsøks, leirkrukker og bein.*

*I dag er det nye bål plassar i den freda hellaren, i strid med vilkåra i kulturminnelova. Det er behov for betre skilting med informasjon om vilkåra som gjeld for freda kulturminne.*

### **Gropsteinen på Røykjenes (111/3)**



Gropstein med nitten innhogde groper. Steinen låg i ein steingard då han blei oppdaga,<sup>6</sup> men har seinare blitt flytta. I Askeladden er steinen kategorisert som «bergkunst». Me kjenner ikkje til kva som har vore føremålet med gropsteinen. Det er òg gjort tilsvarende funn andre stader i Hordaland.

### **Helleristningane på Gramshaug**


På Gramshaug, tett attmed vegen, ligg eit helleristningsfelt som – om dei er ekte – truleg er frå bronsealderen. Sjølv om det lite er att etter det som kan vera 3000 års forvitring, ser me at motiva samsvarar med motiv frå andre tilsvarende felt i Sunnhordland/Hardanger-området: Hjulcross, ringar, og restar etter båtfigurar. Ristningane har opphav i ein jordbrukskultur, der sol og grøde har vore sentrale kult-element.<sup>7</sup>

Det har heile tida vore uvisst om desse helleristningane er ekte. Geir Sør-Reime omtalar dette i ein artikkel i Sunnhordland årbok<sup>8</sup>. I 1998 konkluderte arkeologar med at helleristningane var falske. Ikkje alle i fagmiljøet var samde i denne konklusjonen. I løpet av dei siste åra har bergflata blitt reinsa og scanna med laser for betre dokumentasjon. Status for helleristningane er framleis uavklart.

<sup>6</sup> Askeladden

<sup>7</sup> Kulturhistorisk leksikon, Hordaland Fylkeskommune

<sup>8</sup> Geir Sør-Reime: Ekte eller falsk? Refleksjonar kring nyoppdaga helleristningsfelt. Sunnhordland Årbok 1983



*Teikninga syner eit forsøk på rekonstruksjon av Gramshaug-ristningane. Dei fylte felte syner figurane slik dei står i dag.*

*© Hordaland fylkeskommune*

## Bautasteinar

Bautasteinar er minnesteinar frå førhistorisk tid. I motsetnad til runesteinar manglar dei innskrift, men kan av og til vera smykka med bilete. Dei er ofte reiste på flat mark, anten åleine eller i grupper. Dei norske bautasteinane det har vore mogleg å datere, skriv seg frå eldre jernalder.<sup>9</sup> Håvamål omtalar steinane slik: "Sjeldan bautasteinar nær brauti stend, utan frendar fekk dei reist". Bautasteinane blei reist der folk ferdast. Lenger sør er dei fleste bautasteinane plassert ved jernalderske hamner eller ved skipsleia. I Sveio er dei hovudsakleg plassert lenger inne på land, langs noko som kan sjå ut til å vera ei ferdsléare over land mellom Haugesund og Tittelsnes. Dette kan ha vore eit alternativ til å ferdast over den verutsette Sletta med båt.

I Sveio er det bautasteinslokalitetar i Straumen, på Vihovda, Istertveit og Eidsvåg (fjerne). I tillegg blei det registrert fleire nye lokalitetar i samband med kulturminneplanarbeidet i 2011 – 15. Nokre av desse er undersøkte. Ein bautastein ved brua over Haugsgjerdelva er truleg knytt til arbeidet med Tittelsnesvegen på 1870-talet. Den er såleis ikkje freda, men del av kulturmiljøet ved elva.

I Straumen var det tidlegare to steinar, men i dag står berre den eine att. Den er 180 cm høg, og 130 cm brei ved foten. Den andre bautasteinen var like høg som den som står att, men smalare. Kanskje står noko av han att under bakken, men steinen vart elles brukt til anna føremål. Etter tradisjonen er bautasteinen reist av Ramnafloke, oppdagaren Floke Vilgjerdsson. Landnåmabok fortel at Ramnafloke oppdaga Island<sup>10</sup>.

Dei to små bautasteinane på Istertveit står på toppen av ei lita gravrøys. Det er uvisst kor gamle desse er, men ei segn knyter dei til avfolking av garden som kan ha skjedd under Svartedauden (sjå omtale i kap 2.3.9). Det finst elles ikkje døme på større grupper av bautasteinar, slik det er andre stader i distriktet – til dømes på Norheim (Karmøy) og i Grinde (Tysvær).

<sup>9</sup> Store Norske leksikon

<sup>10</sup> Kulturhistorisk leksikon, Hordaland fylkeskommune



*Brørsteinane på Istertveit står på toppen av ei gravrøys som er skjult under torva.*

### **Dei eldste vegane**

Vegar er dei kulturminna som har lengst samanhengande brukstid, og ofte framleis er i bruk i dag anten som køyrevegar eller turvegar. Fleire av våre eldre ferdslevegar utgjer i dag også del av det moderne vegnett. Kongevegen gjennom Valestrand kjenner me til at er nytta som både kyrkjeveg og postveg heilt fram til nyare tid, og i dag som turveg.

### **"Kongevegen" gjennom Valestrand**

Under utgravingar på Haugsgjerd sommaren 2013 vart det funne spor av eit hellelagt veganlegg i 80 cm breidde. Den tidlegaste daterings av vegen er frå omlag 500 f. Kr til i overgangen mellom yngre bronsealder og eldre jernalder, og med det har vegen hatt ei bruksfase frå jernalderen og framover i tid. Vegen gjennom Valestrand er datert til ein periode med utprega jordbrukskultur der folk hadde vorte bufaste. Med ei fastare busetjing oppstod det òg eit fastare ferdslemønster med større behov for eit meir etablert vegnett. Denne samfunnsutviklinga skapte nok tidleg behov for eit slitesterkt dekke på dei gamle ferdslevegane. Det er med denne bakgrunnen ein må forstå steinlegginga avdekt på Haugsgjerd.

Når vegen gjennom Valestrand ofte vert omtala som "kongevegen", er dette meir ei folkeleg nemning på vegen, då ein ikkje har kjelder som tilseier den var anlagt av kongen på 1600- og 1700-talet. Dei første skriftlege kjeldene knytt til vegen er frå 1400-talet.



*Spor etter hellelagt veg på Haugsjerd. Foto: Hordaland fylkeskommune.*

I Valestrand finn ein busetnadsspor attende til eldre steinalder, og fleire gravminne frå bronsealderen og jernalderen. Vegen knyter saman gardar, bygder og sjøen. Sjøtransport var det viktigaste over lengre avstandar også i førhistorisk tid, men det var ikkje kven som helst som kunne utstyra ein båt. Dei fleste av desse gravminna er plasserte slik at ein kan sjå dei frå ferdslårene, og då i hovudsak seglingsleia. Graver og andre funn langs vegfarete er det mindre av enn langs kysten av Valestrand, noko som tydar at vegen var av meir lokal art i ei tid der sjøen utgjorde hovudferdsleåra.

Tveitahaugen (tverrmål 14 m) ligg likevel like ved vegen, i det den slynger seg sør for Valevåg over Tveita. Frå denne haugen kjem funn av sverd, spyd og eit enkelt økseblad, som daterast til jernalderen. Mest truleg gjekk vegen forbi denne haugen, og kanskje vart han anlagt nettopp her grunna vegen si plassering? <sup>11</sup>

### **Vardar**

Den gamle varden på Ryvardsneset frå år 869, bygt av Fløke Vilgerdsson frå storgarden Smørsund ved Vikse, er truleg den eldste kjende varden på kysten vår. Den opphavlege varden blei riven i samband med bygginga av fyrmeisterbustaden rundt 1860. Varden som står på haugen bak fyret i dag er av nyare dato.

Sjømerke som krossar; vetar og vardar har vore viktige element i eit system for å kunna ta seg fram i den vestnorske skjergarden opp gjennom tidene. Vi finn ein heil del mindre vardar i stein langs mange strekningar av norskekysten. Desse vardane er som regel plasserte på det høgaste punktet på øyar og holmar. Det er ikkje usannsynleg at dei fleste av desse vardane går attende til vikingtida i si

<sup>11</sup> Sveio kommune/Kristian Råsberg 2014

noverande form<sup>12</sup>. Det er registrert vardar ei rekkje stader i kommunen, men det er ikkje gjort noka vurdering av kor gamle desse er. Mange er òg frå nyare tid.

Vardebrenning, opphavleg kalla vetebrenning, har vore brukt til varsling av krig og ulukker heilt opp mot 1700-talet. Her er det snakk om bål og ikkje steinvardar, men namn som Vardafjellet (Eltravåg m.fl.) kan knytast til slik varsling.

### **Hamneområde**

Dei gamle hamnene og ankringsområda var avgjerande for både samferdsle og busetnad. Sveio låg strategisk til langs eldgamle maritime ferdsleårar i grenseområdet mellom Rogaland og Hordaland. Hamner og gjestgjevarstader (av uviss alder) var ei form for maritim infrastruktur som sikra sjøfarten mellom Karmsundet og Bergen.

I følge gamle sjøkart og losbøker frå slutten av 1700-talet og framover til rundt 1880 var det fleire hamner i Sveio. Gravrøyser frå bronsealder og jernalder tyder på at både skipsleia forbi og sjølve hamnene kan vera fleire tusen år gamle. Sjølv om me ikkje kjenner historia til gjestgjevarstadene Mølstrevåg, Tjernagel og Lyngholmen lenger tilbake enn 16- og 1700-talet, kan dei ha hatt slike funksjonar lenge før dette. Gamle stadnamn som Salhusvik nord for Lyngholmen kan tyda på det. Det kan ha samband med sjelehus (sælehus/selehus), som var ein overnattingsstad for mellom anna pilegrimer i mellomalderen<sup>13</sup>.

### **Kulturminne under vatn**

Nemninga skipsfunn blir brukt om meir enn 100 år gamle båtar, skipsskrog, last og alt anna tilbehør. Staten har eigedomsretten til slike funn. Det er ikkje lov å gjera inngrep i, grava i eller fjerna gjenstandar frå skipsfunn som er over 100 år gamle utan løyve frå fylkeskommunen. Det blir arbeidd med endringar av lovverket for skipsfunn i Kulturminnelova.

I Askeladden er det registrert åtte funnstader for kulturminne under vatn. Fem av desse er automatisk freda, resten har uavklart vernestatus. Det er registrert eit hamneområde med lausfunn i Valevåg, og ved Håskru er det funne keramikk som truleg skriv seg frå 1400-talet. Resten av registreringane gjeld skipsvrak. Nokre av desse er frå 1900-talet. Truleg ligg det langt fleire uregistrerte kulturminne, både skipsvrak og anna, langs den vêrharde kysten av Sveio.

### **Nyregistreringar av moglege fornminne som ikkje er stadfesta:**

Under arbeidet med planen er det registrert nokre moglege fornminne som førebels ikkje har avklart vernestatus. Desse er meldt inn til Fylkeskonservatoren og blir undersøkt etter kvart som det er kapasitet til det.

---

<sup>12</sup> Kulturhistorisk leksikon, Hordaland fylkeskommune

<sup>13</sup> Kjelde: Arkeolog Endre Elvestad ved Maritimt museum i Stavanger

## 2.3 Nyare tids kulturminne (etter reformasjonen)

Som nyare tids kulturminne reknar me alle spor etter menneskeleg aktivitet i tida etter 1536. Dette femner om både bygningar og bygningsmiljø, men òg tekniske kulturminne, kulturlandskap, utmarksminne og fartøy. Første del av omtalen gjeld nyare tids kulturminne fram til 1940. Krigsminne og kulturminne frå etterkrigstida er omtalte under eigne overskrifter.

Kulturminne i Sveio frå nyare tid er i første rekkje knytt til jordbruk og sjøbruk. Desse to næringsvegane er i nesten alle samanhengar knytte til einannan i kystkommunen Sveio. Nesten alle gardane har hatt sjørettar og brukt sjøen som ein viktig del av næringsgrunnlaget på garden. Dei mange gardsnausta fortel om det. «Strandsitjarar» utan jord har det òg vore, men det me kjenner til av bygningar i strandsona tyder på at det har vore få av dei.

### Jordbruket formar landskapet

Av Sverre Halleraker

For å forstå korleis jordbruket forma landskapet i Sveio-bygdene, må me vite litt om korleis jordbruket blei drive i tidlegare tider. Kontrastane til dagens moderne jordbruk er store. Me skal her sjå nærare på korleis jordbruket gjekk føre seg på våre trakter i eldre tider. Me skal sjå nærare på korleis utviklinga innan jordbruket forma landskapet vårt, og korleis jordbruk og husdyrhald skapte det me i dag kallar kulturlandskapet.

Det var heller liten utvikling innan jordbruket i perioden mellom reformasjonen og midten av 1800-talet. Byggjemåten endra seg ein del, men sjølve jordbruket og husdyrhaldet endra seg lite. Ser me bort frå innføringa av poteta som ny vekst på starten av 1800-talet, har moderniseringa av jordbruket i Sveio gått seint, og på slutten av 1800-talet blei mange av gardane i Sveio drivne på gamlemåten.

Landskapet i Sveio er ikkje særleg godt eigna til jordbruk. For det meste var det små jordflekkar som let seg dyrke opp. Desse små flekkane med matjord måtte drivast intensivt for å sikre store nok avlingar. Den intensive drifta kravde mykje gjødsel, som igjen førte til at bøndene måtte ha mange husdyr. Her finn me mykje av årsaka til at mange hadde fleire husdyr enn avlinga greidde å skaffe vinterfôr til. Når det var for mange husdyr i fjøset, måtte dyra ofte sulteførast gjennom vinteren. Bøndene sine erfaringar viste dessutan at husdyra trengte mindre fôr når dei sto i tronge båsar, kor dei ikkje kunne røre så mykje på seg, og kor det var mørkt og varmt. Dette var årsaka til at fjøsa blei bygde så tette og tronge at dei var usunne både for folk og fe.

Det innhausta føret tok som regel slutt lenge før våren hadde gjeve nytt liv til det som vaks ute. Seinvinters og tidleg på våren gjekk ein derfor ut i utmarka for å hauste lyng til å spe på føret med. Denne haustinga av lyng gav plass til gras og andre beitevekstar i utmarka i nærleiken av gardstuna. Som regel leid det ikkje langt utpå våren før

husdyra måtte sleppast ut. Først fekk dyra beite ei stund på åkrane i innmarka. Deretter måtte dei ut i lyngheiane i utmarka. Det blei ikkje noko avling dersom husdyra gjekk og tråkka i åkrane og engene. Gardane hadde steingardar som stengde husdyra ute frå innmarka. Me finn restar etter desse steingardane på dei fleste gardane i Sveio. Steingardane var ikkje alltid så høge og solide, og ofte måtte dei byggjast høgare med greiner eller gamle plankar for å halde husdyra ute.

Den beste jorda blei brukt til å dyrke korn og poteter. Åkerflekkane var ikkje store, og dei låg ofte spreidd rundt om på bruket. Åkrane blei gjødsla rikeleg med husdyrgjødsel. Gjødsla blei boren ut med kiper, og spreidd i åkrane med handamakt. Den dårlegaste og mest steinfulle jorda blei brukt til slåtteeing. Det var ikkje snakk om store grasflekken før det blei rekna som slåtteeing. Enga blei ikkje gjødsla.

Grasslåtten gjekk som regel føre seg heile sommaren. Graset blei slått med ljà. Dei største jordene blei slått med «longorv», medan dei minste flekkane blei slått med «stuttorv». Graset blei tørka på bakken. Det blei snudd med rive fleire gonger i løpet av ein dag. Om kvelden blei graset samla i små «såter», som blei spreidd på bakken så snart sola hadde tørka bort morgondoggen. Etter kvart som høyet var tørt, blei det berga inn i løa. Etter at innmarksslåtten var ferdig, gjekk ein i gong med utslåtten. Kvar ein flekk med gras som kunne nyttast skulle slåast og tørkast. Slåtten, som det meste av det andre arbeidet på garden, blei gjort med handamakt. Det var ikkje før langt utpå 1900-talet at mange bønder fekk slåmaskin som hesten kunne dra. For å kunne ha nytte av slåmaskinen, måtte ein ha større slåtteeinger. Når slåtteeingene blei større, blei høyet ofte tørka i hesjer i staden for på bakken. Husdyra hadde alltid tilsyn av gjetarar når dei var ute på beite. Det var ofte dei største barna som hadde ansvaret for gjetinga. Barna følgde buskapen ute på beite, og om

kveldane måtte dyra i hus. Kyr og geiter skulle mjølkast. Det var ikkje snakk om at nokon av husdyra skulle overnatte ute, det var altfor farleg på grunn av rovdyr, for ikkje å snakke om alle dei underjordiske skapningane som kom fram i nattemørket.

Etter kvart blei det bygd uthus i utmarka på mange av gardane. Her kunne husdyra overnatte når dei var på sommararbeite. Desse uthusa utvikla seg etter kvart til stolar, og her blei det etablert stølsdrift med både kinning og ysting om somrane. Dei fleste gardane i Sveio har hatt sin eigen støl i utmarka. Folketeljinga i 1865 viser at dei fleste gardane i Sveio hadde eit bruk eller ein plass med namnet «Stølen».

Etter kvart som folketalet steig utover 1800-talet, blei mange av stolane gjort om til husmannsplassar. Folketeljinga viser at det området som no utgjer Sveio hadde 74 husmannsplassar i 1801. Etter 1820 fekk me ei dramatisk auke i talet på husmenn. I 1865 var det 270 husmannsplassar i det området som no utgjer Sveio. Med busetnad og gardsdrift gjennom heile året, blei plassane dyrka enda meir opp og det blei bygd fleire hus. På slutten av 1800-talet var dei fleste av husmannsplassane i Sveio blitt sjølvstendige bruk. Resten blei nedlagde og fråflytta. Beitinga i utmarka rundt stolane, og rundt dei nyrydda husmannsplassane, kultiverte enda meir av landskapet, og enda meir av landskapet blei gjort om til slåtteeeng. Dermed måtte husdyra drivast enda lenger ut i utmarka for å finne beite. Husdyrbeitinga sette sitt preg på landskapet. Det var ikkje mykje vegetasjon saucene og geitene let stå att. Beitinga i utmarka førte til at buskar og trer som prøvde å slå rot blei etne opp av husdyra. Dermed blei det mangel på trer og skog mange stader i Sveio. Dei gardane

som hadde skog gjorde alt dei kunne for å halde husdyra borte frå skogen. Dei fleste gardane som hadde skog brukte skogen til å produsere trevarer for sal.

Mangel på trer og skog førte til at bøndene i Sveio måtte bruke torv til brensel. Torva blei henta i myrene i utmarka seint på sommaren og tidleg på hausten. Torvhentinga var hardt arbeid, og folkeveksten førte til at torva måtte hentast stadig lenger vekke frå der folk budde. Over alt i Sveio finn me hol og dammar i myrene. Dette er spor etter torvhentinga som gjekk føre seg i fleire hundre år. Prestar og embetsmenn kritiserte bøndene i Sveio for ikkje å ville modernisere jordbruket, og noko av det dei oftast kritiserte, var at ikkje dei mange myrene rundt om i Sveio blei drenerte og dyrka opp. Mykje av årsaka til at bøndene ikkje dyrka myrene, var at dei trengte myrene til å kunne skaffe torv til brensel.

Jordbruket har i stor grad sett sitt preg på landskapet i Sveio gjennom fleire hundre år, men nye driftsformer og færre beitedyr gjer at naturen no er i ferd med å ta mykje av kulturlandskapet tilbake. Landskap som i fleire hundreår har vore opne, og lite prega av vegetasjon, er no i ferd med å gro att og tettast igjen av buskar og krattskog. Det gamle kulturlandskapet vitnar om korleis folk levde og brukte jorda i tidlegare tider, og kulturlandskapet må forvaltast og takast vare på, på same måte som dei meir handfaste kulturminna me har.

#### Kjelder:

-Sverre Halleraker, *Tilbake til rotene*, 2012.

-Simon Steinsbø, *Sveio. Gards og attesoge*, 1986 og 1987.

-*Folketeljingar 1801 og 1865*.



Kulturlandskap, Vikse, tidleg på 60-talet. Heile landskapet er i bruk. Foto: Widerøe. Eigar: Nasjonalbiblioteket.

### 2.3.1 Kulturminne i landbruket sitt kulturlandskap

Nesten heile landskapet i Sveio er eit jordbrukslandskap. Landskapet i sørvest er ope og prega av lynghei og knausar med små ekrer imellom. Langt inn i førre hundreår var det så lite tre her at det vert fortald at bøndene ikkje eingong hadde skog nok til eigne hesjestaur. Mange bygningar er små og heilt eller delvis bygde med gjenbruksmateriale. I nord og aust er det meir skog. Her har det òg vore tilgang til betre stein til muring og tak, og dette pregar både byggjeskikken og næringsvegane. Truleg er betre materialkvalitet, og mindre vêrharde forhold, årsaka til at bygningane er best bevarte i desse delane av kommunen. Langs Ålfjorden har mange bønder hatt sagbruk, båtbygging eller bøkring som tilleggsnæring.

#### Innmark og utmark

Kulturlandskapet består av både innmark og utmark. Utmarka kan sjå ut som urørt natur, men me finn kulturminne i utmarka over alt i kommunen, som fortel om tidlegare tidars bruk av landskapet: Lynghei, torvmyrer, steingardar, ferdslveggar, ruinar etter kverner og murar etter husmannsstover der naturen etter kvart har tatt jordbrukslandskapet tilbake.

Innmarka har vore eit intensivt drive kulturlandskap og er rikt på kulturminne: Steingardar, vegar, bakkemurar og ei lang rekkje spesialbygningar for ulike føremål. Mange stader er landskapet intakt og framleis i drift. Andre stader har kulturminna måtta vika for moderne driftsformer, eller landskapet er i endring fordi det ikkje er i bruk.

Kulturlandskapet er avhengig av drift. Mindre intensiv bruk av landskapet fører til at krattskogen er i ferd med å ta over mange stader. Dette går òg ut over kulturminna, som blir «usynlege» og utilgjengelege i eit gjengrodd landskap. Røter frå tre øydelegg gamle murar. Kulturlandskapet er det beste dømet på at kulturminne må brukast for å kunna bevarast. Hovudtyngda av dei registrerte kulturminna i Sveio er bygningar knytt til landbruket, og desse vil difor få ein fyldig omtale i planen. Det er ei stor utfordring at bygningar som har gått ut av bruk forfell, og det er nødvendig å setja inn tiltak for å bremsa forfallet.

#### Bygningane i landbruket

Hovuddelen av bygningane som er registrerte i Sveio er knytte til landbruket. Den nest største kategorien er knytt til sjøbruk, som oftast har vore drive i kombinasjon med jordbruk. Nokre bygningstypar har me bevart mange av. Andre har det alltid vore få av, eller det er berre eit fåtal som er bevarte. Dei fleste stadene er miljøet rundt mykje endra, men nokre få stader har «tida stått stille», og bygningane ligg framleis i sitt opphavlege miljø. Slike kulturmiljø har høg prioritet i planen. I tillegg er det peika ut einskildbygningar som representerer breidda av bygningstypar i landbruket, og som har verneverdi uavhengig av om dei framleis er del av eit miljø.

Våningshus, lører og uthus har ofte fått vidare liv ved å bli moderniserte. Dei bygningstypane som har gått ut av bruk er gjerne mindre endra. Mange er truga av forfall, men nokre bygningstypar peikar seg ut med at dei har blitt bevarte trass i at den opphavlege bruksmåten har opphøyr. Dette gjeld spesielt eldhus og jordkjellarar/potetkjellarar.

Våningshus og lører er det mange av. 324 våningshus og 193 lører frå før 1900 blei registrert i Sefrak på 1990-talet. Berre ein liten del av desse er heilt vekke sidan den tid, men mange har følgd utviklinga

og har gått gjennom store endringar. Eldhus og jordkjellarar har me òg mange att av. Andre typar bygningar som har gått ut av bruk, har i større grad forsvunne.

I dette kapittelet vil me omtala dei ulike bygningstypene og kulturlandskapet på gardane. Prioriterte einskildbygningar og gardsmiljø er nærare omtala i del 4 av planen.

### **Klyngetun**

Etter gjentekne bruksdelingar utvikla klyngetunet seg til den vanlegaste tunforma på Vestlandet. Bygningane frå fleire bruk låg samla i ei klynge, med jorda spreidd i blanda teigar rundt. I samband med den store jordreforma i siste halvdel av 1800-talet, blei desse tuna oppløyste og mange av bygningane flytta til nye tun. I den samanhengen blei dei ofte òg om- og påbygde, og såleis er det få hus som har stått uendra frå før denne tida. Sjølv om alle gardane i Sveio er utskifta, kan me nokre stader finna rester etter den gamle tunskipnaden. Tuna på bnr 1, 3 og 4 på Kinn, og 4 og 55 (tidl. gnr 3) på Lid kan vera døme på dette.

### **Våningshusa**

I mellomalderen hadde bustadhusa svært enkel planløyning. Dei såkalla årestovene bestod av eitt rom med åre i midten og ljore i taket. Etter kvart blei det vanleg med sval og kove, og røykeomn i eit hjørna. Seinare blei røykstovene sette saman med sengebuer eller glasstover, og i samband med overgangen frå røykomn til pipe blei det mogleg å leggje lem over stovene (lemstove).

Dei eldste husa me kjenner til i Sveio i dag har tømra stover frå 1500- eller 1600-talet. Nokre få av dei er framleis frittståande bygg, og har til dømes blitt nytta som eldhus. Dei fleste har blitt del av ei større lemstove. Den eine stova i Vågahuset (òg kalla Brøndlastova) på Tittelsnes seiast å vera frå 1500-talet. Dei eldste våningshusa me kjenner til er opphavleg røykstover.

Ei rekkje våningshus i Sveio har røter tilbake til 1700-talet, og gjennom nokre av dei får me inntrykk av korleis husa såg ut på denne tida. Men i samband med deling av gardane, utskiftingane i siste halvdel av 1800-talet, og avviklinga av husmannsvesenet noko seinare, blei svært mange hus flytta og sett opp att andre stader. Då blei dei gjerne endra, til dømes ved at ei ny stove blei lagt til den gamle. På 1700-talet var det vanleg å tekka taka med torv eller spon. Men utover 1800-talet blei skiferen nesten einerådande, og i dag kjenner me ikkje til hus med gamle torv- eller spontak i Sveio.

Utover 1800-talet blei byggjeskikken påverka av byarkitekturen, og det blei vanleg å byggje våningshus med symmetrisk planløyning. Byggjestilen til desse husa, som hadde kjøken i midten og ei stove på kvar side, og to skorsteinar, blir kalla bygdeempire. Nokre lemstover, som Vågahuset på Tittelsnes, er bygde i denne stilen. Både bygdeempire og seinare sveitsarstilen er lokalt tilpassa og har utgangspunkt i den eldre byggjeskikken.

**Røykstover:** På Haugland(15/1) står ei frittståande røykstove som kan ha røter tilbake til 1500-talet. Mange våningshus har ei stove som opphavleg skal ha vore røykstove, til dømes på Haugsbu (1/1), Staupe (117/2) og Nedre Vihovda (19/4). Fleire er òg nytta som eldhus eller bygd saman med andre uthusfunksjonar, til dømes på Hope (26/1) og Nedre Vihovda (19/1).

**Samanbygde hus:** Våningshuset på Haugsbu er eit samanbygd hus med røykstove og lemstove med ulik mønehøg. Tidlegare har det òg vore eldhus og skykkje i forlenging av huset, som til saman var

om lag 20 meter langt. Byggjemåten er truleg eit framhald av byggjeskikken frå mellomalderen. Dette er det einaste huset me kjenner til i Sveio som har vore sett saman av så mange bygg.

På Bråtveit (88/23) ligg eit samanbygd våningshus og eldhus frå 1837. Det finst restar etter fleire hus der våningshus og løe har vore samanbygde. Oftast finn ein dette på husmannsplassane. I dag har me berre eitt slikt hus intakt, på Sanden («Saen») i Buavåg (52/3).



*Samanbygde hus: Kvednadalen, Bråtveit (88/23) og Saen, Buavåg (52/3). Foto Saen: Nils Haktor Bua.*

**Lemstovene** blei vanlege rundt midten av 1800-talet. Nokre er sett saman av ei tidlegare røykstove og ei nyare tømra stove, med lem (loft) over. Dei kan òg ha bare ei stove, og gjerne skut i eine eller begge endane eller ei halvtekkja<sup>14</sup> på baksida.

Det finst mange lemstover i Sveio, td våningshuset på Lier Nordre, som er ei klassisk lemstove med to tømra stover (den eine truleg ei røykstove frå 1700-talet eller eldre) med gang og kjøken imellom. Andre døme er Vågahuset på Tittelsnes (4/76, utskilt frå bnr 2), våningshuset på Valehaugen (9/1) frå rundt år 1800, Bentahuset på Nordre Mølstre (60/140, utskilt frå bnr 6), Apeland (89/4), Staupe (117/2). Huset på Ekro (14/10) er ei enkelbreidda lemstove (det vil seie med berre ei stove) med kjøken og kammer i halvtekkja på baksida. Eit tilsvarande hus finn me òg på Øvre Valo 9/7. Nokre av dei mindre våningshusa har ei tømra stove og er forlenga med grind- eller stavbygg i den eine eller begge endar. Desse blir omtala som «lemstove med utskoten grind»<sup>15</sup>. Døme: Tjødnabakkjen (Straumøy 21/11), Meshammar (Eltravåg 56/19).

Ein hustype som blei vanleg i distriktet utover 1800-talet og langt inn på 1900-talet, har to stover, gjerne ei stor og ei lita, med gang og kjøken på baksida. Døme: Sveigarden (40/12), Erve (105/1), våningshus Stølen, Breistig (16/2), Buvikjo (123/1).

<sup>14</sup> **Halvtekkja:** Tilbygg/vedheng i ein etasje, langs langsida av eit (oftast) tømra hus. Har gjerne slakare takvinkel enn resten og er oftast i treisverk/bindingsverk - altså ikkje tømra. Ofte ligg kammeret eller ein verkstad/arbeidsrom i halvtekkja. Dersom dette rommet er ope kan det ver ei sval.

<sup>15</sup> Bygningsvernkonsulent Bjørn Arve Lunde




Døme på ulike byggjestilar på våningshus i Sveio: Øvst til venstre: Bygdeempire, Førde, ca 1850 (121/1); lemstove, Lyngholm (57/4); Nederst f.v. lemstove «Vågahuset», Gramshaug, med moderne tilbygg, Tittelsnes (eldste stova kan vera frå 1500-talet) (4/76); «stovehus» frå 1876, Breistig (16/2).

**Sveitsarstilen** blei vanleg i Europa i siste halvdel av 1800-talet, men i Norge fekk han først fotfeste etter 1900. Sveitserhusa er kjenneteikna av mellom anna bratte tak med store utstikk, utskjeringar, gjerne glasveranda og høg takhøgde. Det er få våningshus på gardane i Sveio som er bygd i denne stilen, men nokre eldre bygdeempirehus har seinare fått «pynt» i sveitsarstil.

Døme på sveitsarstil: Fagerland 30/1, Oa 107/4, Buavåg (52/1). Utanom gardane er det bygd fleire hus i sveitsarstil.

### Driftsbygningar

Løer og andre uthus i tre var stavbygde eller grindbygde. Grindverksteknikk blei nytta til bygging av løer, utmarksbygningar og naust heilt fram til første halvdel av 1900-talet. I enkelte løer på Vestlandet er det påvist grindverk frå mellomalderen. Det kan sjå ut som om dette har vore ein ubrotten byggetradisjon som har vart i meir enn 350 år. I løpet av det siste tiåret har denne konstruksjonsmåten fått ny merksemd, og fleire nye grindabygg er sett opp. Elles var mange av dei mindre uthusa bygd i stein. Dei fleste eldhus, fehus og smalahus er mura opp i tørrmur med stein frå staden.



Grindbygg, ill. Nils Georg Brekke, Hordaland fylkeskommune.

Vigdar grunneigarlag har sett opp eit nytt grinddablogg ved Vigdarvatnet.

## Løer

Frå gammalt av har fjos/flor og låve gjerne vore to separate bygningar. Men rundt midten av 1800-talet, blei det vanleg å samla dyrerom, fôrlager og lager for reidskapar under eitt tak, i det som blir omtala som «enhetslåven».<sup>16</sup> Desse løene, som gjerne har vore raudmåla, har prega landskapet i over hundre år. I dag er denne bygningstypen på veg ut, og utviklinga går igjen mot eigne bygningar for dei ulike funksjonane. Dei tradisjonelle løene er i ferd med å bli ein truga bygningstype.

Dei løene me kjenner til, rommar for det meste fjos og låve under same tak. Løene i Sveio er i hovudsak grindbygde, med tømra fjos. Nokre har òg mura fjos. Frå tida då det var vanleg å køyre inn høyet med «drågsle» (dragslede), har mange løer hatt låvedør på begge langsiden, slik at ein kunne køyra rett gjennom<sup>17</sup>. Dette finst det framleis døme på. I Buavik (123/1) har løa låvebru på begge sider, og har i tillegg hatt ei i ein i enden over fjosen. Løa skal vera frå 1700-talet, men med nyare støypt fjos. Også på Lier (24/3) er det låvebru på begge sider av løa.

Løa i gardstunet på tidlegare bnr 6 på Nordre Mølstre, kan vera ei av dei eldste løene i Sunnhordland. Løa er låg og har ikkje seteskut under fjosen. Utforminga av grindane, som skrår innover, tyder på høg alder. Kanskje kan dei vera frå mellomalderen. Nøyaktig alder kan avklarast ved hjelp av dendrokronologisk prøve.

Etter krigen blei det meir vanleg med silo. Det blei bygd frittstående tårnsilo på mange gardar, og dei nye løene hadde gjerne integrert silo. I dag er tårnsiloen på veg ut att, erstatta av plansilo og rundballar.

<sup>16</sup> Eva Røyrane og Oddleiv Apneseth: Norges Låver, 2014

<sup>17</sup> Emil Økland: Folkeliv i Valestrand først på 1700-talet. Årsskrift for Sveio kystlag 2007

## Jordkjellarar



Jordkjellar, eller potetkjellar, er ein bygningstype som kom for fullt med poteta i siste del av 1700-talet. I løpet av dei neste hundre åra blei det vanleg med jordkjellar på gardane i distriktet; nokre bruk har òg fleire. Utbreiinga i Sveio er konsentrert om visse område. I sør og langs vestkysten nord til Buavåg er det særleg mange, medan ein knapt finn jordkjellarar langs Åljorden nord for Flatnes eller i området rundt Førde. Det kan òg sjå ut til at det er først og fremst småkårsfolk som har bygd (og tatt vare på) jordkjellarar. Kanskje ikkje så underleg; om ein hadde stein og kunne gjera arbeidet sjølv kosta det ikkje noko i reine pengar å setja opp ein jordkjellar.

Etter kvart som det blei vanlegare med kjellar under husa, valde mange å lagra poteter og annan mat der, men det blei bygd jordkjellarar til langt utpå 1900-talet. Sjølv om jordkjellarane meir eller mindre har gått ut av bruk, er det registrert over 100 ståande jordkjellarar/potetkjellarar i Sveio. Nord-Rogaland og Sunnhordland ser ut til å vera eit kjerneområde for utbreiinga av denne bygningstypen.

Byggjeteknikken for kvelvinga inne i jordkjellaren blir kalla utkraging. Dette er ein eldgamal teknikk som òg er kjend frå andre land, mellom anna Irland og Portugal. Kombinert med tekking av jord og torv gjorde dette det mogleg å halda ein innetemperatur på rundt 5°C året rundt, og passe luftfuktigheit til lagring av ulike matvarer. Same byggjemetode har òg vore brukt til bygningar med andre føremål,<sup>18</sup> og det kan ha vore bygd jordkjellarar til lagring av annan mat før det blei vanleg å dyrka poteter på Vestlandet.

---

<sup>18</sup> Tørrmurar Haakon Aase

Dei fleste jordkjellarane er frittstående bygg. To stader i Sveio kjenner me til jordkjellarar som er bygde saman med eldhus (Vikse og Eilerås). Jordkjellaren på Vikse (gnr 70/82) har inngang frå eldhuset, medan eldhus og jordkjellar har kvar sin inngang i den samanbygde jordkjellaren/eldhuset på Eilerås (79/2). Mange jordkjellarar ligg i skråningar slik at det var enkelt å tømme potetene ned gjennom eit hol i toppen. Nokre stader finn me frittstående potetkjellarar med vanleg saltak (til dømes Slettene (36/20), Tjødnabakkjen (23/11) og Årstad (56/14)).

Prioritering: Alle intakte jordkjellarar er listeførte i klasse B. Nokre er del av kulturmiljø i klasse A.

### **Eldhus**

Eldhus er ein stor kategori med mange godt bevarte bygningar. Over hundre eldhus står att rundt om i tuna i Sveio. Ein del av dei har aldri gått heilt ut av bruk. Opphavleg blei dei brukte til ei rekkje ulike føremål – matlaging, baking, røyking, klesvask, ølbrygging, heimebrenning (fram til ca 1850) og tørking av korn. Dei fleste har ei stor grue, nokre har eigne innretningar til spesielle føremål.

Dei fleste eldhusa er bygde i stein. Ein del har tre vegger i stein og trekledning på den sida der døra er – anten det er lang- eller kortveggen. Dei fleste har rasteheller på taket. Ikkje alle eldhus har utvendig pipe. Ofte stoppar pipa før ho kjem til taket - røyken blei sleppt ut gjennom glipene i helletaket. Dei fleste eldhusa er sjølvstendige bygg, men nokre stader finn me døme på at dei er bygde saman med andre bygg, anten på sida eller i høgda. Våningshuset på Kvednabakken på Bråtveit (88/23) er bygd saman med eit eldhus i stein. På Hovda ytre står restane etter eit spesielt stort eldhus frå 1728, som skal ha vore kombinert eldhus og stabbur, medan det på Eilerås og Vikse finst eldhus som er bygde saman med jordkjellarar. Nokre eldhus blir omtala som vaskehus, korntørke eller bryggerhus.

Alle intakte og nokolunde autentiske eldhus er listeførte og klassa som B. Nokre er del av kulturmiljø i klasse A.

**Stabbur:** Det finst rundt 10 ståande stabbur i Sveio. Nokre er lafta, andre grind- eller stavbygde. Sjølve bygget liknar andre småbygg på gardane, men er lett å kjenna att ved at det har «stabbar» i staden for mur til fundament. Stabbane har utkraging øvst for å hindra gnagarar i å koma inn. Av same årsak står trappa eit lite stykke frå døra. Døme: Austvik (118/2), Moldbrekke (97/2), Mølstre(60/5), Ørevik(21/1), Valen nedre(8/3), Nordre Våge (71/1).

**Torvhus og vedhus:** Trass i omfattande bruk av torv til brensel er det berre registrert 5 intakte torvhus, og ein ruin, i SEFRAK. To av torvhusa er grindbygde. Dei torvhusa som er bevart i dag er bygningar som har vore brukt til oppbevaring av torv i tunet, truleg tilsvarende vedhus. Døme: Leite (56/10). Me kjenner ikkje til intakte torvhus i utmarka ved torvmyrene. Ein del stader har det vore torvsvål eller skut i våningshuset (Vandaskog 59/1, Eltravåg 56/19). Det står framleis ein del vedhus rundt omkring i tuna, dei har gjerne den opphavlege funksjonen i behald og blir såleis tekne vare på.

**Fehus, sommarfjos og uteløer:** Fehus og sommarfjosar ligg utanfor eller i tilknytning til bøgarden, slik at ein slapp å føre dyra over innmarka når dei skulle mjølkast om sommaren. I uteløene lagra ein høyr frå teigar som låg langt frå tunet.



*Uteløe på Erve. Løa er intakt innvendig med båsar til kyr.*

**Andre bygningstypar** som er registrerte, og som det finst relativt få av (nokre berre bevart som ruinar), er smier, utedo, brønnhus, sjå, skykkje, vognhus, staurhus. Stall og andre spesialhus for ulike dyreslag er det òg få att av. Namna fortel kva dyreslag ein hadde på gardane: Fehus, hønsesus, smalahus, kalvhus, grishus, geithus... Dette er oftast enkle bygg i stein eller grindverk, og husa for dei ulike dyreslaga skil seg lite frå einannan.

Eigne hus for tenestefolk og andre enn gardbrukaren sjølv, finn me relativt få spor av. På bnr 3 i Førde står ein **paktarbustad**, medan det er registrert ei **drengestove** på Våga (83/3). Desse er truleg bygt som våningshus eller kårhus. Det har òg vore paktarbustad på prestegarden i Førde. Denne blei riven på 1980-talet.

### **Husmannsplass**

Folketeljinga i 1801 har tal på husmenn i dei tre kommunane Valestrand, Vikebygd og Sveio. I Sveio var det på dette tidspunktet 40 husmenn, medan det var 18 i Valestrand og 16 i Vestre Vikebygd. Frå 1820 til 1870 var det ein sterk auke i talet på husmenn i Sveio, og i 1865 var talet heile 270. Husmannsvesenet blei avvikla i første delen av 1900-talet. Der husmannen ikkje kjøpte seg ut og blei sjølveigande, tok han gjerne huset med seg når han flytta. Difor står mange stader berre murane att.

### **Bureisingsbruk**

Etter første verdskrigen blei bureising ein del av politikken for å sikra matforsyning i landet.

Bureisingsbruka blei etablerte på tidlegare udyrka jord, og fekk støtte til nydyrking og oppbygging av driftsbygningar. Jordlova frå 1928 gav drahjelp for bureisinga. Ordninga var uendra til utpå 1960-talet, men dei fleste bruka blei etablerte på 1930-talet. Etter andre verdskrigen gjekk talet på nye bruk nedover. Bnr 15 Solås, utskilt i 1934, og nabobruket bnr 16 Skogli (1936) på gnr 6 Haugsgjerd er

døme på bureisingsbruk. Det siste bureisingsbruket me kjenner til er skilt ut i 1943, og etter dette er det truleg ikkje etablert nye gardsbruk i Sveio.

**Prioritert kulturminne:** 6/16, Skogli

### **Døme på verdifulle gardstun og bygningsmiljø:**

**Haugsgjerd (6/1):** Tun med 5 godt bevarte bygningar frå før 1900, saman med nyare driftsbygningar. Eldste stova i våningshuset er truleg frå rundt 1750, og var den første glasstova på Tittelsnes. Bygd ut til lemstove rundt 1850. Halvtekkja med to kammer på baksida. Tuna på bnr 1 og 2 (utskild som bnr 68) ligg tett saman og dannar eit samla kulturmiljø.

**Einstadbøvoll (7/1):** Freda gardsbruk med 18 bygningar med helletak, dei fleste er òg bygde i stein frå garden. Steingardar og oppmuringar i kulturlandskapet, som strekkjer seg heilt ned til sjøen med naust og steinkai/bryggje. Garden er i full drift med mjølkeproduksjon. Også verdifullt kulturlandskap på andre bruk i området.

**Lier 24/3:** Bruk med svært mange registrerte kulturminne, både intakte bygningar og restar etter bygningar i intakt kulturlandskap med steingardar og bakkemurar. Naust i Liervågen.

**Førde gard (121/1):** Tun frå rundt 1850 med våningshus, løe, eldhus, vedaskut og utedo. Svært godt bevart og vedlikehalde.

**Bentahuset/tunet, Nordre Mølstre (60/140, tidl. Bnr 6):** Tun med våningshus, løe, eldhus, sauehus. Bygningane er restaurert i perioden 2012 – 2020.



*«Bentahuset» på Mølstre, med eldhus, etter restaurering. Også løa og sauehuset er restaurert.*

**Grunnavåg, Fjon (80/2):** Veglaust bruk der landskapet er rikt på kulturminne. To små våningshus, løe (til nedfalls), eldhus, hagemur, vaskehus, rydningsrøyser, ruinar etter fleire bygningar. Bygningane er i dårleg stand og kulturlandskapet er gjengrodd. Ligg i tilknytning til det statleg sikra friluftsområdet Svebakken i Tysvær kommune.

**Oa (107/4):** Velhalde og verdifullt bygningsmiljø og kulturlandskap som er i drift. Staseleg våningshus i sveitsarstil. Modernisering og utviding av løa er gjort med omsyn til heilskapen i kulturmiljøet. Naust i Straumvika med særleg høge steinmurar. Også naust i Oavika.

### **Prioriterte miljø – husmannsplass:**

**Tjødnabakkjen, Straumøy (23/11).** Tun med ståande bygningar, husmannsplass under bnr 1 frå 1858. Utskilt som eige bruk i 1932. Lite og autentisk våningshus (enkel lemstove med utskoten grind), sauehus, løe og potetkjellar i tunet. Kvernhus og naust.

**Kinnabakken og Brakaplassen, Kinn (45/7).** Intakte murar etter to husmannsplassar. På Kinnabakken står mellom anna murane etter samanbygd våningshus og løe, og ein jordkjellar. Garden Kinn hadde kvern i Kinnabekken like ved. Her er det framleis ein flott stem/bru og ruin etter kverna.

**Staupe (117/1 m.fl):** På det meste skal det ha vore åtte husmannsplassar under Staupe-garden. Tre av dei blei seinare skilde ut som eigne bruk. Det er ståande bygningar på to av husmannsplassane, og tufter etter fleire av dei andre. Garden Staupe har som heilskap eit verdifullt og velhalde kulturlandskap som er rikt på kulturminne.

**Krokane (69/85):** På det avsidesliggjande plassen Krokane, vestre Vikse, budde den kjende Smørsundkjerringa (omtala i eigen tekst under 2.3.9). Berre tuftene står att etter husa.

Desse gardstuna er klassifiserte i verneklasse A. Nærare omtale av dei finst i verneplanen. Sjå òg døme på verdifulle kulturlandskap, og liste over kulturminne i verneklasse B.

### **Andre kulturminne på gardane**

**Steingardane** pregar landskapet i Sveio. Dei kan vera enkle (dvs. mura frå ei side), eller doble kistemurar som er slette på begge sider og med fyll i midten. Dei fleste er bygde som grensegjerde etter utskiftinga i jordbruket i siste halvdel av 1800-talet, medan dei som skil innmark frå utmark kan vera eldre. På Einstadbøvoll (7/1) er dei mange og lange steingardane bygde med god stein frå eige steinbrot, og hellelagde på toppen. Andre stader, spesielt sør og vest i kommunen, har ein hatt vanskelegare stein å mura med. Det har ikkje hindra at det er bygt kilometervis med høge, stabile steingardar også i desse områda. Eit døme er Hovda (ytre), der muraren Samson Hovda bygde steingard rundt heile garden. Det meste av denne er framleis intakt. Også Tråvås har steingard rundt heile innmarka.

**Geil:** Ei geil, i Sveio ofte omtala som kuveg, er ein veg eller fegate med murar på begge sider, som førte frå tunet og ut til utmarka. Den blei brukt til å sankta dyra inn frå utmarka, og hindra dei i å gå på innmarka når dei blei jaga til og frå beite. Ordet geil ligg til grunn for mange norske stadnamn, mellom anna Geilo i Auklandshamn og den meir kjende skibygda i Buskerud. I Sveio er det i dag få døme på intakte geiler. Ved Mannaberget i Sveio sentrum ligg ei geil som kan vera frå mellomalderen, og som difor er automatisk freda. Denne er nyleg gjort tilgjengeleg som del av tursti. På Nedre Lier (99/1) er ei lang geil restaurert ved hjelp av SMIL-midler.



*T.v. Geil, Lier gnr 99 bnr 1. T.h. geil ved Mannaberget (40/3), brukt som tursti og snarveg til skulen.*

**Rydningrøyser:** Den steinen som blei rydda ved nydyrking, og som ikkje blei brukt til husmurar eller steingardar, blei gjerne lødd opp i rydningrøyser ute på bakken. På Hovda ytre, 55/5, er det særleg flotte rydningrøyser.



*T.v. rydningrøyser, Åseåsen. T.h. Steingard, Tjernagel.*

**Bakkemurar og vegar** er òg viktige element i kulturlandskapet. Bakkemurar blei laga for å gjera bratt og ulendt terreng meir lettdrive. Dei brattaste stadene eignar seg oftast dårleg for moderne drift, difor er desse murane bevarte mange stader. Vegar som er laga for hest og hestereiskap er derimot ofte planerte ut eller gjort breiare for å gje plass til traktor. Men mange stader er også desse bevart.

**Murar generelt:** Bruken av stein i steingardar, bakkemurar og husgrunnar er eit viktig element i kulturlandskapet i Sveio. Ulike bergartar rundt om i kommunen gjer at murane òg får sitt heilt lokale særpreg. Handverket i mange av desse murane er imponerande, kanskje særleg der ein har hatt vanskeleg stein å jobba med. Det at dei er bygde med stein frå staden, gjer òg at murane blir ein del av landskapet på ein heilt annan måte enn nyare murar av innkjøpt stein.

**Kanalar og grøfter:** Steinsette kanalar er bygde for å kontrollere og utnytte vassressursane. Kisteveiter er kulturminne skjult i dyrka jordbruksareal. Stein vart lagt slik at det danna seg eit lukka grøftesystem. I samband med ny drenering blir desse ofte erstatta av røytrar i plast.

**Kystlynghei** er ein truga natur/kulturlandskapstype som er avhengig av aktiv beiting og skjøtsel for å oppretthaldast. Sveio har fleire område med verdifull kystlynghei, særleg sør i kommunen. Ryvardsmarka mellom Ryvarden og Lyngholm, Nesheim, utmarka mellom Eltravåg og Vandaskog og eit område på Vikse/Ekrene er dei viktigaste områda for kystlynghei i Sveio. Store deler blir halde ved like ved beiting og sviing, og Sveio kommune har aktivt støtta dette arbeidet, mellom anna gjennom SMIL-ordninga.

**Torvmyrer:** Fram til 1950-talet var det ei omfattande utnytting av torv til brensel i Sveio. Spesielt sør og vest i kommunen hadde ein lite anna brensel og var avhengig av denne ressursen. Det blei òg tatt ut torv for sal. Bruk som ikkje hadde eigne torvmyrer, hadde tinglyste rettar til å ta ut torv og røter andre stader. Utspadde torvmyrer og spor etter ferdsleveggar fram til desse finn ein overalt i utmarka. Det er ikkje gjort nokon fullstendig registrering av torvmyrer og torvskorer i Sveio, men noko er med i kulturminneregistreringa. Mange hadde eigne torvhus ved torvmyrene. Me kjenner berre til ruinar etter desse. Biletet under viser ei torvskor på Kleivå, Vandaskog.



### Hellebrot

Uttak av skiferheller har vore ei viktig tilleggsnæring for ein del bønder, og har hatt stor påverknad på byggeskikk og bygningskvalitet, spesielt nord i kommunen.

«På landet Wallestrand.... befindes Bierg-Arten næsten over alt at være af en skiferaktig Beskaffenhed; såvel nede ved søekanten, som på Gårdene og i deres Udmærker». Dette skriv sokneprest Eric Olsen i 1797, i ei lita bok om helleberga på Tittelsnes. Han var ein føregangsmann som ivra for å auka bruken av stein til bygging av uthus og til takteking, mellom anna for å spara på skogen, som mange stader var i ferd med å bli uthoggen.

På Tittelsnes var det ei rekkje hellebrot. På 1800-talet hadde hellebrota mykje å seia som inntektskjelde for bøndene på gardar som Einstadbøvoll, Haugsgjerd, Hauge og Gramshaug. Ikkje minst husmennene hadde god nytte av desse inntektene. Verksemda gav òg arbeid til mange utanbygds folk. I 1920-åra vart det stort sett slutt på arbeidet i hellebrota<sup>19</sup>, men i seinare tid har noko av aktiviteten blitt tatt opp att.

I løpet av 1800-talet blei det lagt helletak på størstedelen av bygga i Sveio, både på våningshus og uthus. Svært mange er intakte i dag, men mange av desse tunge taka er òg på veg ned som følgje av forfall eller omteking. Etter kvart gjekk mange over til å leggja lettare tak, som lappskifer eller hollandsk takstein, som ikkje kravde like krafting takkonstruksjon. Vern av dei attverande helletaka er viktig for å bevara særpreget ved bygningar i Sveio.

### Prioriterte kulturlandskap og kulturmiljø i landbruket:

**Staupe(117/2 m.fl):** Gardsmiljø med fleire verdifulle bygningar, og kulturlandskap som er halde ope med beiting. Fleire bruk med intakte bygningar og miljø, ruinar etter fleire husmannsplassar. Naust, notahus mm.

**Lier (99/1 og 2, 100/1):** Kulturlandskapet på Øvre og Nedre Lier står fram som ein godt bevart heilskap med bakkemurar, steingardar, geil, styvingstre mm. Ein del særleg flotte murar på 99/2. Gardane er i drift og kulturlandskapet blir halde ved like. Her er det først og fremst landskapet og

---

<sup>19</sup> Kulturhistorisk leksikon, Hordaland Fylkeskommune

ikkje bygningane i seg sjølv som har høg verneverdi, men bygingane har verdi som del av kulturlandskapet.

**Åse (41/4):** Gardstun og kulturlandskap. Garden er gamal, men bygningane er frå første halvdel av 1900-talet. Tunet ligg ved foten av den markante Åseåsen, i eit svært harmonisk og godt bevart kulturlandskap med vegar, rydningsrøyser og steingardar. Også kulturmiljø på bnr 2 og 3 (B, C) er del av heilskapen. Åseåsen er verna som viktig område for gamal naturbeitemark og slåttemark, med svært artsrik eng.

### 2.3.2 Bruken av vassdraga

#### Kverner

Mest alle gardane hadde tilgang til kvern. Om dei ikkje hadde eit eige vassdrag som eigna seg, kunne kverna liggja på ein annan gard. Mange hadde kvern i lag, men nokre gardar hadde òg fleire kverner. I Sefrak er det registrert 15 ståande kverner/kvernhus og heile 72 tufter og ruinar etter kverner. I dag står eit titals kvernhus att, i varierende stand. Nokre er fint restaurerte, andre truga av forfall. Alle dei kvernene me kjenner til i Sveio er tømra. Men så nær som på Karmøy finn me døme på at kvernhus var bygde i stein.

Namn som Kvednaneset (fleire stader), Kvednavikjo og Kvednabekken fortel kor det har vore kverner. Der det har vore kvern, er det òg ein stem som har vore brukt til å regulera vassføringa. I same bekkefara har det mange stader òg vore sag og stampe. Stemmar og fundament etter kverner er i stor grad bevarte slik at ein lett kan finna ut kor kvernhusa sto. Ofte ligg òg kvernsteinane att.



*Loknakvedno er restaurert og kan nyttast til å mala korn. Bruk av kverna blir demonstrert på den årlege Kvednadagen.*

På Einstadbøvoll er det òg registrert ei mølle, «Olesmølla», med stem og fundament etter røyrgate. Denne er bygd i stein rundt 1850, men det blei truleg aldri mole korn her. Bygdemølla til Tomin Våge på Vikse (frå ca 1916) var derimot i bruk heilt til tidleg på 50-talet, og står framleis. Bygget blei opphavleg nytta som tønnefabrikk.

#### Stamper

I stampene blei ulla tova til vadmél. Det er registrert ruinar etter fem stamper i Sveio. Ei er flytta frå Røykenes og står i Vikabekken på Stord, som del av Sunnhordland Museum sine samlingar. Det er òg ruin etter stampe i Ånå ved innkøyringa til Krossleitet. Her sto òg ei kvern, og begge bygningane blei overtatt av museet i Haugesund i 1946. Dei er ikkje sett opp att, men stampa finst framleis på lageret til museet.



*Stampa frå Røykenes, som no står i Vikabekken på Stord som del av Sunnhordland Museum sine samlingar. Foto: Bjørn Arve Lunde, Sunnhordland museum.*

### **Sager og tømmerhandel**

Den såkalla "Skottehandelen" var svært viktig på Vestlandet og ei stor næring i Sunnhordland. Frå 1500-talet og fram til 1800-talet vart tømmer skipa ut sjøvegen til mellom anna Skottland og Shetland. Mange seglskuter segla inn i fjordane og henta tømmer og trelast. Denne handelen la eit godt driftsgrunnlag for vassdrivne sager i dei skogrike områda langs Ålfjorden.

Oppgangssaga i Ervesvåg er nemnd i ei kjelde frå 1688. Dei høge murane etter denne står framleis inst i vågen og er i god stand. På 1800-talet blei det bygd ny sag, truleg ei sirkelsag, lenger ute. Denne fall saman på 1980-talet. Røykenes og Selsås hadde sager i Røykeneselva. Av desse står bygget til Selsåssaga att i dag, men utan sjølve sagbruket. Røykenessaga, som sto nede ved sjøen, bles ned i ein storm for nokre tiår sidan. Det har òg vore sag mellom anna på Drange. På Erve er ei nyare sag frå 1950-talet intakt. Her var det òg bøkkarverkstad.

### **Kraftverk**

Vasskrafta i Sveio har i liten grad vore brukt til produksjon av elektrisitet. Men i Førde blei det starta bygging av ein kraftstasjon i 1941, som truleg blei sett i drift året etter. Bakgrunnen var at krigen gjorde det vanskeleg å få tak i parafin til lys. Straumen skulle berre brukast til lys, difor starta kraftverket opp i kveldinga og stoppa klokka 23. I tillegg var det sett av ein dag i veka til stryking, og ein dag til kutting av knott til bussane. Vatnet i elva skulle òg brukast til å driva treskeverk og kverner.

Kraftverket var i drift til Karmsund Kraftlag kom med straum i 1952. Seinare sto bygget til nedfalls, og blei rive på 80-talet. I dag kan ein sjå restane av kraftverket ved elva.

Ei tid var det òg kraftproduksjon i kvernhuset på Røykenes. I kvernhuset på Vandaskog blei krafta nytta til lading av batteri under krigen<sup>20</sup>. Også i bygdemølla på Vikse skal det ha vore produsert straum.

**Prioriterte kulturminne, vassdragsmiljø:** Røykenesvassdraget, Haugsgjerdelva, bygdemølla/tønnefabrikken på Vikse, Kvednabekken på Ørevik (B), kverna på Lokna med fleire.

### 2.3.3 Bruk av sjøen

Sjøen var ferdsleveg og gav livsgrunnlag. Mest alle gardane hadde sjørettar og gardsnausta finn me att langs heile kysten. I tillegg var det behov for andre slags hus knytt til bruk av sjøen: Nothus, nothengje, sjøbuer og saltebuer. I perioden med stort vårsildfiske fungerte mange av sjøhusa òg som bustadhus eller sesongovernatting, men i dag er det få slike kombinerte sjøhus att. Under dei store sildefiska på 1800-talet blei det bygt opp ei rekkje store saltebuer, men berre eit fåtal av desse står att i dag.

#### **Gardsnaust og båtstøer**

Nesten i kvar einaste vik med nokolunde gode hamneforhold ligg det eitt eller fleire naust. Ordet naust tyder «der båten står». Båten og utstyret som høyrer til må sjåast på som ein funksjonell heilskap. Der gardane ikkje har hatt god hamn sjølv, har dei oftast båtfesterettar eller nausttomter på andre gardar. På vestkysten av Sveio finst det òg døme på at ein har måtta byggja naust der det ikkje er skikkeleg hamn. På Hovda ytre (gnr 55) ligg tre naust i vêrharde Geitavika trekte langt opp på land. Andre stader har særleg gode hamner gitt plass til naust frå ei rekkje gardar. Det største samanhengande naustmiljøet i kommunen finn me i Vihovdevikjo. Her har gardane øvre og nedre Vihovda, Berge og Rindo nausta sine. I vika er det åtte ståande naust og to naustrinar frå 18- og 1900-talet, der sju av nausta dannar ei samanhengande rekkje. Spesielt for dette miljøet er òg at fleire båtstøer og bryggjer er intakte. Naustmiljøet i Vihovdevikjo har særleg høg verneverdi og er mellom anna peika ut som A-område i regionale planar for sjøbruksmiljø.

---

<sup>20</sup> Sigurd Tveit: Bygdelangs (1995)



*Eitt frittliggjande naust og sju naust i rekkje dannar eit heilt spesielt sjøbruksmiljø i Vihovdevikjo, saman med to naustruinar inst i vika. Miljøet har lenge vore truga av forfall, men det er planar om restaurering av fleire naust.*

Dei fleste nausta langs Sveio si nesten 300 kilometer lange kyst er små og ligg godt inn i terrenget for å vernast mot ver og vind. Dei er bygde i stein eller grindkonstruksjon, og har oftast hatt helletak. Berre nokre få er lafta. I Nore Vikjo, Austvik (118/1) ligg eit særleg stort steinnaust med helletak. Det har trekledning i gavlveggene. Også naustet på gnr 107 bnr 4 i Oavika, skil seg ut med svært høge og flotte steinmurar på langveggene. Desse to nausta er godt vedlikehaldne og i stor grad autentiske.

Naust og andre sjøbruksbygningar fortel mykje om kulturhistorie og levemåtar i kystkommunen Sveio. Men nausta er særleg utsette for ver og vind og dessverre står mange til nedfalls. Klimaendringane framskundar forfallet, og i perioden sidan kulturminneplanen først blei vedteken har forfallet eskalert i nokre av dei viktigaste sjøbruksmiljøa våre. Sikring og vern av sjøbruksmiljøa blir ei viktig oppgåve i neste planperiode.

*Døme på verdifulle miljø med gardsnaust: Naustvikjo på Haugsgjerd, Hauglandsvik, Vihovdevikjo, Geitavika på Hovda.*

### **Ålfjordnausta**

Langs Ålfjorden hadde mange bøkring og båtbygging som tilleggsnæring (sjå bakgrunnstekst). Her hadde gardane for det meste godt med skog og nærleik til fleire sager, og forholda låg såleis betre til rette for slik verksemd enn på vestsida, sjølv om det blei drive bøkkarverksemd her òg.

I dag står 6 - 7 typiske «Ålfjordnaust» med rom for bøkring oppe og naust for båten nede, att. Fleire av dei er i dårleg stand. Friluftsrådet Vest har planar om å restaurera naustet som ligg i friområdet Selsåsvika. Det er tre slike naust på Stualand, to på Selsås, eitt på Erve og eitt på Framnes. Det har òg vore drive bøkkarverksemd i andre bygg. Fleire av stadene blei det òg drive båtbygging. Bøkring

heldt fram i første halvdel av 1900-talet. Det seinaste dømet me kjenner til er frå Erve, der ein heldt fram heilt til midten av 50-åra, då det var slutt med stor- og vårsilda<sup>21</sup>.



*Naust med rom for bøkkarverkstad oppe, som er typiske for området langs Ålfjorden. Vindauga gav lys til arbeidet. Frå venstre Erve Selsåsvika og Åkervika/Stualand. Alle har intakte båtstø med lunnar. Det finst òg liknande naust på austsida av fjorden, og andre stader på Vestlandet. Då kan bua ovanpå naustet ha hatt ulike bruksområde.*

**Døme på verdifullt sjøbruksmiljø knytt til bøkkring og båtbygging:** Selsåsvika, med to bøkkarverkstader og strand der det blei bygd skip på 1800-talet.

### **Notahus og nothengje**

Notahusa blei brukte til lagring av nøter, medan nothengjene var til tørking. Notahusa i Sveio er små og har oftast ei smal dør på sjøsida. Det står nokre få slike hus att langs kysten. Fleire står til nedfalls. Dette er ein sjeldan bygningstype og det er viktig å sikra at nokre blir tekne vare på. Mellom anna er det notahus på Brokanes, Staupe, Nappen og Drongsvågen. Nothengjer har me ikkje igjen i Sveio. Den siste sto i Svinavikjo på Tittelsnes, om lag der «Ålfjorden brygge» ligg i dag. Hengja bles ned i ein storm på 90-talet.

<sup>21</sup> Sigurd Tveit: «Sagbruk, bøkkring og båtbygging langs Ålfjordens vestbreidd», frå Bygdelangs (1995)



*Nothus, Liervågen.*

### **Sjøhus**

I samband med handel og sildefiske på 17- og 1800-talet blei det bygt ei rekkje større sjøhus langs kysten (sjå bakgrunnshistorie). Berre få av desse står att i dag. Restar etter murane står att nokre stader, medan sjølve bygget blei gjerne flytta etter som silda og med den verksemda på land flytte seg til nye område.

Det eldste av dei store sjøhusa er det nesten 150 m<sup>2</sup> store sjøhuset «Sjøtun» i Buavåg, som skal vera bygt på midten av 1700-talet. Det har vore bøkkarverksemd, sildesalteri, butikk og bustad i bygget. I andre etasje er det to soverom, butikk og vinde. I 1873 blei det funne gull på Hovdaneset, og gullet blei skipa i land ved sjøhuset. Det blei bygt eit gullvaskeri like ved. Av dette står murane att. I 2017 blei sjøhuset kjøpt av Sveio gullforening, Bua Ungdomslag og Sveio kommune, for å sikra at bygget framleis skal vera ålment tilgjengeleg. Sveio gullforening disponerer sjøhuset, som blir brukt til kulturføremål.



*Sjøhuset «Sjøtun» i Buavåg har ei rik historie knytt til både sildesalting, handel og gullutvinning, og er i dag i bruk til kulturarrangement.*

### **Bustadhus til sjø/kombinerte sjøhus**

I dag finst det relativt få bustadhus som ligg heilt i sjøkanten i Sveio, men tidlegare har det vore vanleg at fiskarar, strandsitjarar eller handelsmenn har hatt sjøhus med bustad ovanpå. Mange av dei store saltebuene hadde òg eitt eller fleire rom i bakkant der sesongarbeidarane budde.

På Vatna i Valevåg(8/97, tidl. bnr 4) ligg eit stort sjøhus/butikk/bustad i to etasjar, bygt rundt 1910. Det er svært godt bevart med intakt butikk i første etasje og bustad over. Sjøhuset ligg i eit utbyggingsområde. Det er planar om ny bruk som leilighet og selskapslokale.

I Eltravåg ligg eit kombinert bustadhus og butikklokale på kaien. Her er òg fleire bustadhus som ligg heilt til sjø, med sjøhus i heile eller deler av første etasje. Dei opphavlege fargane, med raud sjøhusetasje og kvitt bustadhus oppe vitnar om sambandet til Espevær, rett vest for Eltravåg. Denne byggeskikken vaks fram i perioden ca 1850-19120 i området rundt Søre Bømlø (særleg Espevær, Langevåg, Hiskjo, Eltravåg), som var eit kjerneområde for sildefisket. Kombinasjonen av bustadhus og sjøhus finn me òg døme på mellom anna i Buavåg, Tjernagel, på Straumøy og på Nappen.



*Sjøbu med husvære på Straumøy (23/21) og bustadhus i sjøkanten på Nappen (10/12)*



*Sjøhuset Vatna i Valevåg har opphavleg hatt butikk og leilegheit i bakkant, og lagerrom mot sjøen. Det er under restaurering med planar for ny bruk.*



*Sjøbruksmiljø med kombinerte bustadar og sjøhus, Eltravåg*

Høyringsutkast

## Det store vårsildfiskeriet på 1800-talet Av Sverre Halleraker

Åra mellom 1808 og 1870 blir kalla den store vårsildperioden. Ikkje noko fiskeri i dette landet har vore i nærleiken av å ha like høg deltaking som dette fiskeriet. På det meste var over 50 000 personar med på fiskeriet, anten som fiskarar, transportørar, eller som arbeidarar ved salteria. Alle arbeidsføre menn ville vere med på det eventyrlege fiskeriet. Ein god sesong kunne gi ei heil årsløn i fortieneste. Sveio låg plassert midt i det området som hadde størst og mest stabile innsig av vårgytande sild. Fangstane var eventyrlege, og fiskarane kunne tene store pengar. Dei beste åra blei det fiska over 800 000 tønner vårsild i dei hektiske vintervekeane kor silda kom til land i store stimar for å gyte. I gode år blei nær halvparten av fangsten teken i Finnås prestegjeld, som utgjorde Bømlo og Sveio.

### Yrande liv i hamnene

Når garna var sette om kvelden, samla det seg fleire tusen fiskarar i dei beste hamnene. Det var stor rift om fortøying-splassar og overnattingsplassar. Mange overnatta i naust og sjøbuer, og mange overnatta i eigne losjifartøy dei hadde med seg. Om kveldane var det eit yrande liv i hamnene. Fiskarane hadde pengar mellom hendene, og handelsmennene skjenska fiskarane i sjøbuene. Alkoholmisbruken var omfattande, og det var ikkje uvanleg med kranglar, konflikhtar og slåsskampar mellom fiskarane. Espevær var den desidert viktigaste hamna for vårsildfiskarane. Her kunne det på det meste vere samla 30 000 fiskarar på ein gong. I Sveio var Mølstrevåg viktigaste hamn, men Lyngholm, Eltravåg, Buavåg, Tjernagel og Økland var og viktige hamner kor fiskarane samla seg om kveldane. Fire eller fem fiskarar gjekk som regel saman og danna eit

garnlag. Kvar av dei hadde med seg fire eller fem garn. På dei beste dagane kom fangsten til eitt garnlag opp mot 10 000 sild, eller om lag 20 tønner. Etter at fangsten var komen i båten, var det om å gjere å få seld silda medan ho var fersk og fin. Fiskarane selde fangstane sine til eigne oppkjøparar ute på fiskefelta, eller direkte til salteri på land i hamnene. Vårsilda blei gana, salta og flolagd i tønner. Utpå våren blei det meste av den norske vårsilda frakta til ulike hamner på austsida av Austersjøen, og her blei silda lagt ut for sal. I tiåra midt på 1800-talet blei det bygd svært mange sjøhus til sildesalting langs kysten mellom sorspissen av Karmøy og nordspissen av Bømlo. Sjøhusa spratt nærast opp som paddehattar. Mellom 1820 og 1865 blei det bygd rundt 1000 salteri i dette området. Før 1820, blei det meste av silda frakta til salteri i Stavanger eller Bergen, eller til salteri ved handelshusa til kjøpmenn frå byane som dreiv handelshusa langs skipsleia.

### 48 saltebuer

I Sveio blei det bygd mange salteri, og mange av salteria i Sveio var store og hadde stor kapasitet. Historiske kjelder viser at det var minst 48 saltebuer i det området som i dag utgjer Sveio kommune. Mølstrevåg var som kjent den viktigaste hamna i Sveio, og her var det 12 salterier, i tillegg til eitt på Avløppet og eitt på Straumsvold. Går me nordover finn me ei saltebu i Søravikå på Rødmyr. Både på Lyngholm, på Eltravåg og i Buavåg var det tre saltebuer. På Tjernagelholmen var det fire saltebuer, medan det var heile 13 salteri i Øklandsområdet. Vidare nordover var det tre salterier ved Liereid, medan det var tre salterier ved Valevåg. Storleiken på salteria varierte mykje, men dei hadde som



*Frå vårsildfisket ein stad langs Slettå i 1880-åra. Ukjend fotograf.*

regel ei grunnflate på mellom 50 og 100 kvadratmeter. På kvart salteri kunne det vere mellom ti og tjue arbeidarar i hektiske periodar, og på det meste var det rundt 700 arbeidarar ved salterier i Sveio. Eit salteri hadde ofte to heile etasjar, i tillegg til loft. Sjøhusa hadde som regel fleire funksjonar. Første etasje blei brukt til salteri og lager for ferdige tønner. Loftet var som regel lager for tomme tønner, medan andre etasje ofte var overnattingsstad for fiskarar og arbeidarar, eller permanent bustad. I gjennomsnitt hadde salterier i Sveio ein årleg kapasitet på 1000 tønner ferdigsalta sild. Til saman var det investert over 20 000 spesidalar i desse sjøhusa.

### Mølstrevåg og Lyngholm

I Mølstrevåg låg sjøhusa tett som perler på ei snor langs det meste av Mølstrevågsneset og på nordsida av Mølstrevågghamna. Landhandlar John Simonsen Mølstre bygde eit stort salteri med ei grunnflate på 243 kvadratmeter på Mølstrevågsneset. Tre av salterier i Mølstrevåg blei bygde av kjøpmenn frå Stavanger, medan resten blei bygde av bønder og husmenn frå Mølstre og andre stader i Sveio. Deler av det største salteriet i Sveio står der enno. Me finn det heilt sør på garden Lyngholm, nærare bestemt i Kipervika på det som tidlegare var husmannsplassen Treet. Her bygsla bergenskjøpmennene Rolf og Rudolf Grip ein sjøhusgrunn med eit flatemål på 890 kvadratmeter. Då leigeavtalen blei inngått i 1847, var sjøhuset allereie bygd. Den årlege grunnleiga var 2 spesidalar og 60 skilling til grunneigar Simon Olsen Lyngholm så lenge det gjekk føre seg vårsildfiske på «Sørafeltet». I tillegg skulle salteriet kvart år gi tre tønner sildegan til husmann Knut Andreas Anderssen Treet.

Den store saltebua på Lyngholmstreet blei brannforsikra. Branntakstprotokollen viser at sjøhuset hadde ei grunnflate

på 301 kvadratmeter. Golvflata i andre etasje var på 232 kvadratmeter, mens loftet var på 69 kvadratmeter. I tillegg hadde salteriet to svalor, den eine på 113 og den andre på 25 kvadratmeter. Til saman blir dette heile 740 kvadratmeter. Det meste av arealet blei brukt til sildesalting, men deler av den øvste etasjen var innreia til våningshus med to store tømra rom og kjøkken. Salterikapasiteten til dette store sjøhuset var i overkant av 3500 tønner kvart år. Bønder og bygdefolk tente gode pengar på fisket, og på produksjon av tønner og anna utstyr til fiskarane. Inntektene frå fisket genererte etterspurnad etter mange varer, og dette sette fart i handel og vareproduksjon i bygdene som tidlegare i stor grad var prega av naturalhushald, kor kvar gard produserte det meste av dei varene dei hadde bruk for. Vårsilda skapte pågangsmot, entreprenørskap, kreativitet, optimisme og tru på framtida. Dessutan var sildefisket sosialt utjamnande. Fiskelykka kunne vere like stor for ein fattig husmann som for ein rik handelsmann. Prestar og embetsmenn skulda bøndene for å forsømme jordbruket til fordel for sildefisket, men det viser seg at veksten i jordbruksproduksjonen i Sveio på 1800-talet var større enn auken i folketalet. Med andre ord så har inntektene frå sildefisket blitt brukt til å modernisere og effektivisere jordbruket. Trass i at mange hadde gjort seg for avhengige av inntektene frå silda, og at enkelte hadde investert for mykje, blir konklusjonen at vårsildfisket på 1800-talet hadde ein positiv effekt for bygdene i Sveio.

### Kjelder:

Sverre Halleraker, *En munter travelhet, hovudfagsoppgåve i historie UIB, 1997.*

Sverre Halleraker, *Sveio midt i silda-eventyret, i Tilbake til rotene, 2012.*



Handelsstaden i Mølstrevåg på eit postkort frå 1908. Bygningsmassen er i stor grad som den var nokre tiår tidlegare, då John Simonsen Mølstre dreiv det stort med sildesalting og sildeeksport der. Det store sjøhuset i midten av bildet blei nytta til sildesalting. Utgjeve av Stavanger portrettanstalt 138, ukjend fotograf.

# Sagbruk, båtbygging og bøkring

Av Sverre Halleraker

Det har vore produsert trelast for sal i skogane i Sveio heilt sidan 1300-talet, og i starten var det utanlandske handelsskip som kjøpte trelasta. I starten var det hollendarar og engelskmenn som kjøpte trelast, men etter kvart var det skottane som tok over. Då oppgangssaga blei teken i bruk på våre trakter rundt 1550, auka trelasthandelen i omfang. Fleire oppgangssager var i sving i Sveio rundt 1600, både langs vestsida av Ålfjorden og i Førdespollen. Det var oppgangssager på Drange, på Lindås, på Røykenes og i Ervesvågen. På gardane rundt sagene var folk i sving med skogsarbeid heile vinteren. Ved sagene blei det skore bjelkar, bord, sperr og skipstømmer. Skåtabjelkar har vore eit uttrykk i Sunnhordland heilt fram til våre dagar. Skottane kjøpte og emneved til ulike kar. Dessutan kjøpte dei tønneband og tønneband. Dei kjøpte og mykje brennved, og enkelte kjøpte ferdige båtar.

I løpet av ein sommar kunne så mange som 100 handelsfartøy frå Skottland kome til Sunnhordland, og fleire av desse segla inn Ålfjorden, medan andre segla inn Førdespollen. Skotteskipa hadde med seg alle mulege slags varer som dei selde til bøndene i Sveio. Dei hadde med varer som korn, mjøl, salt, malt, tøy, skinn, seglduk, fiskegarn, sko, steintøy, jerngryter og verktoy. Dei hadde og med seg varer som øl, vin, brennevin, tobakk og sukker. Dette var nye og eksotiske varer som var med på å endre levemåten i Sunnhordlandsbygdene.

## Frå skottehandel til tønneband og skipstømmer

På 1700-talet tok skottehandelen slutt. Mykje av skogen i Sveio var då hoggen ned, og skogsdrifta i bygdene våre blei kraftig redusert i ein periode. Utover 1800-talet blei det full fart i hogsten og sagbruka att. Det var slutt på eksporten av trevarer, men det eventyrlige vårsildfisket skapte ein sterk etterspurnad etter ulike trevarer. Det var ein sterk etterspurnad etter tønneband og ferdige tønner. Ein god fiskesesong kunne krevje over 700 000 nye tønner. Det store aktivitetsnivået fiskeriet innebar, førte til at det blei reist mange nye bygningar ute ved kysten. Nybygginga førte til at ein måtte skaffe til veie store mengder tømmer og kledning. Fiskeriet kravde og ein relativt stor flåte av små og mellomstore fartøy til å transportere sild til salteriar og til å stå for eksporten av ferdigsalta sild. Derfor skapte vårsildfiskeriet ein sterk etterspurnad etter skipstømmer. Sjølv bygginga av dei nye fartøya gav også arbeid til mange.

Eg vil her bruke lensmannen si femårsmelding for åra 1861-1865 for å illustrere den store veksemda som gjekk føre seg i Sveio. Lensmannen skriv at 70 av dei 170 gardane i tinglaget, som også omfatta Vikebygd, hadde skog av nemneverdig verdi ved utgangen av 1865. For desse 70 gardane var skogen ein stor ressurs som dei visste å utnytte. Skogen var blitt merkbar redusert dei siste åra. Bøndene i Sveio brukte skogen til å produsere tønneband, til vedhogst, og til hogging og skjering av skipstømmer. I femårsperioden var det fleire stader i distriktet bygd fartøy av materialar henta frå skogen i distriktet. Aktiviteten var omfattande gjennom store delar av året. Skogen skulle hoggast, og tømmeret skulle kappast og kvistast, for deretter å

skjerast i bjelkar og bord. Mykje av skipstømmeret måtte spesialtilpassast, og ein måtte vere nøye med kva trevirke ein valde ut. Bygningsmaterialane måtte fraktast ned til sjøen kor fartøyet skulle byggast. Lensmannen skriv at fleire bygningsarbeidarar, tømmerarar og snikkarar hadde vore med på bygginga, men at dei ikkje hadde hatt arbeid med fartøybygginga heile året. Eit byggelag, som stod for bygginga av eit fartøy, hadde som regel mellom 20 og 30 mann.

Det var årleg skore 200 000 tønneband av furu. I tillegg blei det laga ein del ferdige tønner for sal. Omfanget av denne produksjonen er ikkje talfesta. Kvart år blei det og seld ein stad mellom 150 og 160 famnar ved. Dette var ved av både furu og bjørk. Veden blei seld til Bergen og til Haugesund, og dessutan til handelshusa på vestkysten av Sveio.

## Sirkelsaga

Lensmannen nemner ein viktig teknisk nyvinning som var teken i bruk fleire stader i distriktet i femåret, nemleg sirkelsaga. Sirkelsaga letta og effektiviserte skjeringa av tønneband og bord i veldig sterk grad. Tidlegare hadde ein brukt handsag til å kappe tømmeret og øks for å hogge til tønnebanden. Til å skjere borda hadde ein brukt handsag, kilar og øks, men fleire stader nytta ein og den vassdrivne oppgangssaga. Med dei nye sirkelsagene kunne ein med ei sag skjere frå 600 til 1000 tønneband på ein dag.

Talet på fartøy over 3 kml. bygde i Sveio (Fjære tinglag) i ulike femår

Femår:	Tal:	Kml. totalt:	Kml. gj.s.
1846-50	5	37	7,4
1851-55	9	211	23,4
1856-60	8	203	25,4
1861-65	8	119	14,9
1846-65	30	570	19,0

*Kjelde: Futmeldingar og lensmannsmeldingar 1846-1865*

På bakgrunn av lister i futen sine femårsmeldingar, har eg laga ein tabell som viser kor mange fartøy som blei bygde i Sveio kvart femår, og kor stor lasteevne dei hadde. Dei fleste fartøya som ein bygde i Sveio, hadde sin byggeplass langs vestsida av Ålfjorden. Dei fartøya som skulle brukast i utanriksfart, måtte ha eit såkalla bilbrev. Eg har funne 15 fartøy med bilbrev som var bygde i det området som no utgjer Sveio. For tre av desse får me ikkje vite kor i prestegjeldet dei er bygde, medan resten står oppført med garden dei blei bygd på. Ni av desse blei bygde langs Ålfjorden, på strekninga mellom Tittelsnes i nord og Våga i sør, medan tre var bygde i Valevåg. Eit fartøy var bygd på garden Eidsvåg, og eit fartøy var bygd på Bjørgjo. På Røykenes blei det bygd eit fartøy med bilbrev, på Selsås stre, medan det blei bygd eit fartøy på kvar av gardane Framnes, Oa og Hovda.

Fartøya som blei bygde i Sveio på 1800-talet var for det meste av typen jakt, og dei var som regel kravellbygde.

Storleiken på jaktfartøya varierte mykje, og dei som blei bygde i Sveio hadde lengder som låg mellom 30 og 60 fot. I åra 1855 og 1856 bygde ein to skip på garden Selsås som var uvanleg store til å vere bygde her i distriktet. Det eine var ein skonnertbrigg på 95 kml med namnet «Deodata», og det andre var eit barkskip med namnet «Hans Egede» som romma 100,5 kml. Skonnertbruggen som var ferdig i 1855, var ifølge lensmannen bygd for bergensarar si rekn- ing.

#### Store skip frå Selsås

Dei to store fartøya som blei bygde på Selsås utmerkar seg frå resten av fartøya ein bygde i Sveio. Faktisk utmerka dei seg også samanlikna med resten av fartøya som blei bygde i Sunnhordland og Hardanger. Ikkje eit einaste fartøy som blei bygd i heile denne regionen var i nærleiken av storleiken til desse to fartøya. Faktisk så hadde ikkje eit einaste av haugesundsfartøya som var bygde på Vestlandet før 1870 ei lasteevne over 72 kml, og berre tre fartøy romma meir enn 50 kml.

Kvifor valde ein nettopp Selsås som byggestad for desse store skipa? Kva fortrinn hadde Selsås? I Selsåsvika ligg ei fin slette som eigna seg godt til å legge beddinga for store fartøy. Dessutan er vegen kort til skogen kor ein hogg og skar skipstømmeret. Det var vassfallet frå Liervatnet som blei nytta til skjeringa av bygningsmaterialar til «Deodata» og «Hans Egede». Dette vassfallet var godt og stabilt gjennom heile året. Eigaren av Røykenes fekk i 1846 lov til å heve Liervatnet med 12 tomnar for å sikre vassforsynin- gane til sagbruka gjennom heile året. Vassfallet frå Lieråna dreiv heile tre oppgangssager, og dessutan ei kvern og ei stampe. Det har vore oppgangssag her heilt sidan 1550-åra, og det er lange tradisjonar for tømmerhogst og

sagbruk i området.

På slutten av 1800-talet var det slutt på det meste av skips- bygginga langs Ålfjorden, men heilt slutt var det ikkje, og ein bygde mindre båtar fleire stader heilt fram til 1950-åra. På Oa blei det bygd skøyter og andre småfartøy, og på Framnes var det to båtbyggeri som laga færingar, medan det også var båtbyggeri i Bårvåg. På vestsida av Sveio blei det bygd båtar på Lyngholm heilt til 1950-åra. Av dei større båtbyggeria i Sveio på 1900-talet, må me nemne Lindås båtbyggeri, som var eigd og drive av Ola Lindås. På Lindås blei det bygd ti skøyter i åra mellom 1937 og 1956, og det var åtte mann i arbeid det meste av denne perioden. Sveio kystlag har fått kjøpt ei av Lindåsskøytene, nemleg «Ny- falken», og denne skøyta er restaurert og sett i god stand. I tillegg til båtbygginga var bøkringa ei viktig attåttnæring for mange av bøndene langs Ålfjorden. Det gjekk føre seg ein betydeleg tønneproduksjon i dei fleste av nausta langs heile vestsida av Ålfjorden heilt fram til slutten av 1950-åra. Dei fleste dreiv denne produksjonen med trevirke frå eigen skog, og nokre stader som på Håvardsholm, på Stualand, på Framnes, på Erve og på Tveit blei det produ- ssert tønner i stor skala. Det blei og produsert tønner ved handelshusa på vestsida av Sveio.

#### Kjelder:

-Sverre Halleraker, *Store seglskuter frå Selsås, i Tilbake til røtene*, 2012.

-Sverre Halleraker, *Historia om skottejentene, i Tilbake til røtene*, 2012.

-Sigurd Tveit, *Bygdelangs*, 1992

-Per A. Enge og Einar Vestvik, *Spik'lasjon-skøytene, i Kystfolk*, 2010.



I Selsåsvika har det vore drive med både båtbygging og bøkring. Båtane blei bygde på stranda. I bygningen til høggre har det vore bøkkarverkstad i bakkant av nauset. Nauset til venstre er eit typisk «Ålfjordnaust» der det har vore bøkkarverkstad oppe og plass til båt nede. I dag er stranda eit friområde som blir forvalta av Friluftsrådet Vest.

### **Kulturminne knytt til båtbygging**

Båtbyggjarverkstaden til Sigvald Lyngholm, i eit sjøhus på Lyngholm, er bevart. Det blei òg bygd båtar andre stader på Lyngholm i første del av 1900-talet, til saman om lag 500. På Lindås blei det bygd båtar i sagbruksbygningen som framleis står der.

Etter dei store skipa som blei bygde rett på stranda er det færre kulturminne. Men eit lite søkk i terrenget i søre enden av stranda i Selsåsvika viser kor beddinga for båtane låg. Det står òg fleire naust langs Ålfjorden der det har blitt bygd mindre båtar.

## **2.3.4 Kommunikasjon og samferdsle**

### **Ferdsle til sjøs**

Sjøen har vore ferdsleveg så lenge det har budd folk langs kysten. Eit mangfald av kulturminne er knytt ferdsle med båt: Fyrlykter og sjømerke, fortøyingsringar, naust, kaiar og båtstøer er berre nokre døme. Frå dei eldste tidene skjedde ferdsla hovudsakleg i mindre, private båtar og frakteskip. Seinare blei rutebåtar for passasjerar og last ein viktig del av kvardagen til folk langs kysten. Hamnene for ro- og seglfarty har vore dei same heilt til skipa blei motoriserte, så hamnene som blei omtala i losbøker på 1700- og 1800-talet er for det meste dei same som ein nytta i jernalder og mellomalder.

I den Norske lods frå 1868 er Lyngholmen omtala som en god ankringsplass for mindre skip, der er det fortøyingsringar og god ankringsbotn. Ringholmen vest for Lyngholmsundet har truleg fått namnet frå slike ringar. Er det berre éin ring kan dei være svært gamle. Er det ein T-bolt med ring rundt er det frå slutten av 1700-talet eller første halvdel av 1800-talet. Uansett er ringane ein god indikasjon på de beste hamnene.

Lyngholm fekk det første faste anløpet av dampskip alt i 1835. Dette var starten for den rutegående transporten til sjøs i kommunen. Seinare fekk òg Mølstrevåg, Tjernagel og Valevåg anløp, og i 1872 blei det òg dampskipstrafikk i Ålfjorden. Utover 1900-talet blei bilen for alvor det nye framkomstmiddelet. Då oppstod òg behov for å frakta bilane med båt. Frå 1952 gjekk ei lita bilferje, kalla «Samband», i rute mellom Eltravåg, Langevåg, Tjernagel og Moster<sup>22</sup>. Ho hadde plass til 4 – 5 bilar. Seinare blei det mange endringar i ferjestader og ruter. Frå 1975 blei ruta flytta til Valevåg. Frå Valevåg kom det òg rute til Skjærsholmane på Stord i 1983. Ferjesambanda til Valevåg blei nedlagde i 2001 då Trekantsambandet opna, men ferjekaien er bevart som beredskapskai. Buavåg er såleis den einaste staden med fast båtsamband i Sveio i dag. Mange av dei offentlege kaiane etter rutebåttrafikken finst framleis.

### **Ryvarden – eit landemerke i meir enn tusen år**

Alt i år 869 blei den første varden på Ryvardsneset bygt, av Fløke Vilgerdsson frå storgarden Smørsund ved Vikse. Dette er truleg den eldste kjende varden på kysten vår. Den første fyrlykta blei bygd i 1849. Den skulle vera tent under vårsildfisket frå 21. desember til 1. mars. Seinare blei perioden utvida. Rundt 1860, då det skulle setjast opp ein fyrmeisterbustad, blei den gamle varden

---

<sup>22</sup> Einar Vestvik: Først med bilar til Bømlo. Årsskrift for Sveio kystlag 2002

riven. Varden som står på haugen bak fyrbygningane i dag, er bygt på 1990-talet. Dette er årsaka til at Ryvarden, trass i den meir enn tusenårige historia, her blir omtala under «nyare tids kulturminne».

Bygningane som står på Ryvarden i dag, er av nyare dato. Galleribygningen er bygd i 1958, og fyrmeisterbustaden i 1935. Det budde folk på fyrstasjonen heilt til 1984, då fyret blei automatisert. På det meste var det tre fastbuande familiar på ein gong på Ryvarden.

Etter at fyret blei automatisert var det ikkje lenger bruk for alle bygningane, og i Sveio begynte ein å tenkja på om det var noko anna dei kunne brukast til. I 1992 opna Galleri Ryvarden, og sidan har Ryvarden vore mest kjend som utfartsstad og kulturfyrt med galleri, kafe og overnattingstilbod. I år 2000 vart Ryvarden kulturfyrt tildelt "Olavsrosa" av Norsk Kulturarv.



*Av bygningane på biletet er det berre sjølve fyret som står att. Tilbygget romma tåkeluren. Bygningen til høgre er fyrmeisterbustaden frå 1861, som seinare blei flytta til Førde.*

*Årstalet biletet er tatt er ukjend, men nokre av personane er kjende: Frå venstre Helene Nesheim (Mortensen) og søstera Asta, som bodde på Ryvarden fram til ein gong under krigen. Mannen er ukjent. Til høgre Katrine, ei venninne av Helene.<sup>23</sup>Biletet er utlånt av Ryvarden Kulturfyrt.*

### **Andre kulturminne knytt til ferdsle på sjøen**

**Moloane ved Lyngholmen:** Dei to moloane i Lyngholmsundet er frå 1863 og blei seinare påbygd i høgda i 1917. Moloen i Ternholmsundet er frå rundt 1900 og er autentisk frå byggeåret. Moloen er bygd i tørrmur. Hamnevesenet var byggherre for alle moloane.

<sup>23</sup> Opplysningar om personane er henta frå Sveio kommune si Facebookside «Kulturminne i Sveio».

**Trekkmurane i Storestraumen:** Steinmuren langs Storestraumen inn til Rødspollen blei bygd av Statens Kystvesen i 1894, som trekkmur for å kunne dra fartøy gjennom det tronge straumløpet. Muren var i ferd med å rasa ut, men etter eit lokalt initiativ blei han restaurert av Kystverket i 2018. Straumen har ei lang historie som ferdsleveg, mellom anna knytt til skottehandelen med tømmer på 1600-talet. Før trekkmurane blei bygt måtte ferdsla følgja straumretninga.

I dag er det for det meste fritidsbåtar som ferdist gjennom Storestraumen. Rødspollen vel har vore pådrivar for istandsetjing og har sett opp kulturminneskilt ved trekkmuren. Dei har òg merka tursti frå Drange.



*Nyrestaurert mur i Storestraumen i 2018. Foto: Arne Kinn*

**Prioriterte sjøbruksmiljø (A):** Vihovdevikjo, Naustvikjo på Haugsgjerd, Hauglandsvika, Selsåsvika, Geitavika (Hovda), Trekkmur i Storestraumen. Moloar på Lyngholm.

### **Ferdsle til lands**

Det finst spor etter gamle ferdsleveggar over alt i kommunen, men berre noko av dette er kartlagd. I samband med 150-årsjubileet for Sveio kyrkje i 2008, blei kyrkjevegane i soknet kartlagde. Det er behov for ei grundigare registrering av gamle ferdsleveggar i Sveio. Kongevegen gjennom Valestrand, Prestavegen på Bua, Kyrkjevegen frå Mølstre og skulevegen Hope – Ørevik er døme på gamle ferdsleveggar som ikkje har blitt vidare utbygde, og i dag er heilt eller delvis i bruk som turstiar.

Dei viktigaste vegane er utbetra og utbygde opp mot våre dagar, men også her er det viktige kulturminne som er bevarte. Dei berykta svingane på gamle Tittelsnesvegen er framleis synlege mange stader langs den nye riksvegen/europavegen, som skjer seg beinare fram gjennom landskapet. Merkesteinar med årstal markerer framdrifta i utbygginga: Vågedalen (1865), Hanabrekko (1867) og Valevåg (1874). Fleire av dei opphavlege bruene er òg bevarte, anten som del av noverande veg (Søravåge, der den flotte brukvelvinga frå 1869 ligg godt gøymt under køyrebrua frå 1928, i dag sykkelsti) eller på «gamlevegen» der veggen har fått ny trasé (Ulveraker). På Haugsgjerd ligg Gamlebrua og Nyebraua ved sida av kvarandre. Nyebraua er del av den noverande Tittelsnesvegen.



*T.v: På Søravåge ligg tre bruer over ein annan. Brukvelvinga frå 1869 er berre synleg om ein går ned til bekken. Nisja i muren til venstre er frå krigens dagar og gav plass til sprengladning. I midten: Hanasteinen ved gamle Tittelsnesvegen i Førde. T.h: Merkestein, Krunå i Valevåg.*

Tittelsnes har ei lang historie som trafikknutepunkt med korrespondanse mellom rutebil og rutebåt. Etter at den siste båtruta forsvann på 1980-talet har staden hatt ein mindre sentral funksjon for samferdsle i området, men Tittelsnes er framleis endestasjon for rutebussen. Bussgarasjen frå 1953/54 er eitt av fleire bygg frå 1950-talet, då Neset var i sterk utvikling.

Vegen frå Håvardsholm til den tidlegare rutebåtkaien på Kobba, bygd i 1913, er ein av dei best bevarte køyrevegane i kommunen. Her er stabbesteinane intakte heilt ned mot kaien.

**Prioriterte kulturminne, samferdsle:** Kongevegen i Valestrand, gammal kyrkjeveg mellom Kalland og Ekrene, deler av gamle Tittelsnesvegen med merkesteinar, veg til Kobba, trekkmurane i Storetraumen, mjølkerampe og skur på Bjelland, hengebrua over Nesevatnet. Valevåg ferjekai (B).

### 2.3.5 Kyrkjer og gravplassar

# Kyrkjene i Sveio


Av Sverre Halleraker

Den eldste kyrkja me veit om i Sveio var ei lita stavkyrkje som sto på den gamle kyrkjegarden ved Sveio bedehus. Ho skal vere bygd på 1100-talet, men ho er ikkje omtala i kjeldene før 1570. I 1665 fekk kyrkja ny kjøl. Då får me vite at skipet var cirka 9 meter langt og at koret var cirka 4,5 meter langt. I 1686 blir kyrkja skildra slik: «En liden urgammel og i grund forfalden Stavekirke uden Taarn, som befindes baade Bundinge, Staver og Stavleier og Svaler aldeles forfalden og endelig af ny vil opbygges.» Det var lite av stavkyrkja som kunne nyttast, men våpenhuset i kyrkja som blei bygd på 1600-talet skal vere av tømmer frå den gamle kyrkja. Dessutan fortel ei skildring frå presten si kallsbok i 1884, at stavar frå den gamle stavkyrkja ennå var å sjå i Knut Sveen sin låvebygning.

Ole fekk rive stavkyrkja og bygd den nye kyrkja som sto ferdig i 1688. Denne kyrkja sto litt lenger vest enn stavkyrkja. Stavkyrkja låg på austsida av veggen, medan kyrkja av 1688 låg på vestsida av veggen. Kyrkja av 1688 var ein tømmerbygning utan tårn med eit lite våpenhus av stav. Skipet var 18 alen langt og 15 alen breidt, noko som utgjør 100 kvadratmeter. Koret var 11 alen langt og 10 alen breidt, altså 40 kvadratmeter. Våpenhuset var berre i overkant av to kvadratmeter. Heile kyrkja var kledd med bord og taket var tekt med takstein.

## Nye Sveio kyrkje

Nye Sveio kyrkje sto ferdig sommaren 1858, og blei innvia 22. august same året. Prosessen bak planlegginga og bygginga av den nye kyrkja var dramatisk og tidkrevjande, og lenge hang heile byggeprosjektet i ein tynn tråd. Stiftsdireksjonen ville nemleg ikkje godkjenne teikningane, og sakshandsaminga varte i fleire år. Materialane var kjøpte og byggmeistrane tvinga, så kommunen starta bygginga i 1856 utan godkjenning, ja faktisk utan å ha så mykje som ein kopi av teikningane, som var sende inn til departementet. Det må ha vore dyktige og røynde byggmeistrar som stod



Sveio kyrkje 1962. Foto: Widerøe.  
Eigar: Nasjonalbiblioteket.

for bygginga, for det er ikkje mykje med det ferdige kyrkjebygget som vitnar om at ein måtte bygge kyrkja utan teikningar. Kyrkja utmerkar seg både med tanke på storleik og utforming. Galleria på begge sidene av skipet gjer at sideskipa er usedvanleg høge, og dette gir trekyrkja eit mektig og monumentalt preg. Dessutan er både skip og kor usedvanleg lange, samanlikna med trekyrkjer som blei bygde på same tid. Skipet har ei lengde på 21, 6 meter og er 12, 8 meter breitt. Koret er 8,3 meter langt og 5 meter breitt. Då kyrkja var ny, skulle ho ha over 700 sitjeplassar, noko som gjorde henne til den største kyrkja i vårt distrikt.

## Kyrkjene i Valestrand

Me veit ikkje sikkert kva tid den eldste kyrkja i Valestrand blei bygd, men i 1567 er «Vale Kirke» og «Vale Sogn» omtala. Denne kyrkja, som var ei lita stavkyrkje, stod altså på garden Valen. Denne kyrkja blei riven og erstatta av ny kyrkje på same tomta i 1707. På 1800-talet auka folketalet raskt, og kyrkja blei for lita. I 1870 blei dessutan heile Øklandsgrenda overført frå Moster til Valestrand sokn. Ny kyrkje for nye Valestrand sokn sto ferdig i 1874, og som me veit blei den nye kyrkja bygd på Ulveraker. Kyrkja er stor og staseleg med eit 17,6 meter langt og 12 meter breitt skip. Koret er 7, 6 meter langt og 6,5 meter breitt. Då ho var ny skulle kyrkja ha 450 sitjeplassar.

Den gamle kyrkja på Valen blei riven og sett opp på Ørevik som skulehus. Då Ørevik fekk ny skule i 1938, blei det bestemt at skulehuset skulle rivast og setjast opp att på Valen der den gamle kyrkja opphavleg hadde stått. Dette blei gjort i 1940, og i 1949 blei huset vigsla som Valen kapell.

Førde og gardane på vestsida av Ålfjorden høyrde til Vikebygd sokn i gamle Sveio prestegjeld. Folk i dette området høyrde derfor til Vikebygd kyrkje. I Førdebygd var misnøya med at bygda ikkje hadde eiga kyrkje stor, og i 1938 fekk dei si eiga kyrkje på garden Myklavoll. Førde kyrkje er ei steinkyrkje med 250 sitjeplassar. Lengda på kyrkja er 22,7 meter, og breidda er 10,5 meter. I Øklandsgrenda var dei heller ikkje særleg nøgde med å måtte reise heilt til Ulveraker for å gå i kyrkja. Då Eikeland fekk ny gravplass i 1958, blei det bestemd at det her også skulle byggast eit kapell. Dette skulle nyttast til gravferder, gudstenester og andre kyrkjelege samlingar i Øklandsgrenda. Kapellet som stod ferdig i 1960 blei bygd i stein, og det fekk 110 sitjeplassar.

## Kjelder:

-Sverre Halleraker, *Sveio kyrkje blir bygd, i Sveio kyrkje 1858-2008 - Bygda sitt hjarta i 150 år, 2008.*

-Sverre Halleraker, *Sveio prestegjeld, i Sveio kyrkje 1858-2008 - Bygda sitt hjarta i 150 år, 2008.*

- <http://www.sveio.kommune.no/kyrkja/kyrkjene/>

# Kyrkjegardane

Når me tel med den nye kyrkjegarden utanfor Sveio kyrkje, har me 13 kyrkjegardar i Sveio som me veit at har vore i bruk. I tillegg har me to kolerakyrkjegardar som berre blei brukte under koleraepidemien i 1849. Den gamle kyrkjegarden i Sveio er truleg like gammal som kyrkja som sto der, altså frå 1688. Det var fullt på denne gravplassen ved utbrotet av koleraepidemien i 1849, men kyrkjegarden blei nytta som gravplass i fleire tiår etter dette. Det står framleis to jernkrossar på denne gravplassen, og gravplassen er godt vedlikehalden.

Den gamle gravplassen like ved riksvegen aust for Fjellstad, blei laga som kolerakyrkjegard i 1849, og dei fleste frå Sveio som omkom under koleraen blei gravlagde her. Etter at koleraepidemien var over, blei denne gravplassen brukt som vanleg gravplass heilt til Sveio gamle gravplass, som ligg litt lenger sør, blei teken i bruk i 1899. Denne har vore i bruk heilt fram til i dag, og er framleis i bruk, men like ved den gamle gravplassen fekk me i 1972 Sveio nye gravplass. Denne har vore hovudgravplass for Sveio sokn heilt fram til no. Gravplassen på Bjelland blei teken i bruk i 1878, og har vore i bruk heilt fram til no. Kyrkjegarden på Nordskog blei teken i bruk i 1944, og denne er framleis i bruk.

Den eldste kyrkjegarden i Førde sokn finn me nede ved sjøen i Førde sentrum. Gravplassen som blei teken i bruk i 1876 er lett å få auge på, på grunn av klokkeårmet over inngangspartiet. Den nye gravplassen i Førde ligg på begge sider av Førde kyrkje, og denne blei teken i bruk då kyrkja stod ferdig i 1938. Førde sokn har også ein gravplass på

Av Sverre Halleraker

Framnes. Denne blei teken i bruk i 1916, og er framleis i bruk. Gravplassen ligg like ved riksvegen og ved porten står eit kvitt klokkeårmet.

I Valestrand sokn er det fire kyrkjegardar, og kyrkjegarden på Valen er den eldste. Denne har vore brukt sidan 1685, og han er framleis i bruk. Kyrkjegarden ved Valestrand kyrkje blei teken i bruk to år etter at kyrkja stod ferdig, nemleg i 1876. Då var denne også gravplass for Øklandsgrenda, men i 1903 fekk ein gravplass nede ved sjøen på Eikeland. I 1958 blei den nye kyrkjegarden på Eikeland teken i bruk, og det var på denne kyrkjegarden Eikeland kapell blei bygd.



Frå den gamle kyrkjegarden ved Fjellstad.

## Koleragravplassane

Tidlegare nemnde eg at Sveio har to kyrkjegardar som berre blei brukt under koleraepidemien i 1849. Det er den kjende «Kirkegården ved havet» som ligg i Leirvåg ved Valevåg. Her blei fem av dei seks personane i Valestrand som døydde under koleraen gravlagde. Kyrkjegarden er godt vedlikehalden og er hegna av steinmurar med jernport. Kolerakyrkjegarden ved Brattestø i Mølstrevåg er mindre kjend, og denne er heller ikkje teken så godt vare på som den i Valevåg. Under koleraepidemien døydde det ni

fiskarar i området rundt Mølstrevåg som ikkje kom frå Sveio. Det er desse ni, og dessutan ein gammal mann frå Avløypet som er gravlagde her. Opphavleg hadde gravplassen berre grøfter rundt seg, og han var oppheva av jord som var fylt på. Seinare blei det planta haggtornhekk rundt tre sider av gravplassen, medan ei side fekk steingard med jernport. Steingarden står der enno, og me kan tydeleg sjå grøftene rundt gravplassen. Denne gamle gravplassen ligg utsett til, og står i fare for å gå tapt.



Kjelder:

- <http://www.galleriallevi.no/kirkegarder/>  
-Sverre Halleraker, Ein frykteleg farsott, i Tilbake til rotene, 2012.

Kolerakyrkjegarden i Leirvåg under restaurering våren 2014. Arbeidet blei utført av Jostein Valen.

Komponisten Fartein Valen let seg inspirere av den vesle gravplassen ved Leirvåg, som i dag er mest kjend som «Kirkegården ved havet» (Le Cimetière Marin), etter Valen sin komposisjon.



*Sveio kyrkje t.v. og Valen kapell t.h. er listeførte av Riksantikvaren.*

### **Vernestatus for kyrkjer og gravplassar**

Sveio kyrkje og Valen kapell er listeført hos Riksantikvaren, og såleis underlagt strenge restriksjonar. For dei andre kyrkjene gjeld ikkje dei same restriksjonane. Valestrand kyrkje er ein del ombygd for å fylla funksjonen som kulturkyrkje betre. Alle kyrkjene har likevel høg verdi som lokale kulturminne. Kyrkjestaden på Valen er automatisk freda etter kulturminnelova, medan kapellet er automatisk listeført grunna høg alder. Også i Sveio er den gamle kyrkjestaden, og mellomalderkyrkjegarden, freda. Kolerakyrkjegardane i Leirvåg og Mølstrevåg er kommunalt verna. Den i Leirvåg, kjent som «Kirkegården ved havet» er òg vurdert til å ha regional verdi.

Kyrkja har utarbeidd ein eigen verneplan for gravplassane i Sveio. I verneplanen er det gjort eit utval av gravminne som skal vernast for framtida. Eikeland gamle kyrkjegard skil seg ut ved å vera eit heilskapleg kulturmiljø frå første del av 1900-talet. Gravplassen er ikkje nedlagt, men siste gravlegging skjedde for nærare 50 år sidan. Gravplassen vart anlagt i 1902 og var i bruk i omlag 70 år. Denne gravplassen gir derfor eit godt bilde av korleis gravminna har utvikla seg i perioden, samstundes som han ikkje har blitt fornya med nyare gravminne siste halve hundreåret.

***Prioriterte kulturminne klasse A: Valen kapell og kyrkjegard, koleragravplassen i Leirvåg, Sveio kyrkje, Sveio gamle kyrkjestad med mellomalderkyrkjegard (aut. freda), koleragravplassen i Mølstrevåg, kyrkjegarden ved Paddevegen, Eikeland gamle kyrkjegard. Fleire gravplassar og kyrkjebygg er kommunalt listeførte (klasse B).***



*Kyrkjegarden ved Sveiahaugen er frå mellomalderen og såleis automatisk freda. Det er fleire krossar og andre gravminne her! Den første kyrkja i soknet, ei stavkyrkje som truleg var bygt på 1100-talet, sto på austsida av denne kyrkjegarden, om lag der vegen går i dag.*

### 2.3.6 «Herskapshus»

Det er lite spor av nokon form for overklasse i Sveio. Dei fleste husa er knytte til gardsbruk, og sjølv om nokre hus har vore større og staselegare enn andre her òg, har dei synlege skilnadane vore mindre enn mange andre stader. Einstadbøvoll gard og bnr 4 på Oa er døme på gardsbruk som skil seg ut frå den jamne småbonden sitt tun. Elles finn me berre eit fåtal bygningar som kan seiast å ha preg av å vera «herskapshus», og heller ikkje dei er meir herskaplege enn at ein må nytta hermeteikn på dette omgrepet. Prestegarden i Førde (sjå eigen artikkel) er kanskje det fremste dømet på korleis bustadane til dei øvste klassane skilde seg ut. Elles er Mølstrevåg den staden som i størst grad har hus som fortel om ein periode med velstand, bygd på sildefiske og handel: Først og fremst handelsstaden på kaien med det store Mathisenhuset, som no er rive, men òg det staselege våningshuset på bnr 91 i såkalla «nystil» (Torgersenhuset, bygd ca 1900 på eldre murar), og Simonsenhuset, som er våningshus på bnr 5, er større og staselegare enn dei andre husa frå denne tida. Huset på 60/74 peikar seg òg ut, eit høgreist bygg i sveitsarstil med asymmetrisk gavl og rundt gavlvindaug.

I Førde skil òg huset til lensmann Fjærtøft seg markant frå dei andre husa i bygda. Det same gjeld Fartein Valen-heimen i Valevåg. Dette er hus som både i storleik og utforming signaliserer at her budde det ikkje «vanlege» småkårsfolk. Sjå egne omtalar av desse under punkt 2.3.9.



*Prestegarden på Solheim slik han såg ut tidleg på 60-talet, med løe, vedhus/vognhus, paktarbustad og stabbur (bak hovudhuset). I dag står berre hovudhuset att. Foto: Widerøe.*

# Prestegarden på Solheim

Av Sverre Halleraker

Dei fleste som har budd i Sveio opp gjennom tidene har vore bønder eller husmenn, eller så har dei hatt eit yrke som i sterk grad har vore knytt til jordbruk og fiske. Dei sosiale skilnadene har vore heller små, sjølv om me har hatt ein del handelsmenn, skipperborgarar og sildesaltarar som har vore rike og velstående, samanlikna med resten av bygdefolket. Skilnaden i folk sin levestandard og levemåte har vore heller liten opp gjennom historia. Då Sveio blei eige prestegjeld i 1862, og soknepresten skulle busetje seg i bygda, måtte det byggjast prestebustad og prestegard som var i tråd med den sosiale klassen presten og familien hans høyrde til. Prestegarden og bygningane der var av ein heilt annan standard enn bygningane på dei vanlege gardane i Sveio. Våningshuset på prestegarden er teken godt vare på, og huset er godt haldt ved like og restaurert, slik at det i stor grad står fram slik det gjorde då det var nytt. Me skal her sjå nærare på korleis prestegarden kom på plass på Solheim, og korleis bygningane såg ut på den nye prestegarden.

## Valet fell på Førde

Det skulle nesten gå ti år frå Sveio blei eige prestegjeld til prestegarden var på plass. Den opphavlege planen gjekk ut på at prestegarden skulle ligge like ved den nye kyrkja i Sveio. Da det blei kjent at Sveio prestegjeld også skulle omfatte heile Vikebygd sokn, kunne ikkje prestegarden plasserast i Sveio-bygda. Etter kvart blei det bestemt at også Valestrand sokn, som no også skulle omfatte Øklands-grenda, skulle vere ein del av Sveio prestegjeld. På grunn av desse vedtaka utpeika Førde seg som den mest hensiktsmessige staden å leggje prestegarden.

I 1870 slo ein kongeleg resolusjonen fast at dei to bruka på garden Solheim i Førde skulle kjøpast inn til prestegard for Sveio prestegjeld. Prisen var 1880 spesidalar. Dei to eigarane av Solheim var Halvard Reiersen Solheim og Gunder Tørrisen Solheim. Dei gamle husa på Solheim blei rivne, og den nye prestegarden fekk nye og staselege bygningar. Dei totale kostnadene for prestegarden, med naust og veg ned til sjøen, kom på 5480 spesidalar.

Sokneprest Erik Andersen Thormodsæter kunne flytte inn i den nye prestegarden hausten 1871. Denne hausten var det prostevisitas i Sveio, og i visitasprotokollen skildrast den nye prestegarden slik: «Gaarden har en udmærket vakker Beliggenhed med Udsigt over den vakkre Bygd paa den nordlige Kant af samme, er lunt beliggende og har et meget godt Jordsmon.»

Visitasprotokollen gir oss detaljerte opplysningar om bygningane på den nye prestegarden. Me får vite at hovudetasjen i våningshuset hadde fem «Kakkelovnsværelser», kjøkken med spisskammers, samt gang med trapp opp til loftet. Loftsetasjen hadde fire «Kakkelovnsværelser», eit tømra «Pigekammers», og eit par «Klædeskammere». Veggane i storstova og daglegstova var trekte med papp, medan veggane i soknepresten sitt kontor var trekt med papir. I alle romma i huset var både vegger, tak og golv mala med oljemaling. Det

var kjellar i full høgde under heile huset. Etter soknepresten sitt initiativ var halve kjellaren eit stort rom for «Gudelige Forsamlinger». Her var det plass til 200 personar. Førdebygda hadde behov or ein slik samlingsstad, sidan kyrkja dei høyrde til låg i Vikebygd.

Prestegarden hadde bakestue og eldhus under same tak. Me får vite at tømmeret i bakesova var frå det gamle stovehusa som stod på hovudbruket. Alle veggane i denne bygningen var oljemala. Prestegarden hadde og ein bygning som innehaldt vedhus, vognhus og toalett. Dessutan hadde garden eit stabbur som fungerte som matbod. Ladebygningen inneheldt både fjøs, stall og grisehus. Fjøset hadde båsar til ni kyr. Under bygningen var det ein stor og rommeleg gjødselkjellar. Nede ved sjøen var det bygd eit naust med plass til to båtar.

Alle husa på garden, som var symmetriske og stod fint i høve til kvarandre, hadde sveitsartak. Alle taka var tekka med takstein, bortsett frå naustet som var tekka med skiferheller. Soknepresten hadde fått laga ein god køyreveg frå sjøen, over gardsplassen, og opp til hovudvegen, som gjekk gjennom garden sin eigedom. Soknepresten hadde fått grove ut ein brønn som var ti alen djup. Dette var heilt naudsynt for å få nok drikkevatt til garden. Privat, og for si eiga rekn-ing, hadde presten fått oppført eit badehus.

## Klasseskilnad

Soknepresten og familien hans var av ein heilt annan klasse enn resten av folka i bygda, og presten hadde liten omgang med bygdefolket utanom dei kyrkjelege gjerningane han hadde ansvaret for. Folketeljningane og andre kjelder gir oss eit innblikk i korleis prestefamilien levde på Solheim. Det var som regel fleire personar i arbeid på prestegarden. Presten sine barn hadde eigen huslærer, og dei hadde eiga barnepike. På garden var det både budeie og gardsdrenge, og til hushaldet var det både stuepike og kjøkkenpike. Presten og prestefrua hadde med andre ord få oppgåver knytt til gardsarbeid, husarbeid og barneoppseding, og dei prøvde å leve på same måten som overklassen levde i meir sentrale deler av landet. Ein del av prestane, for ikkje å snakke om prestefruene, må nok ha kjend seg ganske isolerte på prestegarden, sidan det var langt å reise for å komme i kontakt med folk av deira klasse. Likevel har alle prestane i Sveio som har budd på Solheim gitt uttrykk for at dei har hatt det godt på den vakre og idylliske prestegarden.

## Kjelder:

-Sverre Halleraker, *Sveio prestegjeld, i Tilbake til rotene, 2012*

-Sverre Halleraker, *Fem strie år i Sveio, i Tilbake til rotene, 2012*

-*Visitasprotokoll for prosten i Søndre Sunnhordland 1820-1895*

-*Kallsbok for presten i Sveio.*

### 2.3.7 Tekniske og industrielle kulturminne

Det er etter måten få tekniske og industrielle kulturminne i Sveio. Gruver, skjerp og steinbrot som er omtala i teksten under, finst det framleis spor etter. Men større fabrikkar, kraftverk og liknande har det knapt vore på Tittelsneshalvøya.

På Hovda finst det fleire kulturminne etter gullgruvedrifta. På Hovdaneset kan ein framleis sjå sjølve gullgruvene, men dei er fylte med vatn. I Buavåg der gullet blei vaska, finn me ein stem, murar etter gullvaskeri, og det store sjøhuset som har hatt ei rekkje funksjonar, også i samband med gullutvinninga.

På Vestvik og Øklandsnes har det vore noko industriell verksemd i nyare tid. Hermetikkfabrikken på Vestvik starta som fiskerøykeri under krigen. Etter krigen gjekk drifta over til hermetisering av krabbe under namnet Vestvik Perserveing A/S. Drifta heldt fram med ulike eigarar og merkenamn til 1974.<sup>24</sup> I dag finst deler av bygningsmassen att. På Øklandsnes var «Slippen», Øklandsnes slipp og motorverkstad, i drift frå 1818 - 1992. Sjølve slippen og verkstadbygningen står framleis.

I dag er Mølstrevåg den einaste staden i Sveio med industri av noko omfang. Her har kulturmiljøet knytt til den gamle handelsstaden måtta vika for utviding av industriområdet til Ølen betong.



*Hermetikkfabrikken på Vestvik i 1961.  
Foto: Widerøe.*

## Bergverk, gruvedrift og steinbrot

Av Sverre Halleraker

I tiåra mellom 1870 og 1890 gjekk det føre seg ein del gruvedrift fleire stader i Sveio. I tillegg til gruvedrifta har me fleire stader hatt ulike steinbrot kor det til tider har vore stor drift. Det er tydelege spor etter gruvedrift og skjerpning mange stader i Sveio, men mange stader er desse spora ikkje så lette å finne. Den første gruvedrifta i Sveio starta hausten 1872. Det var mineralet feltpat som blei utvunne, og drifta starta ved Smørsund. Feltpatutvinninga gjekk for det meste føre seg i dagbrot. Drifta flytta seg etter kvart til Longaneset sør for Mølstrevåg, før ein flytta drifta til Eltravåg, eller nærare bestemt til utmarka mellom Eltravåg og Skiftestad. Her er det tydelege spor etter dagbrota like

sør for Markavegen.

Det var svensken Carl Fredrik Henrikson som leia drifta. Tidlegare hadde han prøvd seg med tilsvarande verksemd i Telavåg på Sotra. Henrikson kjøpte handelsstaden i Mølstrevåg i 1881, men kom altså til Sveio i 1872. Han hadde då med seg to andre fagfolk frå Sverige, men elles var det for det meste lokale bygdefolk som jobba i gruvene. På det meste var det mange i sving med boring, steinknusing, pakking av malm i kassar, og dessutan køyring og bering av kassar ned til utskipingskaiane ved sjøen. Drifta var basert på reinspikka handamakt, og her var det snakk om tungt arbeid. Boringa gjekk føre seg med handbor, og etter ei

<sup>24</sup> Einar Vestvik: Fabrikkjentene, Sveio kystlag sitt årsskrift 2001

salve, måtte steinen knusast med slegge, før malmen blei sortert ut og pakka i store kassar. Det var ikkje heilårsdrift ved nokre av gruvene i Sveio.

I 1874 var drifta på topp i Smørsund. Då finn me 36 mann på lønningslista til «Smørsunds Gruber». Ei tid var det drift både på Longaneset og i Eltravåg. Da var det i underkant av 20 mann i full sving på kvar av desse stadene. I 1878 var det 25 mann som jobba i gruvene i Eltravåg, dessutan finn me 13 mann på lønningslista som fekk betaling for køyring. Våren 1879 er det slutt for feltspatgruvene i Sveio. I mai blir dei siste kassane med feltspatmalm henta ved kaien i Eltravåg.

I 1870-åra vart det og drive ei koparkisgruve ved Vandaskogskleiva, like sør for Storavatnet. Det går ei djup sjakt ned til denne gruva, og sjølve gruva skal ha strok i to retningar. Like nord for denne gruva finn me murane til ei stor gruvesmie, kor ein smidde jernreiskapane som blei brukte i gruvene. Dei solide steinmurane avslører at smia har hatt eit utvendig areal på 6 gonger 6 meter.

### Gullgruvene på Hovda

Den mest kjende gruedrifta i Sveio er likevel gullgruvene ved Hovda. I 1871 fann Thomas Simonsen Mølstrevåg ein gullklump like oppe i dagen på Hovdaneset. Denne gullklumpen hadde ei vekt på 5,5 gram og blei seld for 12 kroner. Gullfunnet vekte oppsikt, og resulterte i at mange leita etter gull i området. I 1883 sikra aksjeselskapet «Vestlandske Grubecompani» seg eineretten til å skjerpe på Hovdaneset. Desse skjerpa viste at det var gull like under overflata. Først prøvde ein seg med eit dagbrot som var 20 meter langt og seks meter djupt, men etter kvart starta ein med å sprengje ut gruva som fekk namn etter hovudeigaren, nemleg Niels Berg. Mølleprøvar av steinen i denne gruva gav grunn til optimisme, gullgehalten var stor nok til å setje i gong full drift.

Det blei kjøpt inn moderne utstyr og maskinar, men sjølve gruedrifta blei gjort med manuell arbeidskraft. Heile drifta kom i gong utpå hausten i 1887. På det meste var rundt 40 mann i arbeid på anlegget. Steinen frå gruvene blei sortert, og malmen blei knust med slegge før han blei boren i kiper ned til sjøen. Derifrå blei han frakta med skøyte inn til Buavåg og lossa i store kar, før han blei frakta i vogner på skinnegongar til steinknuseriet. Der blei malmen kverna til grus. Deretter blei grusen knust til sand i fem små stamper, før sanden blei vaska bort, og gullet liggande att. I vaskinga blei det brukt klede dynka med kvikksølv-malgam. Dette stoffet trekte til seg gullet, medan sanden blei vaska bort. I smeltehytta blei kvikksølv destillert vekk, og gullet blei smelta og forma til små gullbarar. Knuseriet og stampene blei drivne med vasskraft. Eit tjern i nærleiken blei demma opp med solide steinmurar for å sikre vassforsyninga.

Gruvedrifta med steinknuseriet, vaskeriet og smeltehytta blei driven fram til 1893, men då tok det brått slutt. I Niels Bergs gruve går sjakta ned til 42 meters djupne. På botnen skal det vere ein sidegong, eller ort, på over 80 meter i retninga aust-sør-aust. I tillegg har me sidegongane på 32 meters djupne og på 8 meters djupne. Gruveselskapet forsøkte seg og i ei ny gruve, ikkje langt frå den første. Denne gruva er ikkje djup, men ein sidegong, også kalla senk, skråar seg

nedover. Det er uvisst kor langt ned denne gongen går. Det viste seg at gullmengdene i kvartsgongane på Hovdaneset var mindre enn ein hadde håpa på. «Vestlandske grubecompani» fekk økonomiske problem, og grunneigarane fekk ikkje betalinga dei skulle ha for leige av grunnen. Det heile enda med rettssak, og 10. juni 1893 blei gruveselskapet slått konkurs. Gulleventyret tok altså slutt etter snaue ti års drift. Det er uvisst kor mykje gull ein greidde å få ut av denne drifta, men det må ha vore nokre titals kilo. Gruvedrifta sette likevel synlege spor etter seg. Den solide demninga ved vasskjelda står der enno, like heil. Gruvane er no fylte med vatn, og Niels Bergs gruve har vore nytta som vasskjelde til fleire hus. Me kan og finne ein del tydelege spor etter skjerping, og dagbrotet er lett å få auge på, rett over inngangen til «Niels Bergs grube». Dessutan står murane til steinknuseriet i Buavåg, og det skal ha vore sand som kom frå gullvaskinga i stranda i Buavåg heilt fram til våre dagar.

### Steinbrot

I tillegg til gruedrifta har det vore fleire steinbrot i Sveio. Her bør me nemne granittsteinbrotet på sørsida av Ryvardsneset ved Mølstrevåg. Det var Carl Fredrik Henriksson, som altså var mannen bak feltspatgruvane i Sveio, som starta å ta ut granittsteinblokker på Ryvardsneset. Han starta med å ta ut steinblokker til sin eigen kai i Mølstrevåg i 1880-åra. Like etter hundreårsskiftet kom det i gong drift i stor skala i steinbrotet. Det blei mura opp to store kaiar til skip som skulle frakte granittsteinblokkene bort. Steinbrotet leverte steinen til den store kaien som blei bygd ved Smedasundet i Haugesund. Kaien fekk namn etter skipsreiareren som bygde han, og blei altså kalla Skoglands-kaien. Kaien sto ferdig i 1908. I 1913 fekk A/S Stolz Røthing kontrakt på at dei hadde einerett til å ta ut granittstein på Ryvardsneset. Dette firmaet bygde kaiar i heile distriktet av steinen dei tok ut i Mølstrevåg. Rundt 1930 starta dei å ta ut stein til bygginga av den store Garpaskjærskaien i Haugesund. Også første etasjen av det flotte rådhuset i Haugesund er bygd av utvalde steinblokker frå Ryvardsneset.

Mange har hatt sitt arbeid i steinbrotet, men dei fleste var fagfolk som kom utanfrå. På det meste var det 18 mann i arbeid i steinbrotet, men i periodar var det ikkje drift. Då Garpaskjærskaien stod ferdig i 1935, markerte det slutten for steinbrotet på Ryvardsneset.

### Kjelder:

-Sverre Halleraker, *Lukta av gull i Sveio, i Tilbake til rotene*, 2012.

-Sigurd Tveit, *Vandring i nærmiljøet*, 1989.

-Sigurd Tveit, *Bygdelangs*, 1992.

-Arne Aage Valen, *Handels- og næringsvirksomheten i Mølstrevåg, og Gruvedrift i Mølstrevåg, i Kystfolk*, 2010.

### 2.3.8 Tettstader, handel og offentleg verksemd

Sveio har aldri hatt store tettstader, men på sentrale stader langs skipsleia har det vore handelsstader med stor aktivitet, spesielt under vårsildfisket på 1800-talet. Både Mølstrevåg, Lyngholm, Eltravåg, Buavåg, Tjernagel, Øklandsnes, Økland, Førde, Liereid, Haugland, Valevåg, Tittelsnes, Håvardsholm og Våga – og truleg endå fleire stader – har hatt handel i kortare eller lenger periodar. Likevel var det berre i Førde det har vaks fram eit sentrum av noko omfang. Det skjedde i samband med at prestegarden blei lagt til bygda. Sentrumsutviklinga i Sveio skaut ikkje fart før etter kommunesamanslåinga i 1964. Generelt kan ein sei at aktiviteten har flytta seg frå kysten og innover på land etter kvart som landevegen tok over for sjøen som hovudferdsleåre. Denne utviklinga er kanskje tydelegare i Sveio enn i distriktet elles, der mange gamle kystbygder og handelssentra framleis har sentrale funksjonar i kommunane.

#### Handelsstadene

Dei første handelsstadene vaks fram rundt gode hamner der det har vore stor aktivitet knytt til bruk av sjøen. Mølstrevåg og Tjernagel er dei eldste handelsstadene i Sveio. Historia kan følgjast tilbake til slutten av 1600-talet. Tidleg på 1700-talet kom det òg handels- og gjestgjevarstad på Lyngholmen. Mølstrevåg var det sørlegaste av dei gamle gjestgjevarstadene i Søndre Bergenhus Amt. Eigaren var Henning Irgens, som òg eigde handelsstaden på Tjernagel. John Simonsen, som var handelsmann frå 1818, skal ha vore ein av dei tre rikaste personane i Sveio. Frå 1902 blei det drive av familien Mathiesen. Handelen blei nedlagt i starten av 1960-åra. I Valevåg blei heile miljøet rundt den gamle handelsstaden fjerna i samband med utbygging av ferjekaien, men hovudhuset blei flytta og restaurert. I Mølstrevåg er alle bygningane borte til fordel for utviding av industriområdet. Såleis er Tjernagel den einaste av desse tidlege handelsstadene som til ein viss grad er bevart. Her står mellom anna eit sjøhus med butikk (som er flytta), bakeriet og eit bustadhus med naust, der det mellom anna har vore postkontor. Hovudhuset og den store saltebua er rivne, men dei bygningane som står att er godt ivaretekne (sjå eigen omtale av historia).



*Hovudhuset til den gamle handelsstaden i Valevåg blei bygd av handelsmannen Peter Gabriel Time frå Jæren i 1850. I 1978 blei det demontert av Bror E. Eriksen og flytta til ny tomt i utmarka til eigedomen, sidan plassen ved sjøen skulle byggjast ut til veg og ferjekai.*



*Butikkbygget på Tjernagel er flytta til andre sida av hamna og restaurert.*

## Dei gamle handelshusa langs skipsleia

Av Sverre Halleraker

I uminnelege tider har ferdselsåra mellom nord og sør gått gjennom Bømlafjorden. Her har små og store båtar streva seg forbi i all slags vêr. Mange har måtta søke ly i ei trygg hamn langs denne vêrharde strekninga, og behovet for hamner med gjestgjevare og landhandel melde seg. Det var handelsmenn frå Bergen som først etablerte seg i hamnene på vestsida av Sveio. All form for handel var ein privilegert bynæring, og det var ikkje noko ønske om å flytte handelsverksemda si ut i distriktet som dreiv bykjøpmennene til å etablere seg langs skipsleia. Det var konkurransen frå skottane som kom for å kjøpe trelast, som fekk handelsmennene til å etablere seg i distriktet. Skottane hadde med seg ulike varer dei selde til bøndene i bygdene dei oppsøkte, og denne ulovlege konkurrerende verksemda ville kjøpmennene frå Bergen få ein slutt på.

Når først handelsmennene hadde etablert seg langs skipsleia, var det særleg handel med sild og annan fisk dei tente pengar på. I tillegg selde dei salt, korn, ved, for ikkje å gløyme vin og brennevin. Utover 1700-talet starta dei med sildesalting og sildeeksport. Dessutan blei skjenkinga av øl og brennevin til alle dei som søkte ly i hamnene ei viktig inntektskjelde. Hos mange landhandlarar var det også bakeri og eige bøkkarverkstad, kor ein laga tønner til sildesaltinga.

Dei eldste landhandlarane og gjestgjevarane i Sveio etablerte seg i Mølstrevåg og på Tjernagelholmen. Her etablerte dei seg så tidleg som i 1680-åra. På Lyngholm, som er ei anna viktig hamn langs Bømlafjorden, kom det landhandel og gjestgjevare tidleg på 1700-talet. Ved alle dei tre landhandlarane i Sveio var det mange handelsmenn som opererte utover 1700-talet, og dei hadde vekslende hell gjennom både oppgangstider og nedgangstider. Det viste seg å vere sildesaltinga, ved sida av brennevinshandel og skjenking, som var den sikraste inntektskjelda. For landhandlarane langs skipsleia

blei det å hindre at ulovlege konkurrentar etablerte seg, like viktig som sjølve handelen.

### Sildesalting og sildehandel

Det var under det store vårsildfiskeriet på 1800-talet dei gamle landhandlarane hadde sine glansdagar. Dei låg sentralt plasserte midt i skipsleia, og dei kunne tilby gode hamner for både fiskarar og andre fartøy. Landhandlarane dreiv omfattande sildesalting og sildehandel. Dessutan førte vårsildfiskeriet til ein auka etterspurnad etter alle typar varer, og handelen fekk eit veldig oppsving hos landhandlarane. I Mølstrevåg kjøpte John Simonsen Mølstre landhandelen i 1818. På Lyngholmen sikrar Halvor Ingebrigtsen Hovda seg handelshusa og gjestgjevaret i 1837. På Tjernagel hamna handelsstaden i hendene på Reier Tollefsen Enerstvedt i 1836. Han var omreisande kreaturhandlar før han slo seg ned på Tjernagel.

Nye landhandlarar etablerte seg og i denne perioden. På Øklandsneset etablerte Erik Johan Jacobsen seg som landhandlar og gjestgjevar i 1854. Han dreiv med sildesalting og eksport. Han eigde eit notbruk, og dessutan fleire fartøy som blei brukt til eksport av sild. Lenger nord etablerte Peter Gabriel Thime landhandel i Valevåg. På same måte som resten av handelsmennene i Sveio, dreiv han det stort innan fleire næringar, dei fleste knytt til vårsildfiskeriet.

### Handelsstaden Tjernagel

Me kan bruke handelsstaden på Tjernagel som døme for å illustrere kva bygningsmassar det var ved handelshusa i Sveio. Landhandlar Reier Tollefsen Enerstvedt fekk besøk av branntakstkommisjonen 25. juli 1868. Husa på eigedommen var takserte i 1856, men han hadde utvida verksemda mykje sidan den gong. No var bygningane på eigedommen vån-

# Førde – «Sveens hovedstad»

Av Sverre Halleraker

Sveio har alltid hatt spreidd busetnad, og går me eit par generasjonar tilbake i tid, hadde dei aller fleste sitt virke innan jordbruket på ein eller annan måte. Ser me bort frå dei siste tiåra, har det sjeldan vore snakk om tettstadsutvikling i Sveio. I 1850- og 1860-åra var det tendensar til tettstadsutvikling i Mølstrevåg-området på grunn av det gode vårsildfisket. Bortsett frå dette, er det berre Førde-bygda som i tidlegare tider har hatt ei viss tettstadsutvikling. Me skal no gå litt tilbake i tid og sjå på korleis Førde-bygda har utvikla seg, og me skal prøve å finne ut kvifor det nettopp var her me fekk ei slags tettstadsutvikling med tilhøyrande sentrumsfunksjonar.

Går me over 200 år tilbake i tid, ser me at Førde ikkje var noko som likna på ein tettstad i 1801. Dei tre gardane som eg vel å definere som Førde-bygda, nemleg Førde, Solheim og Myklavoll, hadde i 1801 ikkje meir enn 13 hushald. Der budde det til saman 49 personar. Alle desse var knytt til jordbruk. I 1865 hadde folketalet i Førde stige til 86 personar fordelt på 22 hushald. Sjølv om folketalet hadde stige, finn me ingen personar her i 1865 som ikkje hadde sitt yrke knytt til jordbruk eller fiske.

## Sentrum i prestegjeldet

Ti år seinare var situasjonen ein heilt annan i Førde. Folketalet hadde stige med førti personar, og var no oppe i 126 personar. I 1870 blei det bestemt at soknepresten i Sveen prestegjeld, som no også skulle omfatte Valestrand sokn med Øklands-grenda, skulle ha bustad på Solheim i Førde. No høyrde heile Sveio-halvøya til Sveio prestegjeld, og Førde var blitt eit naturleg sentrum i prestegjeldet. Vegbygginga i 1860-åra hadde dessutan gjort Førde til eit knutepunkt for trafikken langs landevegen. I 1870 var både Tittelsnesvegen og Røykenesvegen ferdige, og desse to vegane møttes i Førde-bygda.

Etableringa av prestegarden i Førde var startskotet for ei rivande utvikling i Førde-bygda. Hausten 1871 var soknepresten på plass i den nye staselige prestebustaden, og med seg hadde han kona, som kom frå Brasil, og deira sju barn. På prestegarden var det eigen huslærer, stuepike, barnepike, kjøkkenpike og budeie, i tillegg til gardsdrenge og to vilkårs-menn.

## Nye etableringar

Etter at prestegarden var på plass, kom fleire nye etableringar i Førde-bygda. I 1871 blei «Sveens Postaabneri» etablert i Førde, og i 1873 var den første lensmannen på plass i Førde. Fjære sparebank blei etablert i 1875, og sparebanken fekk naturleg nok sine lokale i Førde. Det var postopnaren som blei den første bankkasseraren i Førde. I 1875 hadde Førde også fått eigen landhandel, og dessutan skystasjon med eigen stasjonshaldar.

Folketalet heldt fram med å stige etter 1875, og i 1878 fekk Førde eigen skule. I 1877 blei dessutan «Sunnhordaland Amtsskole» etablert, og denne vidaregåande skulen flytta seg mellom seks ulike stader i Sunnhordland. Førde var ein av dei stadene skulen hadde sitt virke. Enda fleire institusjonar etablerte seg i Førde i denne perioden. I 1880 fekk

bygda eige tinghus, som fungerte som rettslokale for heile prestegjeldet.

Den sterkt veksande bygda kjempa lenge for å få dampskipsforbindelse. Den første dampskipsruta som gjekk innom Førde, kom på plass i 1876, men Førde mista denne ruta året etter. I 1882 fekk Førde ny dampskipsrute, og denne ruta gjorde i enda sterkare grad Førde til eit trafikalt knutepunkt i regionen.

I 1900 blei det etablert eige meieri i Førde, men drifta viste seg å bli vanskeleg. Det var problem med å få levert nok mjølk, og ein greidde ikkje å få til ei lønsam drift. I 1902 var det slutt på meieridrifta i Førde.

Folketalet heldt fram med å stige kraftig i Førde i denne tida kor bygda etablerte seg som eit sentrum i prestegjeldet. I 1900 budde det 160 personar i Førde-bygda, og i 1910 var folketalet oppe i 174 personar delt på 33 hus. Folketeljinga avslører at fleire embetsmenn, forretningsmenn og handverkarar budde i bygda. På prestegarden budde sokneprest Emil B. Riis. På Helgheim budde kommunelækjar Kristen Nikolai Kristensen, og på Heimstad budde lensmann Edvard Jonas Fjærtøft. Sonen hans, Styrk, budde der og. Han jobba som kontorist på lensmannskontoret. Ved tinghuset heldt landhandlar Tollev B. Haugland til, medan kjøpmann Lars Andreas Tobiassen heldt til på Larsneset. På Bjergsted heldt skomakarmeister Lars Gunnarson Flaaten til, og han hadde tre skomakarsveinar i si teneste.

På «Strandå» heldt trelasthandlar Martin Haktorsen Stue-land til, medan kjøpmann og dampskipsekspeditør, Bernt Johan Ørjansen Særsten, heldt til på «Slettemyren», altså ved handelsstaden på kaien. Der budde og dampskipsfører Georg Mathias Barstad. På «Slettemyren» budde også Hans Hanssen Frugård, som var bakar hos handelsmannen på kaien. Han hadde og ein bakarsvein som budde i bygda. På dette tidspunktet hadde Førde-bygda og eige gjestgivar. Når me nemner bakarane i Førde, kan me ikkje utelate bakar Karl Kristoffer Ottesen, sjølv om han ikkje kom til Førde og etablerte seg der før i 1919. Ottesen bakeri gjekk i arv i til



*Deler av det gamle sentrumsområdet ved kaien i Førde er bevart. Foto: Ida K. Vollum.*

to av sønene til Karl, og dei heldt det i gåande heilt fram til 1982.

Me ser at Førde-bygda hadde utvikla seg til ein liten tettstad i 1910, og til eit sentrum for heile Sveio-halvøya. For å illustrere korleis det kunne opplevast å kome til Førde-bygda, har eg teke med eit utdrag frå ei reiseskildring som sto på trykk i Stavanger Aftenblad 1. august 1911:

«Op fra bunden af Førdesfjorden løfter sig smaat om senn en vennlig dal, omgit af lave skogaaser paa begge sider, og i bakgrunden sees naaleskog af betydelig udstrækning. Det er noget fornemt over selve naturen; det er jo rimeligt, ti den skal jo danne rammen om Sveens hovedstad. Her bor nemlig baade prest og doktor og lensmand og kommunekasserer, og her er poståbneri, telefonstation osv... Op fra dampskipsekspedisjonen trekker sig en pen vei i midten af den lille dal med enge og agre paa begge sider. Bebyggelsen er ogsaa meget vakker. Nede ved sjøen er det flere handelsmænd, hvoraf enkelte har butikker saa rummelige og lyse, som var det i en storby.»

Førde hadde utvikla seg til eit sentrum for Sveio prestegjeld, men ikkje alle sentrumsfunksjonar kom på plass her. Førde

fekk ikkje si eiga kyrkje før i 1938, og folk frå Førde måtte reise til Vikebygd når dei skulle til kyrkja. Førde høyrde til Vikebygd kommune, og kommuneadministrasjon og kommunehus låg i Vikebygd. Derfor hamna aldri desse funksjonane i Førde. Mangelen på kommunehus var kanskje den viktigaste årsaka til at Førde ikkje blei kommunesenter då heile Sveio blei samla til ein kommune i 1964.

Sjølv om Førde aldri blei noko kommunesenter, har bygda heldt på sitt sentrumspreg heilt fram til våre dagar. Mange av dei gamle bygningane frå storleikstida hundre år tilbake, står der enno, og kvar av dei har si historie å fortelje. Det er viktig at desse bygningane som vitnar om heilt andre tider, både for Førde-bygda og for heile kommunen vår, blir tekne vare på for ettertida.

#### **Kjelder:**

-Folketeljningane frå 1801, 1865, 1875, 1900 og 1910.

-Simon Steinsbø, *Bygdebok for Sveio, bind 3, 1987.*

-Artikkel i *Stavanger Aftenblad, 1.8.1911.*

-Lars Eikehaugen, *Førde i Søndhordlands meieri, i Kystfolk, 2010.*

## **Tettstaden Førde**

Førde er den eldste garden i området. Det er gjort ei rekkje funn frå bronse- og jernalder i bygda, som stadfestar alderen. Ved Hanaleite ligg og steinalderbuplassen Geitalemen. Funn gjort under utgravingar i 1999 tyder på at det kan ha lege eit hovdingsete her i vikingtida<sup>25</sup>.

Det gamle gardstunet sto på det som no er bnr 55, heilt oppe ved riksvegen. Her var eit klyngetun med stovehus og uthus som tilhørde tre bruk.

Tettstaden ved kaien vaks ikkje fram før rundt hundreårskiftet (18/1900). I dag er mykje av miljøet rundt kaien vekke, men ein del av bygdemiljøet i Førde er likevel bevart langs veggen ned gjennom bygda. Førde er det einaste større bygdemiljøet i Sveio, og det gamle sentrumet ned mot kaien har kulturminneverdi som tettstadsmiljø. Ein del av bygningane har høg eigenverdi, medan mange fleire har verdi som del av miljøet.

**Prioriterte kulturminne knytt til tettstadmiljøet i Førde:** Prestegarden på Solheim (sjå eiga omtale); Huset til lensmann Styrk Fjærtøft, bygd i 1924 (bnr 27) , bustadhus på bnr 6, 17, 21, 22, 55 m.fl., Tinghuset, tidlegare landhandel på bnr 44 (opph bnr 8). Sentrumsmiljøet er prioritert med omsynssone i kulturminneplanen. Gardstunet på 121/1 er eit viktig og særleg godt bevart kulturminne som ligg utanom tettstadsmiljøet. Her har det mellom anna vore telegraf- og skysstasjon. Tunet er nærare omtala i verneplanen.

<sup>25</sup> Thomas Førde: På sporet etter hovdingsete i Førde. Årsskrift for Sveio kystlag 2004.

## Sveio sentrum

Trass i at Sveio har vore kyrkjestad sidan 1100-talet, er det først i nyare tid at det har vakse fram tettbebyggelse på staden. Ulikt mange andre kommunesentra, har difor ikkje Sveio noko gammalt tettstadmiljø i sentrum. Fram til 1980-talet var det berre ei handfull relativt spreidd plasserte bygningar (kyrkja, kommunehuset, bakeri, butikk, skule, aldersheim) i kommunesenteret. Elles var området dominert av jordbruk, og frå rundt 1970 byggjefelt plassert som «satellittar» rundt eit sentrum som etter kvart utvikla seg til å bli meir tettbygd.

Det at me ikkje har eit gammalt sentrumsmiljø, tyder ikkje at det ikkje finst noko som er verd å ta vare på. Sveio er ein av dei eldste gardane i bygda, og det er gjort fleire arkeologiske funn i området. Mangelen på gammalt tettstadmiljø, gjer det desto viktigare å ta vare på element som kan styrka den lokale identiteten og fortelja historia til sentrumsområdet.

Her er kyrkja og den gamle kyrkjestaden på Sveiahaugen sentrale. Det gamle fellestunet før utskiftinga låg òg her (bnr 5 «Himigarden»). Bygningane som ligg her i dag er nyare, men staden har likevel høg kulturhistorisk verdi for Sveio som kyrkje- og landbruksbygd. Bak kommunehuset (40/2) ligg ei freda geil i eit område med fleire spor etter tidleg busetnad. Her er det merka tursti og skilta med kulturminneskilt. På bnr 12 er eit gammalt gardstun med våningshus og eldhus som er gode døme på den lokale byggeskikken i Sveio. Dette gjeld òg det gamle våningshuset på bnr 4.

***Prioriterte kulturminne i Sveio sentrum: Kyrkja og den gamle kyrkjestaden med mellomalderkyrkjegard og gardstun (bnr 5), Sveigarden (40/12)***

## Offentleg administrasjon

Ved kommunesamanslåinga i 1964 var det store kommunehuset i Sveio ei av årsakene til at dette blei vald til sentrum i den nye storkommunen. Valestrand herad hadde sitt administrasjonsbygg på Haugland, men dette var for lite. Kommuneadministrasjonen i Vikebygd låg på austsida av fjorden. Sveio sitt kommunehus var bygt i 1925, mellom anna med tømra frå gamle Vandaskog skule som blei riven to år før.

Kommunehuset i Sveio sentrum er sidan utvida i fleire omgangar. Ei ny fløy blei bygt i samband med kommunesamanslåinga på 60-talet, og to store fløyer kom til på 80-talet. I 2008 var det brann i den eine fløya, som blei bygt opp att to år etter. Bygget speglar kommunen si utvikling og framstår som historisk leseleg med tidstypiske fløyer frå 1920-, -60-, -80- og 2000-talet, sjølv om den eldste delen er noko modernisert og ombygd. Den eldste delen skal renoverast.

Valestrand heradshus frå 1918 blei overtatt av private og rive i 2017.

I Førde er Tinghuset frå 1882 teke over av bygdelaget og skal tilbakeførast til opphavleg uttrykk. Det ligg i omsynssoona for bygdemiljø i Førde.



*Kommunehuset i Sveio sentrum har vokse i takt med utviklinga i kommunen. Frå venstre fløyer frå 1980-, 2000-,1960- og 1920-talet.*

### Skulane

Dei gamle skulehusa på bygdene blei bygde etter same mal over heile Vestlandet. Bakgrunnen var skulelova av 1889, som kravde at det skulle vera eit skulehus i kvar krins. Lova sette krav til bygningane: Dei skulle ha eit klasserom på vel 30 kvadratmeter, eit lite kombinert lærar- og materialrom, gang og bislag. På mellom anna Brattestø, Vikse, Vandaskog, Bua, Eilerås og Lid blei det etter kvart bygd skulehus etter denne standarden. Tre av dei er rivne (Vandaskog blei brukt ved bygginga av kommunehuset), men på Vikse og Bua står dei relativt intakte og er i bruk av ungdomslaga. Brattestø skule er i privat eige og har fått ny bruk som bustad. Fleire stader blei det bygd egne lærarbustadar, gjerne med ei lita løe og jord nok til å fø ei ku.

Oa skule blei òg bygt på denne tida. Frå 60-talet blei bygget nytta som bedehus i bygda, men er no i privat eige. Det blei bygd eigen lærarbustad med eldhus på Erve (Skulejorda, 105/21). Tunet her er godt bevart.

Vandaskog fekk ny skule i 1923. Nokre år etter blei det bygt lærarbustad med fjøs og eit lite stykke jord. Skulebygget brann ned til grunnen i 2014.

Ørevik skule frå 1933 og Sveio gamle skule frå 1937 er godt bevarte døme på skular frå førkrigstida. Ørevik skule er i kommunal eige og fungerer i dag som grendehus, medan gamleskulen på Sveio er seld til private. Her var det lærarbustad i loftsetasjen.

Dei fleste skulebygga som framleis er i bruk er moderniserte i samsvar med dagens krav.

**Prioriterte kulturminne:** Bua gamle skule (A), Brattestø gamle skule (B), Ørevik skule (B), Sveio gamle skule (B).



*Bua gamle skule er den mest intakte av dei eldste skulehusa. Ørevik skule frå 1933 har fått nytt liv som grendehus.*

## 2.3.9 Organisasjonsliv og forsamlingshus

### Bedehusa

Bedehusa har opphav i lekmannsrørsla og den pietistiske vekkingsrørsla, og tok etter kvart over funksjonen etter husmøta. Det første kjende bedehuset i landet vart bygd i Skien i 1850. Bedehusa har hatt stor tyding for norsk lekmannsarbeid og det lokale miljøet i bygdene. Særleg misjonsarbeidet har fått god støtte frå bedehusmiljøet. I Sveio skaut bygginga av bedehus fart i løpet av dei første tiåra av 1900-talet.

Det er 13 bedehus i Sveio. I tillegg har Filadelfia Auklandshamn eit stort forsamlingslokale, bygd i 1948. Dei fleste er bygde i tida etter hundreårskiftet og fram til 1930-talet. Dei som er nyare, erstattar eldre bygg. Eldst av dei bedehusa som står i dag er det på Mølstre, bygd i 1906. Med unnatak av eit lite tilbygg frå 60-talet er bedehuset lite endra – også utedoen er intakt. Det første bedehuset på Eltravåg, bygt i 1907, blei nytta som ammunisjonslager under krigen. Ved eit uhell gjekk det i lufta i 1941. Muren og trappa står framleis att. Det nye bedehuset sto ferdig i 1950 og er lite endra sidan den gong. Rød og Oa bedehus er tidlegare skulehus som har fått ny funksjon etter at skulane blei nedlagde.

Nyast er Auklandshamn bedehus, bygt i 1977, til erstatning frå det gamle bedehuset frå 1910. Med det har bygda dei to største ikkje-kyrkjelege religiøse forsamlingslokala i kommunen, kvart med plass til 200 personar. I tillegg kjem Eikeland kapell med 120 sitjeplassar. Alle tre er i aktiv bruk. Det tyder på sterkt religiøst engasjement i bygda som i dag har om lag 500 innbyggjarar.

Frå rundt 1960 har dei fleste bedehusa blitt utvida, og rommar i dag 80 – 200 personar. Dei fleste bedehusa har ein stor sal, kjøken og (oftast) galleri. I hovudsak er dei brukt av misjonsorganisasjonane, men nokre blir òg nytta som forsamlingslokale for andre lag i bygda. Mange av bedehusa er i aktiv bruk, medan nokre er nedlagde. Ørevik bedehus (bygd i 1953) blei, som det første i kommunen, seld til privat bruk i 2011. Seinare er òg Vikse og Sveio bedehus selde. Sveio bedehus blei erstatta av eit nytt soknehus i 2016.



*Mølstre bedehus frå 1906 er det eldste i kommunen. Det fekk eit mindre påbygg i 1960, men er elles lite endra.*

## Ungdomshus

Dei frilynte ungdomslaga oppstod i løpet av dei siste tiåra av 1800-talet. Laga fekk etter kvart sine egne hus, som òg har fungert som forsamlingshus og kulturbygg for heile bygda. I Sveio er det fleire ungdomslag, men berre på Oa og i Førde blei det bygt egne ungdomshus. Ungdomshuset i Førde blei rive i samband med utbygging av riksvegen gjennom bygda. Dermed er Oa ungdomshus frå 1934 er det einaste attverande ungdomshuset i kommunen.

Seinare blei det vanlegare å byggja samfunnshus, som gjerne blir drivne som egne lag. Nokre tidlegare skular er tatt i bruk som ungdomshus eller samfunnshus, til dømes Kleivo i Valevåg.



*Oa ungdomshus,  
bygd i 1934.*

## Badestova i Valestrand

I 1935 blei det tatt initiativ til å få bygt ei offentleg badestove i Valestrand. Dei færreste hadde eige bad på denne tida, og reinsemd var eit viktig tiltak for å førebyggja tuberkulose.

Valestrand badstovenemnd blei skipa 11. mars 1935. Nemnda hadde medlemer frå bondelaget og ungdomslaget, og leiar var initiativtakar Andres Blytt, som òg heldt tomt til badestova. Tiltaket blei støtta av Hordaland Fylkes Tuberkulosefond og Norges Badeforbund, og det blei lagt ned mange dugnadstimar før badestova sto ferdig i 1937.

Ho var i flittig bruk i dei neste 20 åra. Jon Blytt fortel mellom anna at han hugsar at Fartein Valen brukte badestova. I 1957 var det registrert til saman 2022 bad. Bruken minka etter kvart som folk fekk egne bad i husa.

Badestova hadde rom for avkledning, og varm og kald dusj, i tillegg til baderommet med liggeplass til 6 personar. På 1980-talet skulle vegen utvidast, og bygget måtte flyttast. Då blei det snudd slik det ligg i dag. Sidan har bygget forfalle.

## Losjehus

Etter det me kjenner til har det vore to losjehus i Sveio. «Losje Husafjell» overtok i 1949 ei tidlegare husmannsstove på Ørevik. Bygget var i bruk som losjehus fram til utpå 60-talet, men står i dag til nedfalls. Losje «Vigdar» hadde lokale sentralt i Sveio sentrum. Det blei rive i på 1970-talet.

**Prioriterte kulturminne, forsamlingshus:** *Mølstre bedehus (A, del av kulturmiljø), Tjernagel bedehus frå 1926 (A), Oa ungdomshus (B). Badestova i Valestrand ligg i omsynssone for Einstadbøvoll gard.*

## 2.3.9 Kulturminne knytt til segner, historier og personar

### Steinalteret på Bruraholmen

Av Sigurd Tveit

I Vigdarvatnet, ved Apeland, ligg det ei rad holmar tvers over vatnet. I daglegtale kallast dei Apelandsholmane, men i grunnen heiter dei Bråtveitsholmane, fordi dei ligg i Bråtveit si utmark.

Ein av desse holmane heiter Bruraholmen, og på denne holmen er det reist eit steinalter. Kva tid det er reist, er nokså uvisst, men skal ein festa lit til segna som knyter seg til dette alteret, så må det vera reist etter at det var bygd kyrkje i Sveio. Og den fyrste kyrkja i Sveio - ei lita stavkyrkje - var bygd på 1100-talet.

Og segna om steinalteret fortel at det var eit brurefylgje som skulle over isen frå Bråtveit til Sveio kyrkje for å gifta seg. På vegen gjekk fylgjet gjennom isen ved Apelandsholmane, og drukna der. Det kan gjerne nemnast at isen ofte er utrygg i sunda mellom Apelandsholmane. Til minne om denne tragiske hendinga vart steinalteret på Bruraholmen reist, og holmen fekk namnet sitt etter denne ulukka.

Kor mykje ein kan leggja i denne segna er

uvisst. Men sikkert er det at dette steinalteret er reist av menneskehender, og har stått på Bruraholmen i mange generasjonar. Men segna sluttar ikkje med dette. Det heiter at Vigdarvatnet òg fekk sitt namn etter denne hendinga. Bruraparet vart ikkje vigde, men det vart Vigdarvatnet, der dei enda livet sitt. Det er likevel lite truleg at vatnet har fått namn etter denne hendinga. Namnet skal vatnet ha fått då folk tok til å busetja seg langs strendene her. Dei vigde vatnet til gudane sine fordi det skulle gi dei mykje fisk til å livberga seg med.

Men steinalteret står framleis støtt på Bruraholmen. Det er noko mosegrodd no av år og elde, men det er på ingen måte til nedfalls, og ei soge har det å fortelja oss, og difor er dette alteret verneverdig i høgste grad.

*Frå "Vandring i nærmiljøet" (1989), tidlegare trykt i Haugesunds Avis*

Den eldste skildringa me kjenner til av Brura-alteret, finst i presten si kallsbok. I 1861 skildrar sokneprest Heyerdahl prestegjeldet. Då nemner han dette steinalteret, og knyter det til segnet om brureparet som gjekk gjennom isen og drukna. I denne skildringa blir steinalteret omtala som «urgammalt».



T. v.: Alderen er uviss, men Brura-alteret kan vera svært gammalt. Det er framleis i god stand. Brørsteinane på Istertveit (t.h.) står på ei gravrøys som er skjult under torva.

Garden Istertveit ved Forevatnet blei fråflytt for fleire hundre år sidan. Det er lite spor etter garden i dag, men ved stien kan ein sjå restar av ein steingard, og dei to små bautasteinane "Brørsteinane", som ligg på toppen av ei skjult gravrøys. Det er knytt ei dramatisk segn til desse, som fortel kvifor garden blei flytta frå. Historia er gjort kjend gjennom lokalhistoriske bøker. Det ligg òg eit freda gravminne ved Istertveit. I dag framstår området som utmark.

Brørsteinane har vore kjende lenge, men blei først registrert som automatisk freda i 2017. Det er rydda kratt for å gjera kulturminna på Istertveit meir tilgjengelege, og sett opp kulturminneskilt.

## Segna om brørsteinane på Istertveit

Sigurd Tveit

På Istertveit budde det i si tid to brør i sin beste alder. Dei hadde arva denne garden etter foreldra som bae var døde i forholdsvis ung alder. Desse to brørne arbeidde godt i saman og dreiv garden godt. Dei utvida den med å dyrka jord, fekk seg meir kretur, og levde i det heile romsleg. Men dei sakna ei hushjelp til å stella inne for seg, det trong dei og det hadde dei råd til. Hellet fylgde dei også her, for dei feste ei unge jente frå bygda, som snart fekk skikk på huset. Denne jenta var også svært vakker, seier segna. Og det var då ho kom til Istertveit at flokane tok til. Bae brørne vart vilt forelska i henne, medan ho på si sida berre vart forelska i den eine. Den yngste.

Og ein vakker, gryande vårdag, medan lauvet spratt og Furevatnet låg blikkstilt og spegla himmelen av, kom det som måtte koma med elskhug og sjalusi som bakgrunnsmotiv: Dei to brørne rauk i saman i eit vilt slagsmål om

hushjelpa si. Jamsterke som dei var, var utfallet lenge uvisst, men til slutt måtte den yngste gi seg for overmakta. Og i sanselaust sinne slo den eldste broren han til han låg død på tunet. Men jenta hadde med redsle stått og sett på dette ville slagsmålet. Og då ho såg kva ende det tok, treiv ho øksa som stod i hoggestabben på tunet. Og før det skikkeleg var gått opp for den eldste broren kva han hadde stelt til, fekk han det eine slaget etter det andre av økshammaren, til han sjølv segna om ved sida av bror sin.

Og jenta, kva gjorde ho? I isande ro fullførte ho dramaet på Istertveit denne fine vårdagen, med å grava ei grav til dei to brørne. Så gravla ho dei og reiste to gravsteinar - "Brørsteinane" - på grava. Deretter gjekk ho roleg ned til Furevatnet og drukna seg. Ja slik seier segna, og kor mykje som er sant er uvisst. Men "Brørsteinane" står på Istertveit den dag i dag, som ein attraksjon og som eit minne om den gamle nedlagde garden på nordbredda av Furevatnet.

Frå "Bygdelangs", 1991

I ein annan versjon av saga, fortald av Torstein Hjellum i Sunnhordland årbok 1961, er det jenta som budde på Istertveit, medan dei to brørne var friarar som kom frå ein gard på austsida av Vigdarvatnet.

### **Smørsundkjerringa i Krokane**

På det avsidesliggjande plassen Krokane under Vestre Vikse, budde den segnomsuste Smørsundkjerringa, Ingebrikta Jørgensdatter Storasund Vikse (1788 – 1861). Ho var kjend over heile Vestlandet for sine spesielle gåver som klårsynt, og folk, spesielt fiskarar, kom langvegsfrå for å få hjelp av henne. Staden var vanskeleg å koma til frå land, men låg nær områda for det store vårsildfisket, og det var lett for fiskarane å oppsøkje henne<sup>26</sup>. I dag står berre tuftene att i Krokane, men segnene om Smørsundkjerringa lever framleis. Krokane er gjort tilgjengeleg med ny tursti.

### **Lensmannshuset i Førde**

Styrk Fjærtoft (1893 – 1990) var lensmann i Sveio, Valestrand og Vikebygd i over 40 år, frå 1921 til 1963. Fjærtoft var ein mann som sette store spor etter seg i Sveio og distriktet elles, både som person og med huset han etterlet seg. Han var ein handlekraftig og fann råd for det meste. I 1924 sette han opp eit større, herskapeleg bustadhus på ei sentral tomt i bygda. Huset er stilmessig godt bevart, og er framleis i familien si eige. I nyare tid har det mellom anna blitt nytta som location for filmen «Wide Blue Yonder».



*Lensmannshuset i Førde er bygd i 1924, med den eldre empirestilen som førebilete. I Vikebygd, som hørde til same kommune som Førde fram til 1964, ligg eit nesten identisk hus som er bygd i 1939/40.*

<sup>26</sup> Alf Saltveit: Våre kulturminne (2005)

# Utvandringa på 1800-talet

Av Sverre Halleraker

På midten av 1800-talet var gardane rundt om i Sveio temmeleg overfolka. Mange såg ikkje annan utveg enn å søke lycka i den nye verda som lokka på andre sida av Atlanteren. Granskingar eg har gjort viser at 1136 personar frå det området som no utgjer Sveio, emigrerte til Amerika i perioden mellom 1850 og 1920. Det utgjer om lag 30 prosent av folketalet her i 1875. Prosentdelen som utvandra frå Sveio er ikkje høgare enn for landet elles, men det var svært mange frå Sveio som utvandra i den såkalla pionertida, altså før 1860. Ein firedel av dei som utvandra frå Sveio, reiste i denne tidlege fasen, medan tala for heile landet viser 5 prosent. For dei første utvandrarane kunne reisa ta opp til 14 veker, og det var dessutan svært kostbart å reise. Tilhøva som møtte utvandrarane på den andre sida av havet var svært usikre og farefulle, og det gjekk ikkje så bra med alle som reiste.

## Amerika-steinen på Tjernagel

Den store utvandringa sette sitt tydelege preg på bygdene der mange reiste, men me har ikkje mange konkrete kulturminne som vitnar om utvandringa. Det viktigaste kulturminnet me har i Sveio som kan knyttast til utvandringa, er den såkalla «Amerika-steinen» på Tjernagel, nærare bestemt ved foten av Slettafjellet. Ein stor del av dei som utvandra frå Sveio i pionertida, kom frå Tjernagel og Øklands-området. Mange av utvandrarane, og mange av etterkommarane deira, vende tilbake til rotene sine i heimlandet. Ole Andreas Tjernagel utvandra frå Tjernagel i 1856. Han

reiste aldri tilbake, men ein av sønene hans, Nehemias Tjernagel, oppsøkte heimstaden til far sin i 1892. Han blei buande ei god stund hos tanta si på Tjernagel. Medan han var der reiste han mykje rundt i distriktet, og han skildra det han såg og opplevde i brev til familien heime i Amerika. Medan Nehemias var hos tanta si på Tjernagel, blei han med yngste sonen hennar, Bendik, opp til Slettafjellet, for å få eit overblikk over heile området. På veg ned frå fjellet fekk Nehemias sjå ei lita steinhytte. Bendik fortalte at dei kalla steinhytta for «Andershuset». Veggane i hytta er naturleg plasserte steinheller. Inne i hytta er det mura opp småstein for å tette veggane. Taket er laga av steinheller. I den vesle steinhytta kunne barna som gjette husdyra om sommaren søke ly for regn og uvær.


Nehemias hogg inn initialane sine «N. Tjernagel» og årstallet 1892, i ein av dei flate steinveggane inne i hytta. Bendik, som utvandra til Amerika i 1893, oppsøkte steinhytta saman med familien sin, då han nokre år seinare besøkte Tjernagel. Både han og resten av familien hogg namn og årstal inn i steinen. Sidan skal alle etterkommarane etter utvandrarane frå Tjernagel som besøkte heimstaden til slekta si, ha rissa namna sine og årstallet dei var der inn i steinen. No er den slette steinveggen inne i den vesle hytta full av initialar og årstal. Derfor har steinen fått namnet «Amerika-steinen».

## Kjelder:

Sverre Halleraker, *Tilbake til rotene, i Tilbake til rotene*, 2012.



Amerikasteinen. Foto: Marianne Ø. Halleraker





*Valenheimen og hagen med byste av komponisten.*

Heimen til komponisten Fartein Valen (1887 – 1952) er ein av fem komponistheimar i Hordaland. Huset er bygt i enkel sveitsarstil i 1903, og er måla i tidstypiske fargar. Det ligg på ei høgde på garden Øvre Valo i Valevåg, med hovudinngang mot vest og utsikt mot havet. Huset blei bygt av far til Fartein Valen, Arne Valen, som var misjonær. Komponisten sjølv budde her permanent i 22 år, saman med systera Sigrid. Han var ein beskjeden mann som omgav seg med kattar, roser og kaktusar, men òg med kjende kunstnarar. Huset inneheld komponisten sitt piano, bøker og maleri av kunstnarvener. Det er restaurert og så langt som mogleg vidareført slik det var då Valen budde der<sup>27</sup>. I hagen står ei byste laga av Ottar Espeland. I dag fungerer bygget både som museum og som feriestad for dagens eigar, som er i nær slekt med komponisten.

### **Monument over forliset av D/S “Thor”**

I 1906 skjedde det eit tragisk forlis ved Lyngholmen. Dampskipet “Thor», som gjekk ned tidleg om morgonen 1. mars 1906. Skipet blei brukt til å ise ned sild under vårsildfisket. Sjølv om ulykka skjedde nær land omkom heile 38 personar.

Det er reist ein minnestein til minne om forliset og dei som mista livet der. På den øvste minneplata er «DS Thor» avbilda. På den nedste minneplata finn me namn og alder på dei omkomne. Dei fleste er unge menn frå vårt distrikt. Minnesteinen blei reist i 2006, i samband med at det då var hundre år sidan ulykka. Rett over minnestøtta er det god utsikt både mot ulykkesstaden, og mot staden kor

---

<sup>27</sup> Kjelder: Valenheimen - Kultur og natur i Sveio - Hefte 3. Sveio kommune 2001.  
Kolbein Espeset: Eitt liv - mange soger. Arne Valen sitt pionerarbeid i misjonen

skipet gjekk ned. «DS Thor» har aldri blitt heva, og ligg relativt grunt. Det er framleis restar etter skipet på botnen<sup>28</sup>.

**Prioritering:** Alle kulturminna som er omtala under punkt 2.3.9, er klassa som A-objekt i planen. Ingen av dei er registrerte som kulturminne i offentlege register tidlegare, og dei er særleg viktige å få med i kulturminneplanen. Ikkje minst gjeld dette Valenheimen som har særleg høg verneverdi, både lokalt og nasjonalt.

### 2.3.10 Krigsminne

Under 2. verdskrigen bygde den tyske hæren opp tre anlegg ved Bømlafjorden, som skulle forsvare den indre skipsleia mellom Haugesund og innseglinga til Bergen. Det eine anlegget ligg på Stord, dei to andre på Nesheim (av tyskarane kalla «Nordheim») og Tittelsnes<sup>29</sup>. Oppbygginga av begge anlegga i Sveio starta i 1941, og var del av den såkalla Atlanterhavsvollen som strekte seg frå Kirkenes i nord til Pyreneane i sør. Festningsverka skulle verne det tyskokuperte området mot ein alliert invasjon. Tyskarane kom uventa og rekvirerte hus og utstyr i bygdene, som dei trong i samband med bygging av forta.

#### Tittelsnes fort (5/1 m.fl.)

Berre nokre dagar etter invasjonen den 9.april, kom dei første tyskarane til Tittelsnes. Fleire følgde på etterkvart. Tyskarane tok både bedehuset og privathus i bruk under byggjeperioden. Sjølve arbeidet med å opparbeida festningsområdet kom truleg ikkje i gang før på våren 1941. Til saman blei det bygt 12 større og mindre brakker, og eit omfattande løpegravsystem med bunkerar. Seks av bygningane, og det meste av bunkerar og løpegraver, er bevart. Her er òg kanon- og forsvarsstillingar.

Dei første åra var det 200 soldatar på Tittelsnes. Då krigen slutta var talet nede i 70. Etter krigen blei området overtatt av det norske forsvaret, og har vore brukt som øvingsområde for heimevernet. Området blei rydda og sikra av Skifte Eigedom i 2011. I landsverneplanen for Forsvaret er fortet omtala slik: «Tittelsnes er et av de mindre, oversiktelige kystfortene der helheten er meget godt bevart. Fordi så lite av den opprinnelige, ekstyske bebyggelsen er intakt, foreslås etablissementet bevart som militærhistorisk landskap der hovedstrukturen med fortifikasjoner og spor etter den opprinnelige aktiviteten inngår». I landsverneplanen er dei ståande bygningane vurderte til ikkje å ha verneverdi. Sveio kommune ønskjer at bygningane skal bevarast.

#### «Nordheim batteri» på Nesheim (55/4)

Festningsanlegget på garden Nesheim blei bygt ut med 4 kanonstillingar og 6 kanoner, forlegningsbrakker, offisersbrakker, spisebrakke og ei rekkje bunkerar og opne løpegraver frå 1941.<sup>30</sup> I motsetnad til fortet på Tittelsnes, har ikkje anlegget på Nesheim blitt brukt til militære føremål etter krigen. Då freden kom blei brakker og utstyr som kunne brukast til andre føremål raskt fjerna. I dag

<sup>28</sup> Sverre Halleraker: [Ulykka som ingen kan gløyme | sverre-halleraker-lokalhistorie.no](http://sverre-halleraker-lokalhistorie.no)

<sup>29</sup> Landsverneplan forsvaret

<sup>30</sup> «Eltravåg og Bua 1940 – 45» - Sigmund Salamonsen og Geir Birger Haug (2012)

står berre murane att av dei fleste bygningane. Berre sanitetsbrakka, som er bygt i stein, står att. Den blei brukt som bustad/hytte etter krigen. Brakka har lenge stått til nedfalls men er under rehabilitering og vil bli teken i bruk att. Løpegravene er for det meste raste saman, men bunkerane og kanonstillingane er intakte. Området har dei siste åra blitt nytta til beiting og har blitt lettare tilgjengeleg, men krigsminna blir ikkje haldne ved like.

#### **«Lensmannshytta» ved Liervatnet**

Hytta, som var eigd av lensmann Styrk Fjærtøft, blei brukt som gøymestad for motstandsfolk under krigen. Hytta som står på staden i dag er ikkje den same som blei brukt under krigen.

#### **Krigsminnesmerke**

Etter krigen blei det sett opp minnesmerke over falne i heimbygdene deira. I Sveio har me slike minnesmerke ved Sveio og Førde kyrkjer, gravplassen på Framnes, og i Auklandshamn. Ved Førde kyrkje er det òg eit relieff til minne om motstandsørsla.

***Prioriterte krigsminne:** Tittelsnes fort og «Nordheim batteri»(A). Krigsminnesmerka (B)*

### **2.3.10 Kulturminne frå etterkrigstida**

Det tok tid før utviklinga i bygdene skaut fart etter krigen. Ser me på bygningsmasse og andre kulturminne, er det heller lite frå det første tiåret av etterkrigstida. Det blei bygd litt langs sjøen, og på nokre gardsbruk. Men knappheit på materiale gjorde at utviklinga gjekk seint. Somme måtte venta heilt til overgangen til 1960-talet før dei fekk løyve til å setja opp nybygg.

Kulturminne frå denne tida er framleis så «nye» og kvardagslege at me knapt legg merke til dei. Difor er det viktig å vera bevisste på at dette òg er viktige bitar av historia vår, og at dei gradvis kan forsvinna om me ikkje passar på å ta vare på noko av det som står att.

#### **40- og 50-talet**

På Tittelsnes var det likevel stor utvikling på 1950-talet. Neset var eit knutepunkt for samferdsle med rutebåt og endestasjon for buss. Det blei bygt bussgarasje, bakeri, fleire bustadhus, naust/sjøhus og driftsbygningar. Byggjestilen etter krigen var enkel og prega av materialknappheit. Nokre bygg har likevel arkitektoniske kvalitetar. TUNET på Eidsvåg bnr 3/1 er tidstypisk med våningshus, løyve og garasje/uthus frå denne tida. Også bussgarasjen og huset som romma bakeriet er intakt og lite endra.



*Frå Tittelsnes – bussgarasje, bakeri og bustadhus frå 1950-talet. Bakeriet blei nedlagt i 1982. Bussgarasjen er i dag i bruk som midlertidig garasje for veteranbussar.*

### **Hytte «på landet»**

På 50- og 60-talet blei òg Sveio sin status som hytteområde for byfolk for alvor etablert. Mange frå det me kan kalle den lågare delen av borgarskapet i Haugesund, ville ha hytte «på landet» og ved sjøen. Langs sjøen frå Fjon til Erve var det ei massiv utbygging med enkle hytter og naust. I området rundt Mølstrevåg blei det òg sett opp mange hytter. I dag er ein stor del av desse påbygd og modernisert, men ein del har framleis den opphavlege enkle standarden. Det blir framleis bygt mykje hytter i Sveio, men innhaldet i ordet «hytte» er kraftig endra sidan denne tida.



*Dei typiske hyttene frå 1950- og 60-talet er små, enkle og uisolerte. I dag er skilnaden mellom hus og hytte meir flytande. Nå kan hytta gjerne vera større enn bustaden, og med minst like høg standard. På Sletto hyttefelt er det både hus og hytter.*

### **Mjølkeramper og leskur**

For både bønder og meieri var det ei effektivisering då vegane etter kvart blei gode nok til at mjølka kunne hentast med rutebil (kombinert buss/varetransport). Då oppsto òg behovet for mjølkeramper og leskur. Rampene hadde stordomstida si på 50-talet, og gjekk ut av bruk då gardstanken og tankbilen gjorde sitt inntog på 70-talet. Leskur langs vegane har me framleis bruk for, og her har det vore ei stadig utvikling fram mot dagens moderne busskur i betong eller plexiglas. Mjølkeramper i sement er registrert mellom anna på Lyngholm, Rødmyr og Bjelland.



*T.v. støyppt mjølkerampe og «blekkskur», Bjelland. T.h. leskur, Selsås.*

## 60- og 70-talet

På denne tida skaut utbygginga fart. Det blei etablert byggjefelt, og folketalet steig. I Førde blei det bygt ein del nye bustadhus, og Fjære sparebank sette opp eit stort nytt bankbygg sentralt i bygda. Etter at Sveio blei sentrum i den nye storkommunen var Krossleite det første byggjefeltet som blei etablert. Sjølv om mange av husa er endra sidan byggjeåret, er 1970-talspreget på feltet intakt. Seinare kom Fjellstad-feltet ved Sveio sentrum og byggjefelta Hjartåsen og Tabor i Førde. Kommunehuset i Sveio fekk ein ny, stor fløy oppført i mur (sjå omtale under 2.3.8), og det vaks etter kvart fram eit sentrum i området.

**Prioritering:** Svært få kulturminne frå den næraste fortida vår er føreslått verna i planen. Ved ei seinare rullering vil det vera viktig å sjå nærare på kva av etterkrigsminna det er viktig å ta vare på for ettertida. Mellom anna finst det ein del tidstypiske hus og hytter frå desse tiåra, som førebels er lite endra. Det nyaste kulturminnet som er sikra med omsynssone er mjølkerampa og skuret på Bjelland (92/4). Nokre bygningar frå denne tida er del av omsynssonar med andre hovudvernekriterium, til dømes naust i Vihovdevikjo, gardstun på Åse og galleribygningen på Ryvarden frå 1958.

## Del 3 – Verdisetjing og prioritering

### 3.1 Val av tema

Sveio si historie er i all hovudsak prega av jordbruk og sjøbruk, og utvalet av kulturminne i planen speglar dette. Det er likevel gjort forsøk på å dekke heile breidda av kulturminne i kommunen, både sosialt, geografisk og med omsyn til tema. I kulturminneregistreringa som er gjennomført i samband med planarbeidet, er det gjort forsøk på å få med «alt». For nokre typar kulturminne, som ferdslveggar og kulturminne under vatn, er det likevel behov for betre kartlegging.

### 3.2 Grunnlag for prioriteringar

I samband med planarbeidet er verneverdien av alle registrerte kulturminne vurdert. Vurderinga er gjort ut frå kulturminnefaglege kriterium, og i samarbeid med Vestland fylkeskommune og bygningsvernkonulenten i Sunnhordland. Kulturminnefaglege kriterium vil seie at hovudvekta er lagt

på objektet sin verdi som kulturminne, medan teknisk verdi, eigar si meining om bevaring, eller reguleringsstatus har kome i andre rekkje. Der det er gjort eit utval mellom fleire likeverdige objekt, kan slike kriterium likevel bli avgjerande for vurderinga. Arkeologiske kulturminne, som er automatisk freda, er haldne utanfor denne vurderinga. Oversikt frå Askeladden over automatisk freda kulturminne er med som vedlegg (1).

Kulturminneregistreringa som blei gjennomført i 2012 – 2014, med SEFRAK-registreringa og Askeladden som bakgrunnsmateriale, ligg til grunn for vurderinga av verneverdi. Det at eit objekt er registrert i kommunen sitt kulturminneregister, betyr ikkje utan vidare at det har eit vern eller er verneverdig. Vurderinga av verneverdi er gjort i etterkant av registreringa. Her er objekta plasserte i klasse A – D, der A er objekt med særleg høg verneverdi, som har eit formelt, lokalt vern (omsynssone), medan klasse D gjeld tidlegare registrerte objekt som ein har vurdert ikkje å ha verneverdi. Klasse B omfattar objekt med høg verneverdi og omsynssone med eigne retningslinjer, medan klasse C er ein «samlekategori» som omfattar registrerte kulturminne med varierende, lokal verdi. Inndelinga byggjer på klassifiseringssystem brukt i andre kommunar/fylke, men er tilpassa lokal bruk då det ikkje finst ein «nasjonal standard». Nærare definisjonar av kriterium og retningslinjer for forvaltning av kulturminne i dei ulike klassane er gjort greie for i det følgjande, saman med oversikter over verneobjekt. Klasse A omfattar færrest kulturminne/kulturmiljø, og har fyldigast omtale. For klasse B ligg det ved liste, medan C-objekta er registrert i kommunen sin samla database. Klasse D er ikkje tatt med i oversikten, då dette er ein «ikkje-klasse» i vernesamanheng. Det er viktig å merka seg at for kulturminnetypar det finst mange av er dei som er sikra med omsynssone utvalde døme. Det kan finnast kulturminne med høg verneverdi som ikkje er registrerte, eller som er lågare klassa i planen.

### **3.3 Utfordringar i vernearbeidet**

Ei oppsummering etter registreringsarbeidet viser eit årleg tap av SEFRAK- registrerte kulturminne på rundt 0,5 prosent i løpet av dei åra som har gått sidan registreringa blei avslutta. Dette er akseptabelt og samsvarer med nasjonale målsetjingar. Talet viser likevel berre ein liten del av biletet. Eit stort tal kulturminne er truga av forfall, og svært mange av desse vil truleg gå tapt i løpet av dei næraste åra. Modernisering og omfattande utskiftingar (av tak, kledning, vindauge, dører osv.) på verneverdige bygningar kan òg redusera kulturminneverdien. Her er det behov for tiltak for å styrka kunnskapen om kulturminne, god tilgang på fagleg rettleiing, og økonomiske verkemiddel. Konkrete tiltak er foreslått i handlingsplanen (Del 5)



*Stående kvernhus, samanrast sag. Røykenes.*

### 3.4 Vernekategoriar

#### 3.4.1 Automatisk freda kulturminne

Desse blir ivaretatt av Riksantikvaren og Fylkeskommunen.

Vedlegg 1: Utskrift frå Askeladden over automatisk freda kulturminne i Sveio

#### 3.4.2 Vedtaksfreda kulturminne

##### **Einstadbøvoll gard (7/1)**

Einstadbøvoll gard er einaste anlegget/kulturminnet i Sveio som er freda etter vedtak frå Riksantikvaren. Sjå eiga omtale i temaplanen.

Miljøet som heilskap har omsynssone A.

#### 3.4.3 Særleg verdifulle kulturmiljø og kulturminne (omsynssone, klasse A)

I klasse A finn me i hovudsak kulturmiljø med særleg høg verneverdi. I spesielle tilfelle er òg einskildbygg plasserte i denne klassa. Dei viktigaste kriteria er høg alder, autentisitet, eigenverdi eller miljøverdi. Det er svært viktig at desse kulturminna blir bevarte for ettertida. Kulturmiljø i klasse A er sikra med omsynssone H570 c)

For omtale av A-områda, sjå vedlegg 2. Kart (digitalisert), vedlegg 4.

### 3.4.4. Verneverdige kulturminne og kulturmiljø ( listeførte, klasse B)

Klasse B omfattar kulturmiljø eller einskildobjekt med høg lokal verneverdi, men som ikkje er formelt verna. Kulturminna har stor samfunnsverdi og er ein verdifull del av omgivnadane. Lokalt særprega bygningstypar som jordkjellarar, eldhus, stabbur og ålfjordnaust er automatisk klassifisert som B, også der dei ikkje ligg i eit heilskapleg miljø.

Liste over kulturminne i klasse B ligg som vedlegg 3.

### 3.4.6 Registrerte kulturminne (C – D)

Kulturmiljø eller einskildobjekt kan bli vurdert å tilhøyra verneklasse C fordi det originale miljøet eller bygningane er mykje endra, det er lite originale bygningsdetaljar igjen, bygningar er i dårleg stand eller forfalne. Men også steingardar og ruinar som har stor lokal verdi, men ikkje er del av eit heilskapleg miljø i klasse A eller B, er i denne klassa. C er ein «restkategori» som omfattar størstedelen av dei registrerte kulturminna, og som ikkje har eit formelt vern. Klasse D omfattar bygningar som er Sefrak-registrerte, men som er så ombygde og moderniserte, ute av opphavleg samanheng eller det er så lite att av dei, at dei ikkje har verneverdi som kulturminne.

Alle registrerte kulturminne i Sveio ligg inne i eit lokalt register som kommunen har tilgang til. Etter kvart vil desse bli kartfesta og ein oversikt vil bli gjort tilgjengeleg for publikum. Registeret vil bli oppdatert fortløpande etter kvart som ein får kjennskap til tidlegare uregistrerte kulturminne. Kulturminne i klasse C har ingen formell vernestatus og er ikkje høgt prioriterte i kommunen sin forvaltning av kulturminne. Mange av dei vil likevel ha ein lokal verneverdi, og kommunen vil så langt det er mogleg støtta opp under private initiativ for å ta vare på dei. Det er eit mål at tapet av også desse kulturminna skal vera så lågt som mogleg, og Sveio kommune vil stimulera til løysingar der ein unngår å fjerna eller øydelegga kulturminne.



*Ikkje alt kan få eit formelt vern: Mange kulturminne er registrerte i klasse C og såleis ikkje formelt verna. Likevel vil dei ofte ha ein lokal verneverdi. Klopp og gangopning i steingard, Eltravåg.*

## Del 4 Forvaltning av kulturminne

### 4.1 Plangrunnlag

#### 4.1.1 Lover

Følgjande lover er styrande for kulturminne:

LOV 1978-06-09 nr 50: Lov om kulturminner (kulturminnelova)

LOV 2007-06-29 nr 89: Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)

LOV 2008-06-27 nr 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

### **Kulturminnelova**

Kulturminnelova blir forvalta av Riksantikvaren på nasjonalt nivå, og av fylkeskommunar, Sameting, arkeologiske landsdelsmuseum og sjøfartsmuseum på regionalt nivå. Det finst egne forskrifter som gjer greie for ansvar og mynde for kvar av desse instansane. Alle kulturminne som er eldre enn 1537, og ståande byggverk frå før 1650, er automatisk freda gjennom kulturminnelova. Nyare kulturminne kan fredast gjennom einskildvedtak. På landsbasis er berre i overkant av 1 prosent av alle bygningar frå før 1900 freda gjennom einskildvedtak.

### **Plan- og bygningslova**

Kommunane har ansvar for den lokale kulturminneforvaltninga gjennom handheving av Plan- og bygningslova (Pbl), § 20-1. Svært mange kulturminne er ikkje beskytta av kulturminnelova, og må takast hand om lokalt, mellom anna ved hjelp av Plan- og bygningslova. Gjennom denne lova kan kommunane bidra til å gje spesielt verdifulle kulturminne særleg vern. Det viktigaste verkemiddelet her er omsynssoner for kulturminne (H570 c)), med egne retningsliner.

### **Kulturlova**

Etter kulturlova har offentlege styresmakter eit ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Dette inkluderer å verna om, fremja innsikt i og vidareføra kulturarv.

### **Naturmangfaldlova**

Omsynet til kulturmiljøverdiar i verneområde er ivaretatt gjennom egne føresegner i naturmangfaldlova. Ulike naturtypar har ofte samanheng med måten menneske har brukt dei gjennom tidene, og kan såleis ha kulturhistorisk verdi. Naturområde kan òg fredast etter kulturminnelova dersom naturmangfaldet har samanheng med kulturmiljøet. Verneforskrifter om naturreservat kan ha føresegner om vern av kulturminne.

### **Andre aktuelle lover og forskrifter**

Forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd (gravplassforskriften)

Forskrift om forvaltning av kulturhistorisk verdifulle kirker (kirkebyggforskriften)

## **4.1.2 Planar**

### **Nasjonale planar som omfattar kulturminnevern:**

Meld.St.16 (2019-2020) Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, bærekraft og mangfold. Klima- og miljødepartementet

### **Riksantikvarens strategiar:**

Riksantikvarens strategi for arbeid med kulturarv i kommunene 2019-2022

Riksantikvarens bevaringsstrategier (under arbeid)

**Regionale planar og rapportar:**

Regional plan for museum 2011 - 2015

Fylkesdelplan for kulturminne «Kultur viser veg» 2005 – 2010. Hordaland fylkeskommune.

Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025)

Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet (2004).

Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Fylkesdelplan 2008 – 2012

Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016 – 2020

Regionale planar og strategiar gjeld i det geografiske området dei er vedteke i fram til ny regional plan for kultur i Vestland er vedteken. Det er vedteke planprogram for ny regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023–2035.

**Lokale planar:**

Kommuneplan for Sveio 2011 – 2023

Kulturplan for Sveio kommune 2011 – 2016

Plan for idrett og fysisk aktivitet

Temaplan for Den kulturelle skulesekken

Verneplan for gravplassane i Sveio kommune (2022)

#### 4.1.3 Kategoriar og forvaltningsnivå

##### Arkeologiske kulturminne

Riksantikvaren er øvste faglege styresmakt for forvaltninga av arkeologiske kulturminne og kulturmiljø, og forvaltar desse i medhald av kulturminnelova av 1978, nr 50. Riksantikvaren har mellom anna som mål for forvaltninga at den skal styrke allmennheita si interesse og ansvarskjensle for dei arkeologiske kulturminna og kulturmiljøa. Ein del av ansvaret er delegert til fylkeskommunane. I samband med regionreforma har fylkeskommunane teke over forvaltningsansvaret for dei fleste arkeologiske kulturminna som er freda. Desse kulturminna er markerte med omsynssone H730 d). Nokre område der fleire arkeologiske kulturminne ligg samla er i tillegg omfatta av ei omsynssone H570\_c) for kulturmiljø i planen.

##### Freda kulturminne:

- Alle faste arkeologiske kulturminne, kjente og ukjente, som er frå tida før 1537 (reformasjonen), samt samiske kulturminne eldre enn 100 år, er automatisk freda i medhald av lov om kulturminne av 1978, nr 50 (kml) §§ 3 og 4.
- Båtar, skipsskrog, last m. m. som er eldre enn 100 år, har eit tilsvarande vern gjennom kml § 14.

- Lause kulturminne frå før 1537, eller eldre enn 100 år, er statens eigedom i medhald av kml § 12, med mindre det finst ein annan eigar. Finner eller grunneigar har ikkje eigedomsrett til slike kulturminne.
- Etterreformatoriske kulturminne kan bli vedtaksfreda med heimel i kml §§ 15 eller 19.

### **Nyare tids kulturminne**

Fylkeskommunen har eit overordna ansvar innan omsyn til nyare tids kulturmiljø. Vestland fylkeskommune er delegert mynde både for automatisk freda kulturminne og kulturminne av nasjonal verdi. Den daglege forvaltninga er delegert til kommunane. Målet for kulturminnevernet er at omsyn til dei ulike kulturminneverdiane på best måte skal sikrast gjennom lokal og regional arealplanlegging og skal utgjere eit viktig grunnlag for verdiskaping og næringsutvikling. Dei kommunale kulturmiljøplanane er del av kommunane sitt arbeid for å ta ansvar for nyare tids kulturminne i eigen kommune.

Riksantikvaren kan freda nyare tids kulturminne og kulturmiljø etter eige vedtak, eller etter forskrift, til dømes i samband med sektorvise verneplanar.

Frå 2020 har fylkeskommunane teke over forvaltningsansvaret frå Riksantikvaren for:

- ein større andel av dei statleg eigde bygningane og anlegga som er freda
- dei fleste arkeologiske kulturminna som er freda
- freda og verna fartøy
- fleire teknisk-industrielle kulturminne
- ikkje-kyrkjelege mellomalderbygg

### **Forvaltning av freda og listeførte kyrkjer**

Forvaltning av kyrkjene er underlagt kyrkjelova, men kan vera freda eller listeførte av Riksantikvaren. Alle kyrkjer oppført før 1650 er automatisk freda. Kyrkjegardar og gravminne eldre enn 1537 er òg automatisk freda. Alle kyrkjer bygde mellom 1650 og 1850 er listeført. Ei rekkje kyrkjer bygde etter 1850 er òg listeført. Saker som gjeld endringar i og ved listeførte kyrkjer skal sendast til Riksantikvaren for uttale før biskopen fattar vedtak etter kyrkjelova. Endringar som gjeld området rundt kyrkjer – planarbeid eller tiltak innanfor 60-meterssona - skal behandlast av fylkeskommunen. I Sveio er det berre Sveio kyrkje som er listeført av Riksantikvaren.

## **4.2 Kriterium for, og forvaltning av, dei ulike verneklassane.**

Ulike verdier blir vektlagde avhengig av kva kulturminne eller kulturmiljø det er snakk om. Det er lagt vekt på å få eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø som dokumenterer breidda i historia. Eit breitt spekter av kriterium er lagde til grunn for verdisetjinga. Definisjonane av verneklassane (A – D, sjå under punkt 3.4) er utarbeidd lokalt, men byggjer på inndelingar brukt i andre kommunar. Det finst ikkje ein «nasjonal standard» for klassifisering.



*Originale detaljar som vindauge aukar kulturminneverdien og er ei viktig kjelde til kunnskap. Kvaliteten på gamle vindauge er oftast betre enn han kan sjå ut til ved første augekast.*

#### **4.2.1 Kriterium som ligg til grunn for verdivurderinga:**

Verdien til kulturminna – kulturminneverdien – er ikkje eit konstant tal. Kva som blir sett på som verd å ta vare på kan variera frå periode til periode, frå stad til stad og frå person til person. Likevel er målet med kulturminneplanen å ta stilling til nettopp dette. Gjennom verdisetjing av kulturminna skal me vurdere kor viktige dei ulike kulturminna er i dag og i framtida, kvifor dei er viktige og kva som gjer dei verd å ta vare på.

Ulike sett av verdiar og eigenskapar som kan knytast til kulturminnet, ligg til grunn for verdisetjinga. Kulturminneforvaltninga deler gjerne verdiane inn i tre overordna grupper: **Kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar**. Kunnskapsverdi seier noko om korleis kulturminnet er eigna til å vera ei kjelde til kunnskap om fortida og korleis det kan fortelja om t.d. byggjeskikk og historie. Opplevingsverdi er ein meir subjektiv kategori som er meir avhengig av kvar og ein sine erfaringar og preferansar. Opplevingsverdien er knytt til korleis kulturminna påverkar oss som menneske. Symbolverdi, identitet og nostalgi er viktige stikkord her. Bruksverdi handlar om kulturminnet som ressurs til verdiskaping og vekst. Bygningar som er tekne godt vare på kan vera meir lønnsame å ta i bruk framfor å riva og byggja nytt. Skårar eit kulturminne høgt innanfor éin eller fleire av desse kategoriane, seier me at det har høg kulturminneverdi. Når ein skal avgjera kva for kulturminne som er viktigast, må dei ulike verdiane vektast. For å gjera dette har det vore nytta eit sett med kriterium. Dette skal sikra at vektinga er meir systematisk og mest mogleg objektiv.

#### **Kriteria som er nytta for å vurdere kulturminna i planen er:**

**Alder:** Høg alder er eit viktig kriterium, men ikkje åleine. I offentleg forvaltning skal kulturminne frå før 1850 ha ein særskild vurdering. I planen byggjer opplysningar om alder på ulike kjelder, som

SEFRAK-registeret, bygdebøkene, «Norges Bebyggelse» eller munnlege kjelder. Det er særleg viktig å sjå alder og autentisitet i samanheng. Høg score på desse kriteria gjev stor kunnskaps- og opplevingsverdi.

**Autentisitet:** Høg autentisitet vil seie at kulturminnet er lite eller ikkje endra. Omgrepet blir gjerne brukt i skildringa av eldre hus, og føreset ei viss mengd originalmateriale og detaljar. Autentisitet gjev stor kunnskaps- og opplevingsverdi.

**Identitet og symbol:** Kulturminne og kulturmiljø kan vera viktige som symbol eller identitetsberarar. Kulturminnet kan vera knytt til konkrete hendingar, personar, tradisjonar eller vera eit markant trekk i nærmiljøet, og slik få høg opplevings- og kunnskapsverdi.

**Representativitet og sjeldanheit:** Det er eit mål å sikre eit representativt utval av kulturminne, og i vår kulturminneplan skal kulturminna som fortel Sveio si historie løftast fram. Kulturminne kan vera verneverdige både fordi dei er sjeldne, og fordi dei er representative for ein stilart, periode, eit sosialt sjikt eller ein funksjon. At eit kulturminne er representativt eller typisk for vårt område er med på å trekkja opp både kunnskaps- og opplevingsverdien.

**Samanheng, heilskap og miljø:** Å ta vare på samanhengen mellom kulturminne, og mellom kulturminne og naturgrunnlaget, gir meir kunnskap, forståing og oppleving enn vern av einskildelement. Dette gjeld ikkje minst for kulturminne knytt til jordbruk og sjøbruk. Einskildelement i eit kulturmiljø som ikkje har høg kulturminneverdi i seg sjølv, kan ha verdi som del av ein heilskap.

**Arkitektonisk, kunstnarisk og handverksmessig kvalitet** gjev kulturminnet verdi. Hagar og grøntareal kan understreke det arkitektoniske uttrykket og forsterke verneverdien til ein bygning.

**Samfunns- eller sosialhistorisk verdi** kan brukast om bygningar og anlegg for offentlege institusjonar, næringsbygg eller forsamlingslokale.

**Fysisk tilstand og vedlikehald:** Er kulturminnet i ein slik tilstand at det kan bevarast? Der ein kan velja mellom likeverdige objekt, er det rimeleg å velja det som er best bevart.

#### **4.2.2 Forvaltninga av kulturminne i verneklassane A – D:**

Generelt er prinsippet om vern gjennom bruk lagt til grunn. Ved tiltak i verna og verneverdige kulturmiljø bør ein kontakta kommunen i god tid for å ha ein dialog gjennom heile prosessen. Det er viktig å merka seg at riving alltid er søknadspliktig, også der det ikkje er snakk om verna eller verneverdige kulturminne. Ved tiltak av eit visst omfang skal det gjerast ein individuell vurdering av i kva grad tiltaket påverkar kulturminne- og kulturmiljøverdiar, også for kulturminne som ikkje er formelt verna.

#### **Forvaltning av klasse A: Kulturmiljø og kulturminne av særleg høg verdi**

Blir lagt som omsynssone i kommuneplanen etter Pbl § 11-9. Det er utarbeidd egne retningslinjer for omsynssone c) (sjå punkt 4.3) i tillegg til det som ligg i Plan- og bygningslova. Hovudprinsipp for vedlikehald av bygningar i verneklasse A er å ta vare på dei opphavlege eller gamle bygningselementa og detaljane, og å skifte ut så lite som mogleg. Ved endringar i miljøet, eller utvendig oppussing, restaurering og større vedlikehald av bygningar, skal ein kontakta kommunen og nytta fagkompetanse til rettleiing. Einskildeobjekt med lågare klasse, som ligg i omsynssona, blir vurderte ut frå den verdien dei har for omgivnadane. Alle saker skal sendast på høyring til fylkeskommunen.

A-objekt vil bli prioriterte ved tildeling av tilskotsmidlar.

#### **Forvaltning av klasse B: Verneverdige kulturminne (listeførte)**

Kulturminne og kulturmiljø som har kulturminneverdi, men som ikkje ligg i omsynssone, er førte på ei eiga liste og vil bli merka av i kart. Hovudprinsippet for vedlikehald av bygningar i klasse B er som for verneklasse A. Ved søknadspliktige tiltak skal kommunen kontaktast og det skal vurderast kva verknad tiltaket har på kulturmiljøverdiane. Eigargar blir oppfordra til å nytta fagkompetanse til rettleiing. For bygningar frå før 1850 må saka sendast på høyring til fylkeskommunen.

#### **C: Registrerte kulturminne**

Forvaltning: Kulturminne i klasse C skal vurderast lokalt i kvart einskild tilfelle. Kulturminne i klasse C kan òg ha verneverdi og bør takast omsyn til der det er mogleg. Det er eit overordna mål at kulturminne ikkje skal fjernast, men det kan gjevast rivingsløyve etter særskild vurdering. For bygningar frå før 1850 må saka sendast på høyring til fylkeskommunen.

#### **D: Låg/ingen verneverdi**

Forvaltning: Desse blir handterte etter plan- og bygningslova på linje med andre bygg. For bygningar frå før 1850 vil ein likevel måtta senda saka på høyring til fylkeskommunen, men med lokal tilråding i samsvar med klassering i planen.

### **4.3 Verkemiddel for vern av kulturmiljø**

#### **Omsynssoner for kulturmiljø etter Plan- og bygningslova**

Forvaltninga av objekt i klasse A med omsynssone for kulturminne og kulturmiljø. Pbl § 11-8, c har desse generelle retningslinene for slike omsynssoner:

*Til hensynssone skal det i nødvendig utstrekning angis hvilke bestemmelser og retningslinjer som gjelder eller skal gjelde i medhold av loven eller andre lover for å ivareta det hensynet sonen viser.*

*Det kan fastsettes følgende hensynssoner:*

- c. *Sone med særlig hensyn til landbruk, reindrift, mineralressurser, friluftsliv, grønnstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø, med angivelse av interesse.*

*For randsonen til nasjonalparker og landskapsvernområder kan det, samtidig med fastsetting av verneforskrift for nytt verneområde eller revisjon av verneforskrift eller forvaltningsplan for etablerte verneområder, fastsettes bestemmelser for å hindre vesentlig forringelse av verneverdiene i verneområdet.*

*Det kan gis retningslinjer om begrensninger av virksomhet og vilkår for tiltak for å ivareta interessen i sonen.*

*Det kan gis retningslinjer om hvilke hensyn som skal vektlegges ved praktisering av annen lovgivning så langt kommunen er tillagt myndighet etter vedkommende lov.*

Det er utarbeidd retningslinjer til omsynssone H570 c for kulturmiljø, og for omsynssone for kulturlandskap H550. Andre verkemiddel er omtala i handlingsplanen.

#### **Retningslinjer til omsynssone H570 c (pbl § 11-8c)**

I.1 Omsynssonene gjeld for alle typar tiltak.

- I.2 Ved utarbeiding av reguleringsplanar og gjennomføring av tiltak på enkeltobjekt eller område innanfor omsynssone kulturmiljø skal kulturhistoriske og antikvariske verdiar takast vare på, og sikrast varig vern gjennom reguleringsvedtak. Saker som gjeld tiltak i omsynssone skal sendast Vestland fylkeskommune for vurdering av kulturmiljøinteresser, med kommunen si tilråding. Det kan gjerast unnatak for mindre tiltak som kommunen vurderer til ikkje å ha innverknad på kulturmiljøet. Uttalen skal tilleggjast vekt i den vidare handsaminga, og normalt takast til følge.
- I.3 Kulturminne og kulturmiljø skal vera ein integrert del av planlegging og søknad om tiltak. I all arealplanlegging skal kulturminnemiljø dokumenterast, og det skal visast til korleis ein har søkt å ivareta dette gjennom planforslag og plantiltak
- I.4 Verneverdige einskildbygningar, kulturmiljø og andre kulturminne skal i størst mogleg grad takast vare på som bruksressurs og verta sett i stand. Byggverk, kulturlandskap og kulturmiljø skal sjåast i samheng med historisk kontekst, utviklingstrekk og omgjevnadar. Eventuelle nye bygningar skal underordnast og tilpassast det eksisterande kulturmiljøet. Tiltak skal prosjekterast og utførast slik at dei har gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i relasjon til kulturmiljø og naturlege omgjevnadar.
- I.5 Eksisterande bygningar og byggverk vert normalt ikkje tillate rivne. Søknad om større tiltak, som til dømes riving, kan løysa ut plankrav, jf. plan- og bygningslova § 12-1.
- I.6 Hovudprinsipp for vedlikehald av bygningar i omsynssone for kulturminne er å ta vare på dei opphavlege bygningselementa, og å skifte ut så lite som mogleg. Det skal leggjast særleg vekt på å oppretthalde karakteren og særtrekka til bygget. Form og volum, proporsjonar, material- og fargebruk skal bevarast. Ved istandsetjing av verneverdige bygningar skal opphavleg eller eldre eksteriørmessige detaljar som panel, listverk, vindauge, dører og taktekking brukast om att og i størst mogleg grad reparerast, framfor å verte skifta ut. Ved usemje eller tvil om verneverdi og/eller tilstand skal det innhentast uttale frå regional kulturminneforvalting eller antikvarisk sakkunnig, etter avtale med kommunal kulturminneforvalting.
- I.7 Gjenreising av bygningar på gamle murar/ruinar kan godkjennast dersom det fremjar særpreget til kulturmiljøet. Kommunen kan i særlege tilfelle, av omsyn til kulturlandskap eller kulturmiljø, likevel nekte slik gjenreising.
- I.8 Enkeltobjekt med lågare verneklasse, som ligg innanfor omsynssonene, blir vurdert ut frå verdien dei har i kulturmiljøet som heilskap. Ved brannskade og naturskade kan erstatningsbygg førast opp att. Desse skal tilpassast det eksisterande kulturmiljøet.
- I.9 Graving, fylling eller planering som øydelegg steingardar, rydningsrøyser, bakkemurar, vegfar, steinsette bekkefar og liknande landskapselement er ikkje tillate.

### **Retningslinjer til omsynssone c) H550 – sone med særleg omsyn til vern av kulturlandskap**

I omsynssone c) kulturlandskap, og i LNF-område med kulturminneinteresser skal alle tiltak lokalisast og utformast slik at karakteren til eksisterande bygningar og landskap vert oppretthalden.

- 1.1 Nye hus tilknytt drift av landbruksområde skal som hovudregel plasserast i tilknytning til eksisterande gardstun, utformast i tråd med lokal byggeskikk og ha gode visuelle kvalitetar.
- 1.2 Karakteristiske trekk i kulturlandskapet, som topografi, trekker, vegfar, bruer, landskapsrom, vegetasjon, steingardar og liknande skal takast vare på. Graving, fylling eller planering som øydelegg steingardar, rydningsrøyser, bakkemurar, vegfar, steinsette bekkefar og liknande landskapselement er ikkje tillate.

### **Omsynssone H730 d)**

H730 d) syner automatisk freda (arkeologiske) kulturminne. Funnstader som er frigjevne er ikkje vist med omsynssone. Kulturminne i omsynssone d) er freda etter kulturminnelova og skal forvaltast etter føresegnene i denne lova, i tillegg til Plan- og bygningslova.

## **Del 5 Strategiar og handlingsplan**

Det er eit overordna mål for kulturmiljøforvaltninga i Sveio at kulturminne og miljøverdiar skal takast vare på og brukast som ein ressurs i utviklinga av kommunen. Kulturmiljøplanen er eit viktig kunnskapsgrunnlag for at ein skal kunna oppnå dette. Vern og bruk av kulturmiljø skal vera ein integreert del av planlegginga og skje i dialog med innbyggjarar og eigarar.

### **5.1 Innsats overfor eigarar av kulturminne**

Dei fleste kulturminna i Sveio er i privat eige. Eit godt samarbeid med eigarane er ein føresetnad for ein god kulturminneforvaltning. Kommunen kan leggja rammene gjennom planverk og forvaltning av lover og retningsliner, men i siste instans er det eigaren sin vilje og evne til å bevara som er avgjerande. Det finst mange døme på at også verna og freda kulturminne går tapt som følgje av forfall eller manglande kunnskap. I mange tilfelle kan ein vanskeleg klandra eigarane for dette – den offentlege støtta til vern av kulturminne dekkjer ikkje på langt nær behovet, og dette gjeld ikkje minst for område som i lang tid har vore forsømt, til dømes for kulturminne langs kysten.

Men økonomiske verkemiddel er berre eitt av fleire nødvendige tiltak for ein god forvaltning av kulturminne. Kunnskap og kompetanse er òg avgjerande. Dette gjeld både i forvaltninga, hos eigarane og hos handverkarar. Om eigaren ønskjer å ta vare på kulturminnet sitt, og har økonomi til det, er det likevel ikkje sjølvstøtt at ein får tak i handverkarar som har kompetanse til å gjera eit antikvarisk forsvarleg arbeid. Dei regionale musea og bygningsvernsentra kan bidra med rådgjeving, men har avgrensa kapasitet til å utføra arbeidet. Det blir arbeidd målretta i regionen for å styrka rådgjevingstenesta.

Det er viktig at eigarane får god informasjon om kva det inneber å eiga eit verna eller verneverdig kulturminne. Kulturminneplanen har vore med på å gjera vilkåra meir føreseielege for eigarane. Ein plan gjev eigarane høve til å setja seg inn i verdiar som finst på deira eigedom når dei planlegg tiltak. Kommunen har plikt til å gjera relevant informasjon lett tilgjengeleg, og informerer om planarbeidet både gjennom offentlege kunngjeringar og ved å ta direkte kontakt med eigarar der det er mogleg.

#### **5.1.1 Forvaltningskompetanse og rådgjeving**

Ein liten kommune som Sveio har ikkje ressursar til å driva omfattande rådgjeving og formidling. Men gjennom kompetansehevingsprogrammet KIK (Kulturminnekompetanse i kommunen) har kommunane høve til å tileigna seg meir kompetanse på området. Kommunane i Sunnhordland samarbeider om felles kompetanseheving og ser på moglegheita for å etablera eit kompetansesenter for kulturmiljø og bygningsvern i regionen. Arbeidet med kulturmiljøplanen har òg vore med på å heva både lokalkunnskapen og forvaltningskompetansen i kommunen. Utgjevinga av planen i bokform i 2016 er del av arbeidet med å formidla denne kunnskapen til innbyggjarane.

I tillegg har kommunen høve til å visa eigarar av viktige kulturminne vidare til bygningsverntenesta i fylkeskommunen, som mellom anna omfattar den regionale bygningsvernkonsulenten. Bygningsverntenesta har som føremål å drive operativt og oppsøkjande bygningsvern i offentleg regi og kan bidra med rådgjeving, utarbeiding av tilstandsrapport, vurdering i samband med søknad om midlar med meir.

Eit aktuelt tiltak kan vera å utarbeida ei samling av gode døme på bygningsvern i regionen. Andre tiltak kan vera temamøte og praktiske kurs for handverkarar og huseigarar – til dømes i restaurering av vindauge, tørrmuring og legging av helletak.

### **5.1.2 Økonomiske verkemiddel**

Det finst ei rekkje offentlege og private støtteordningar som skal hjelpa eigarar av kulturminne til å ta vare på dei verdiane dei forvaltar. Stortinget set kvart år av midlar til vern av kulturmiljø over ulike postar i statsbudsjettet. Ein del av ressursane blir fordelte til fylkeskommunane via rammetilskottet. Freda bygningar og anlegg er prioriterte gjennom eigne ordningar. Riksantikvaren fordeler midlar til fylkeskommunane, som fordeler vidare etter søknad. Fylkeskommunen har òg ei rekkje tilskotsordningar til kulturvern. Det er òg mogleg å søkje Norsk kulturminnefond om tilskott. Fleire private stiftingar og fond støttar òg kulturverntiltak.

I Sveio har ei rekkje eigarar dei siste åra fått tilskott gjennom ordninga «Verna kulturminne i Vestland». Kommunen handsamar dei lokale søknadane og får tilskott frå fylkeskommunen. Frå 2023 er det sett av ein lokal pott til forsterking av ordninga. Her er det eit krav at kulturminna det blir søkt tilskott til er prioriterte med omsynssone i kulturminneplanen. Sveio kommune har tidlegare gjeve fritak frå eigedomsskatt for eigarar av lokalt verna bygg i klasse A, men eigedomsskatten er avvikla frå 2023.

Mange søker òg tilskott frå Kulturminnefondet, som er den største aktøren på området. Også her blir kulturminne som er med i lokale planar prioriterte. I tillegg kan eigarar av landbrukseigedomar søka tilskott frå SMIL-midlane (Spesielle miljøtiltak i landbruket), som er løyvt over jordbruksavtalen og blir forvalta av kommunane.

Som regel er det ein føresetnad for tilskott at eigar bidrar med eigenkapital/eigeninnsats, eller at tiltaket blir gjennomført i samvirke med fleire finansieringskjelder. Lokale kulturminneplanar vil vera førande for prioriteringane til tilskottsytarar på alle nivå. Ofte vil det vera lettare å få tilskott dersom kulturminnet eller kulturmiljøet er sikra juridisk vern gjennom bindande arealplanar. Det finst òg ordningar med gunstige lån for eigarar av kulturminne av høg verdi.

### **5.1.3 Tiltak knytt til klimaendringar**

Klimaendringane gjer det stadig meir utfordrande å ta vare på kulturmiljø. Det er mykje me enno ikkje veit om konsekvensane og kva tiltak som blir nødvendige i åra framover. Riksantikvaren har utarbeidd ein eigen klimastrategi for å sikra ein styrka, samordna og tydeleg forvaltningspraksis på tvers av forvaltningsnivå og mellom aktørar. Lokalt er særleg sjøbruksbygningar utsette for klimapåverknad. Mange av desse er i utgangspunktet i dårleg stand fordi dei ikkje lenger er i bruk. I

åra som kjem vil difor vern av desse bygningane ha eit særleg fokus i Sveio og det er sett i gong ei større regional satsing i Sunnhordland.

Godt vedlikehald og skjøtsel er grunnleggjande om ein skal kunna ta vare på kulturhistoriske verdier. Dette er oftast òg det mest økonomiske tiltaket fordi det kostar meir å reparera i etterkant enn å førebygga skader. Riksantikvaren har òg utarbeidd ein rettleiar for risikovurdering og planlegging av risikoreduserande tiltak for kulturmiljø i eit klima i endring, med seks hovudpunkt:

- Godt vedlikehald og skjøtsel
- Risikoreduserande tiltak
- Utbetring av skader
- Gjennomføre risiko- og sårbarheitsanalyse
- Sikra dokumentasjon ved fare for tap
- Beredskap og klimatilpassing

Rettleiinga finn du her: [Tiltak og praksis for å hindre tap og skade - Riksantikvaren](#)

#### **5.1.5 Gjenbruk, ombruk og klimagassutslepp**

Berekraftig bruk og utvikling av kulturmiljø er ein ressurs i samfunnsutviklinga. Ombruk og gjenbruk av eksisterande bygningar – både gamle og ikkje fullt så gamle – er et viktig ledd i arbeidet med å få ned klimagassutsleppa raskt. I avvegingar mellom riving og nybygging eller restaurering av gamle bygg bør det brukast heilskaplege og samanliknbare klimagassberekningar som femnar om heile byggeprosessen og bygningens livsløp. Verneverdige bygg kan bruke mindre energi og føre til mindre klimagassutslepp gjennom energieffektiviseringstiltak. Tiltaka må vera tilpassa bygningens verneverdi og tolegrense.

Der det ikkje er mogleg å ta vare på bygningane slik dei står bør antikvariske bygningsdeler takast vare på og brukast i andre samanhengar. Det er behov for lokale eller regionale tiltak for omsetnad av slike bygningsdeler. Faglege tilrådingar frå Riksantikvarens klimastrategi for kulturmiljøforvaltning ligg til grunn for forvaltninga av kulturmiljø mot klimaendringane.

Informasjon om klimagassutslepp og energieffektivisering kan ein finna her: [Reduksjon av klimagassutslepp - Riksantikvaren](#)

#### **5.1.6 Kulturmiljø som ressurs i utviklinga av lokalsamfunn**

Bevaring og utvikling av lokal eigenart og kulturmiljø er gode grep i stadutviklinga. Attraktive kulturmiljø spelar ofte ei rolle for kor folk ynskjer å bu og opphalda seg. Ei studie utarbeidd for Riksantikvaren i 2017 syner til dømes at det mange stader er høgare vilje til å betala for verna bygningar enn tilsvarande ikkje verna, og at det er meir attraktivt å busetja seg i historiske kulturmiljø enn i andre område.

Mange bygningar går ut av bruk fordi den opphavlege funksjonen har opphøyr. Då kan vidare bevaring vera avhengig av at ein finn nye måtar å bruka bygningen på. Med tilpassingar gjort på

kulturminnet sine premiss kan gamle bygningar bli funksjonelle og attraktive for ny bruk. Store sjøhus og saltebuer er døme på bygningar med store bygningsvolum som kan vera vanskelege å ta vare på om dei ikkje er i bruk, men som ofte har attraktiv plassering og stort potensiale for å brukast på nye måtar. Kommunane i Sunnhordland samarbeider om ei satsing der hovudmålet er å kombinera vern og ny bruk av sjøbruksbygningar i regionen.

Utbygging og fortetting legg press på mange kulturmiljø, og dei samanhengande historiske miljøa sin eigenart blir ofte truga av dårleg tilpassa tiltak som kan øydelegge både lesbarheit og opplevingsverdiar. Samtidig er fortetting og utbygging av sentrale område naudsynt som klimatiltak. Det er eit viktig ansvar for forvaltninga å balansera ulike omsyn og finna tilpassa løysingar for kvart einskild miljø. Med god lokalkunnskap ein kan finne ut kva løysingar som passar og bidrar til å skapa varierte og særmerkte stader.

I Sveio har det over mange år blitt satsa på tilrettelegging av turstiar og skilting av kulturminne. Kombinasjonen av friluftsliv og formidling av kulturarv gjev turen ein ekstra dimensjon. Både opplevinga av dei fysiske spora av historia, og sjølve turen, er viktige bidrag til folkehelsa.

#### **5.1.7 Kulturmiljø i nærings- og reiselivsutvikling**

Kulturelle opplevingar blir stadig viktigare for turistar, og tal frå Innovasjon Norge viser og at kulturturistar har eit høgare døgnforbruk enn andre turistar. Kulturmiljø kan både vera ein ressurs for reiselivet, gje grunnlag for opplevingar i nærområdet og resultera i at kulturminne blir sett i betre stand og bevart gjennom ny bruk. I Sveio er det særleg Førde og Valestrand som har slikt potensiale, i tillegg til Ryvarden som er etablert som eit kulturelt fyrtårn der både materiell og immateriell kulturarv blir brukt og formidla. Kulturminne knytt til turstiar er òg populære besøksmål.

Andre verdskrig har satt djupe spor, særleg langs kysten. Mange turistar ønsker å besøka kulturminne etter krigshistoria for å læra meir. I Sveio har me to kystfort som er lett tilgjengelege, men lite tilrettelagde for dei som søker kunnskap og oppleving. Her er det mogleg å kopla oppleving, formidling, kunnskapsbygging og reiseliv ved eit felles løft.

All reiselivsutvikling bør følga FN sine prinsipp for berekraft. Dette inneber mellom anna å respektera, vidareutvikla og framheva kulturarva i lokalsamfunnet, bevare og styrke livskvaliteten, og minimera naturøydelegging og forureining. Moderne masseturisme utfordrar desse prinsippa og må møtast med god kunnskapsbasert besøksforvaltning. Sveio kommune vil stimulera til at det blir utvikla gode reiselivsprodukt der kulturarv og kulturmiljø blir nytta som ressurs, men dette må heilt frå starten av gjerast på ein måte som ikkje øydelegg kvalitetar i lokalsamfunna og kulturminneverdiane i desse miljøa.

#### **5.1.8 Andre verkemiddel**

Generelt vil auka merksemd om kulturminne vera eit viktig verkemiddel i kulturminnevernet. Kulturminne er ein verdi for heile lokalmiljøet, og noko mange kjenner eigarskap til. Eit sterkt medvit om kva verdiar kulturminna representerer, og god allmenn kunnskap om eigen historie, vil i seg sjølv

vera eit vern mot mykje av det som kan vera trugsmål for kulturminne. Om ein held ståande bygningar utanfor, kan vern i mange tilfelle krevja lite anna enn at kulturminnet får liggja i fred.

## Råd om vern og restaurering av bygningar

**Restaurering** er tiltak for å setje i stand eit bygg eller ein gjenstand slik at det får tilbake opphavleg skapnad og utsjånad. Dette inneber at arbeidet blir utført etter ein antikvarisk plan, og gjennomført i størst mogleg grad med tradisjonelle material og tradisjonelt verktøy, av handverkarar som kjenner dei tradisjonelle handverkteknikkane. Ofte blir ordet feilaktig bli brukt om all slags vøling,

også den som inneber modernisering. Innan kulturminnevernet blir ordet brukt om reparasjonar med vekt på å følgje antikvariske prinsipp. Praktisk restaureringsarbeid vil likevel vere et kompromiss mellom det å gjenskape ein opphavleg utsjånad og det å gjere gjenstanden eller bygverket tenleg for framtidig bruk.

### Generelle prinsipp:

- Skift så lite som mogleg
- Bevar konstruksjonsmåtar
- Bruk god materialkvalitet
- Bruk høvla panel
- Behold originale vindaug og dører
- Bruk rett listverk
- Bruk tradisjonell takteking

Moglegheitene for å følgja desse prinsippa vil variere.



## 5.2 Informasjon og formidling

### Vern gjennom bruk

Bruk er ein føresetnad for vern av kulturminne. Det kan vera ei utfordring å ta vare på bygningar som har gått ut av bruk. I Sveio gjeld dette spesielt for landbruksbygg, som me har eit stort omfang av. Mange gamle våningshus blir godt tatt vare på som fritidsbustadar, der ein gjerne kan fire på krava til teknisk standard og komfort. For hus som skal nyttast til permanent bustad, stiller ein gjerne andre krav, men også her er det mogleg å finna løysingar som opnar for moderne komfort utan at det går ut over kulturminneverdien. Vern etter plan- og bygningslova omfattar først og fremst eksteriøret til bygningar, og er såleis ikkje til hinder for til dømes å leggja inn bad i huset. For å få gode antikvariske løysingar kan det likevel løna seg å nytta seg av fagleg rådgjeving.

Ny bruk av gamle landbruksbygg, og ny næring i gamle bygg i strandsona, har vore eit satsingsområde for mellom anna Fylkesmannen i Hordaland. Reiselivet er ei næring som har stor interesse av at kulturminne og kulturlandskap blir både verna og brukt. Det finst òg ei rekkje andre kreative døme på korleis til dømes gamle løer har fått ny bruk – storverket «Norges Låver» (2014) kan vera til inspirasjon i så måte.

Samstundes som det er eit mål å få til ny bruk av tomme bygg, kan det vera ei utfordring å finna løysingar som tar omsyn til både bruks- og vernekrav. Her må ein vera innstilt på å koma fram til kompromiss som i størst mogleg grad kjem begge sider i møte.

Gode råd om tilpassing til ny bruk finn ein mellom anna på nettstaden [www.byggogbevar.no](http://www.byggogbevar.no) og [www.eksempelsamling.ra.no](http://www.eksempelsamling.ra.no). Det er òg utarbeidd ei eksempelsamling som viser døme på ny bruk av sjøbruksbygningar i Sunnhordland.

### **Tilgjenge og formidling**

Andre døme på vern gjennom bruk er gamle vegfar, som i våre dagar kan gjera landskapet og historia tilgjengeleg ved å nyttast som turstiar. Mange har opplevd at ei hustuft eller ein stad det er knytt ei segn til, gjev turen det vesle ekstra både for små og store. Her er skilting eit viktig verkemiddel, både for å visa veg og for å fortelja historia. Mange typar kulturminne kan ein gå rett forbi utan å sjå dei dersom det ikkje er gjort ein jobb for å formidla historia gjennom skilt og informasjonstavler.

I Sveio er det sett opp kulturminneskilt etter fylkeskommunen sin standard ved fleire kulturminne, hovudsakleg i tilknytning til turstiar. Som oppfølging av handlingsplanen til kulturminneplanen frå 2015 er dette vidareført og det er sett opp fleire nye skilt i samarbeid med Vestland fylkeskommune. Skiltinga omfattar både arkeologiske og nyare tids kulturminne.

Nordsjøløypa mellom Buavåg og Ryvarden følgjer gamle ferdsløyper og formidlar kunnskap om kulturminne langs ruta.

Mange frivillige registrerer og formidlar lokal kulturarv på eige initiativ, dei driv skjøtsel og bidrar til kunnskapsauke og engasjement gjennom ulike typar arrangement og aktivitetar. Særskilt for mange kulturvernorganisasjonar er at dei har mange eldre, erfarne frivillige som sjølv er ei kjelde til kunnskap om kulturarven. Dei sit ofte på viktig kunnskap som bør sikrast og innlemmast i offentlege databasar.

### **Tilgjengeleg informasjon på nett**

Informasjon om kulturminne er tilgjengeleg gjennom fleire nettstader. [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no) gjev informasjon om freda og verna kulturminne. I tillegg er tenesta open for at publikum kan leggja inn kulturminne dei har kjennskap til. Etter kvart skal òg meir informasjon om kulturminne som er lokalt verna bli tilgjengeleg her.

Mange karttenester, til dømes <https://gardskart.nibio.no/> og [www.kommunekart.no](http://www.kommunekart.no) har kulturminne som karttema. Her kan ein velja å få oversikt over freda og verna kulturminne (som er registrert i Askeladden) og SEFRAK-registrerte kulturminne. Lokalt verna kulturminne vil bli gjort tilgjengelege etter kvart som dei blir lagt inn i Askeladden.

Det finst òg ei rekkje andre nettstader, i offentleg eller privat regi, med informasjon om kulturminne knytt til spesielle tema. Lokal informasjon og kunnskap blir delt i ulike Facebook-grupper. Sveio kommune har oppretta Facebook-gruppa «Kulturminne i Sveio» i samband med arbeidet med kulturminneplanen. Her blir deler av materialet frå planen lagt ut, og dette er ein god arena for kommunen til å vera i dialog med kulturminneinteresserte innbyggjarar.

**Nyttige nettsider:**

[www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no)

[www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)

[www.riksantikvaren.no](http://www.riksantikvaren.no)

[www.digitaltfortalt.no](http://www.digitaltfortalt.no)

[www.kulturpunkt.no](http://www.kulturpunkt.no)

[www.byggogbevar.no](http://www.byggogbevar.no)

## 5.3 Tiltak

### 5.3.1 Handlingsplan – vedlegg 5

Handlingsplanen gjev oversikt over tiltak det er behov for, eller ønske om, i oppfølginga av planen. Det er gjort synleg kva dette vil kosta, og kven som vil vera ansvarleg for tiltaket. Tiltak som krev ekstra ressursar, vil berre bli gjennomført dersom det blir sett av midlar til dei i budsjettet eller det blir henta inn eksterne midlar gjennom ulike tilskotsordningar. Ein del av tiltaka kan gjennomførast utan ekstra ressursar.

### 5.3.2 Rullering

Handlingsdelen skal reviderast annakvart år. Planen som heilskap skal rullerast i samband med rullering av kommuneplanen.

## 5.4 Konsekvensar

### Ressursar og økonomi

Utgangspunktet for planen er at ein ønskjer å forenkla forvaltninga av kulturminne ved å ha eit godt kunnskapsgrunnlag og klårt definerte retningsliner for det vidare arbeidet. Det etablerte kunnskapsgrunnlaget gjer handsaminga av sakene meir effektiv. Samstundes viser arbeidet med kulturminneplanen at talet på henvendingar frå innbyggjarane har auka i samband med at fleire kulturminne er verna etter Plan- og bygningslova, og at feltet generelt har fått større merksemd. Om ein skal nå måla sett i planen, må kommunen kunna gje eigarar av kulturminne god oppfølging, i form av både rådgjeving og økonomisk støtte. Dette er gjort nærare greie for under 5.1.3.

Etter at planen er vedtatt, vil det òg vera behov for vidare oppfølging av kulturminneregisteret. Ein del kulturminne og kulturmiljø er registrerte i Askeladden, men registeret må oppdaterast. Dette arbeidet kan gjerast innanfor eksisterande stillingsressursar, men vil då ta svært lang tid. Eventuelt vil det måtta setjast av eigne ressursar til dette.

Frå 2023 er det sett av kr 30 000 i budsjettet til forsterking av den fylkeskommunale tilskotsordninga til verna kulturminne. Sidan Vestland fylkeskommune har lite midlar til fordeling i fylket er det ønskeleg å styrka den kommunale potten i åra som kjem.

### Konsekvensar for eigarar

Område med kulturminne eller kulturmiljø av særleg høg verdi er markerte med omsynssone for kulturmiljø i planen. I omsynssonene skal nye tiltak vurderast ut frå kva påverknad dei har på kulturmiljøet. I dei fleste tilfella vil det vera mogleg å gjera tiltak som nybygg eller påbygg, men det vil bli stilt krav om at tiltaka blir utført på ein måte som ikkje har negativ innverknad på det samla kulturmiljøet. I særleg sårbare kulturmiljø kan slike tiltak bli avslått. Bygg med kulturhistorisk verdi bør i utgangspunktet ikkje rivast.

I perioden som har gått sidan den første kulturminneplanen blei vedteken i 2015 har ein fått større erfaring med å handsama saker som gjeld tiltak i privateigde kulturmiljø. Kommunen kan raskt svara eigarane på kva lovverk og retningsliner som gjeld for deira eigedom, og har fått betre kompetanse på å rettleia eigarane i korleis ein best tek vare på verneverdige bygg og kor ein kan søkja tilskot. Huseigarar i Sveio har òg i aukande grad nytta den regionale bygningsverntenesta.

Formalisert vern styrker tilgangen til tilskotsmidlar for dei mest verdifulle kulturminna. Sveio kommune har òg arrangert informasjonsmøte for eigarar av verna/verneverdige bygg, og har planar om kurs.

### **Utfordringar**

Eitt av måla med planarbeidet har vore å sikra eit sterkare vern for kulturminne som i dag har eit svakt juridisk vern. Kulturminne frå nyare tid har i mange tilfelle likevel eit for svakt vern. Erfaringa viser at også verna kulturminne kan gå tapt. Dei fleste kulturminne er privat eigde, og uansett vernestatus er det avgjerande at eigarar ønskjer og har høve til å ta vare på kulturminna dei eig. Den største utfordringa for kommunen er å leggja til rette for dette på ein god måte.

Sefrak-registeret (1992 – 97)

Askeladden.ra.no

Simon Steinsbø: Sveio gards- og ættesoge, b. I – III. Utgitt av Sveio kommune 1986 – 87.

Kulturhistorisk vegbok for Hordaland. Red. Nils Georg Brekke. Hordaland fylkeskommune 1993

Norges bebyggelse b. 16-17, Hordaland I-II. Forlaget Norske Gardsbruk P. M. Bye & Co. A.S, Oslo 1963

Verneverdige sjøbruksmiljø i Sveio kommune. Forprosjekt til kystsoneplan for Sunnhordland. Fylkeskonservatoren i Hordaland, 1989

Sigurd Tveit: Vandring i nærmiljøet (1989) og Bygdelangs (1995)

Byggjeskikken i Sunnhordland. Årbok for Sunnhordland museum 2012

Sigmund Salamonsen og Geir Haug: Eltravåg og Bua 1940 – 1945 (2012)

Magnus Skåden: Tittelsnes før i tio

Kristen Vestvik: I farne tider. Bygdeminne etter Kristen Vestvik

Sveio kystlag: Årsskrift (fleire årgangar)

Suhordland museums årbøker (fleire årgangar)

Alf Saltveit: Våre kulturminne b. 1 – 4 (2005)

Sverre Halleraker: Tilbake til røtene (2012)

Kyrkja i Sveio – nettsida

Kystfolk – utgitt av Sveio kystlag i 2010

Eva Røyrane og Oddleiv Apneseth: Norges Låver (2014)

Ernst Arne Sælevik: Trefartøy bygde ved Ålfjorden, Bjoafjorden, Ølensfjorden og på Romsa frå 1806 til 2018 (2019)

Verneplan for gravplassane i Sveio kommune (2022)

**Desse laga deltok i kulturminneregistreringa 2012 - 2015:**

*Valestrand natur- og kulturminnelag/Valestrand bygdelag, Sveio kystlag, Kystlandskapsparken, Sveio bygdekvinnelag, Våga og omegn grendelag, Sveio gullforening og Førde bygdelag. Ein stor takk til alle som har bidratt!*

*Dei bileta i planen som ikkje er merkte med fotograf, er tatt i samband med Sveio kommune sitt arbeid, anten av Sveio kommune eller registratorar gjennom frivillige organisasjonar.*

Høyringsutkast